




VINDAFJORD KOMMUNE

VITAL OG SENTRAL



Budsjett 2019 Økonomiplan 2019—2022

Vedteke i Kommunestyret 18. desember 2018, sak 083/18



Innhold

1.	INNLEIING.....	4
2.	FØRESETNADER	6
2.1	Statsbudsjettet.....	6
2.2	Overordna planverk.....	11
2.3	Folketalsutvikling.....	12
2.4	Økonomiske nøkkeltal.....	15
2.5	Hovudoversikt drift	21
2.6	Hovudoversikt investering	22
2.7	Andre innsatsfaktorar	23
3.	VISJON, OVERORDNA MÅL OG RESULTATMÅL	24
3.1	Visjon	24
3.2	Overordna mål	24
3.3	Resultatmål	24
4.	SATSINGSOMRÅDE OG STRATEGIAR	27
4.1	Samfunnsutvikling	27
4.1.1	Attraktivitet og busetnad	27
4.1.2	Berekraftig arealforvaltning	30
4.1.3	Folkehelse.....	31
4.1.4	Oppvekst.....	31
4.1.5	Klima, energi og miljø.	32
4.2	Tenesteutvikling	33
4.2.1	Busetjing av flyktninger og integrering	33
4.2.2	Bustadsosial handlingsplan	34
4.2.3	Rusmiddelpolitisk handlingsplan for førebyggingsarbeidet	35
4.2.4	Velferdsteknologi	36
4.2.5	Kvardagsrehabilitering og førebyggjing	37
4.3	Organisasjonsutvikling.....	38
4.3.1	Økonomi, styring og service	38
4.3.2	Tverrfagleg samhandling og innovasjon	40
4.3.3	Rekruttera og behalda kompetanse	41
4.3.4	Samfunnstryggleik og beredskap	42
5.	INVESTERINGAR	44
5.1	Administrasjon og fellesdrift.....	45
5.2	Oppvekst og kultur	45
5.3	Helse og omsorg.....	46

5.4 Forvaltning, drift og utvikling.....	47
5.5 Kyrkja.....	48
5.6 VAR området	49
6. DRIFT OG NYE TILTAK INNAN RAMMEOMRÅDA	50
6.1 Rammeområde Administrasjon og fellesdrift	52
6.1.1 Felles for rammeområde Administrasjon og fellesdrift	52
6.1.2 Politisk styring	53
6.1.3 Administrasjon og fellesdrift.....	53
6.1.4 Kyrkja og andre trussamfunn	55
6.2 Rammeområde Oppvekst og kultur.....	56
6.2.1 Felles for rammeområde Oppvekst og kultur.....	56
6.2.2 Barnehage.....	59
6.2.3 Grunnskule	62
6.2.4 Skulefritidsordninga	65
6.2.5 PPT	66
6.2.6 Kultur- og læring.....	68
6.2.7 SLT (Samordning av Lokale kriminalførebyggjande Tiltak)	71
6.3 Rammeområde Helse og omsorg.....	72
6.3.1 Felles for rammeområde Helse og omsorg	72
6.3.2 Helse- og psykiatritenester.....	74
6.3.3 Pleie- og omsorgstenester.....	77
6.3.4 Tilrettelagde tenester	80
6.3.5 Barnevernstenesta.....	82
6.3.6 NAV - kommunal del	84
6.4 Rammeområde Forvaltning, drift og utvikling	86
6.4.1 Felles rammeområde for Forvaltning, drift og utvikling.....	86
6.4.2 Areal og forvaltning	89
6.4.3 Kommunaltekniske tenester	93
6.4.4 Reinhald	95
Vedlegg:	97

1. INNLEIING

Endring i rammevilkår

Vindafjord kommune kjem i 2019, for tredje år på rad, därlegare ut i statsbudsjettet, enn det som gjekk fram av kommuneøkonomiproposisjonen. Framlegg til statsbudsjett inneber i realiteten ein nedgang i kommunen sine frie inntekter på nær 1,4%, noko som gjer budsjettarbeidet svært krevjande.

Driftsbudsjettet

Budsjettframlegget er i all hovudsak ei vidareføring av gjeldande økonomiplan og syner eit saldert budsjett med eit netto driftsresultat på 0,19 %. Dette er mykje lågare enn kommunen sitt måltal på 1,75% og lågare enn det som låg til grunn for gjeldande økonomiplan, 0,47 %. Bakgrunnen for dette er i første rekke behov for å saldera budsjettframlegget i tråd med premissane i statsbudsjettet.

I budsjettframlegget for 2018 var det lagt inn ei rekke tiltak for å få redusert driftsnivået. Dette er vidareført i 2019 og fleire har ekstra effekt komande år i og med dei var iverksett frå sumaren 2018. Det er vidare lagt inn ytterlegare innsparingstiltak for rammeområde Oppvekst i 2019. Innanfor rammeområdet Helse og Omsorg, eit område som har hatt stort meirforbruk samanlikna med budsjettet dei siste åra, er det lagt inn ei styrking av rammeområdet på 3 millionar kroner. I tillegg er det for Barnevern lagt inn styrking med ei stilling til saksbehandling, mellom anna for å fjerna etterslep av saker slik at ein i mindre grad opplever fristbrot.

Vindafjord kommune fekk i 2018 ei utbetaling frå havbruksfondet på nær 11 millionar kroner. Slik utbetalingane frå havbruksfondet er lagt opp, er det usikkert om kommunen vil få utbetaling i 2019. Vidare er det sannsynleg at ein vil få utbetaling i 2020, men det er uklart kva omfang den utbetalinga vil ha, då det heng saman med om næringa vil kunna ha vekst i kommunen vår. I budsjettet for 2019 er det lagt opp til noko bruk av driftsfond til å oppretta ei stilling som kommuneplanleggar, ei stilling som mellom skal nyttast til å driva med planarbeid i og ved sjø, og dermed kunne leggja til rette for vekst i næringar her. Vidare er stillinga tenkt nyttा i samband med rullering av kommuneplanen.

Frå 2021 startar utfasing av inndelingstilskotet med ein årleg reduksjon på 2 mill kr over 5 år. Dette vil kreva ein grundig gjennomgang av tenesteproduksjonen og debatt omkring framtidig struktur på tenestene. Dette er synleggjort under dei ulike rammeområda som «behov for nye tiltak på grunn av nedtrapping av inndelingstilskot». Det er og lagt inn nokre nye tiltak, som styrking av arbeidet med omstilling i omsorgssektoren og satsing på velferdsteknologi, samt noko auke av budsjettet for vedlikehald av bygg som følgje av ferdigstilling av fleire nybyggingsprosjekt. Utover dette er budsjettframlegget i all hovudsak vidareføring av eksisterande økonomiplan.

Digitalisering

Auka digitalisering av kommunale tenester, tenesteleveransar og kommunal samhandling er eit viktig satsingsområde framover. Dette kombinert med velferdsteknologiske løysingar vil kunna gje betre tenester, betre tilgjenge, større tryggleik for den einskilde og bidra til at kommunen kan få meir effekt ut av driftsmidlane. Dette vil vera satsingsområde framover og er synleggjort i dette budsjettet gjennom nye tiltak som investeringsmidlar til velferdsteknologi og deltaking i DigiRogaland, som er eit samarbeidsprosjekt der kommunane i Rogaland samt Rogaland fylkeskommune er invitert med.

Investeringsbudsjett

Investeringsbudsjettet er og i hovudsak ei vidareføring av gjeldande investeringsplan. Her er det stort etterslep frå tidlegare år. Kommunen gjennomfører i 2018 store prosjekt på tilsaman 137 millionar kroner, og desse prosjekta gjer at handlingsrommet for nye større prosjekt er begrensa dei nærmaste åra. Prosjektet med bygging av nye omsorgsbustader (Seljebakken 2) vert flytta litt lenger ut i økonomiplanperioden for å sikra god prosjektering i forkant av bygginga.

For å sikra betre kontroll med byggeprosjekta i kommunen, vert det sett av pengar gjennom investeringsbudsjettet til å tilsetja ein kostkontrollør.

Auken i investeringane innan VAR området for å nytta høvet, når Statens vegvesen har fleire større infrastrukturprosjekt i kommunen, til å få lagt ned nytta leidningsnett for vatn og kloakk på ein kostnadseffektiv måte vert vidareført i budsjettet og økonomiplanen.

Vital og sentral

Vindafjord kommune er inne i ei tid, med trangare økonomiske rammer. Det er og delar av næringslivet, sjølv om ein ser betring, mellom anna med nedgang i arbeidsløysa i kommunen. Det er krevjande, men nødvendig å tilpassa seg skiftande rammevilkår. Difor er det viktig å halda fram arbeidet med å styrka innovasjonskrafta i organisasjonen og evna å løysa oppgåvene på nye måtar. Såleis er det naturleg å trekka fram føremålsparagrafen i hovudavtalen for kommunal sektor som lyder:

«Hovedavtalen skal innenfor rammen av det lokalpolitiske demokrati bidra — gjennom godt samarbeid, medbestemmelse og medinnflytelse — til en omstillingssyktig og serviceinnstilt kommunesektor til beste for innbyggerne».

Vindafjord kommune skal vera ein «Vital og Sentral» kommune inn i framtida, slik visjonen seier. Då må alle gode omstilingskrefter innan politikk, administrasjon, tillitsvalde sine organisasjoner og samfunnet rundt spela på lag for å finna **nye løysingar** på utfordringane framover, nytta innhald i velferdsomgrepet og evna å leggja bak oss gamle løysinger og arbeidsmetodar. Dette budsjettet og økonomiplanen gjev rom for å finna desse løysingane i 2019, før tilpassinga til reduksjon i inndelingstilskotet må starta i 2020.

Ølen 31.10.2018
Yngve Folven Bergesen
rådmann

Kommunestyret sin merknad:

Det er lagt opp til eit budsjett frå rådmannen med netto driftsresultat på 0,19%. Anbefalt nivå er netto driftsresultat 1,75%. Dette gir stramme rammer for den kommunale drifta. Ved vakanse i alle stillingar, faste eller prosjekt, skal oppgåvene knytt opp til stillinga gjennomgå ei streng vurdering av rådmann i denne planperioden, med fokus på:

- er det oppgåver som er lovpålagde?
- kan oppgåvene fordelast?
- kan det søkjast tilskot til oppgåvene?
- kan me klara oss utan denne stillinga?

2. FØRESETNADER

2.1 Statsbudsjettet

Endringar i det økonomiske opplegget for 2018

Dei pårekna skatteinntektene er justerte opp med kr 2,1 mrd. samla for kommunane i landet i høve til nivået i revidert nasjonalbudsjett. Pårekna skatteauke for i år blir med det justert opp frå 1,0% til 2,4%, i høve til faktisk innkomen skatt i 2017. Bakgrunnen for høgare skattevekst for kommunane er ekstraordinært store uttak av utbytte til personlege skattytarar for inntektsåret 2017. Den samla pris- og kostnadsveksten i kommunane (deflatoren) var i revidert nasjonalbudsjett 2,6%. Denne er auka til 3% grunna auka straumprisar, medan pårekna lønsvekst er uendra.

Regjeringa sitt framlegg for budsjettåret 2019

Det er rekna med ein nominell skatteauke for kommunane frå 2018 til 2019 med 1,8 prosent. Låg pårekna skattevekst frå 2018 til 2019 skuldast meirskatteinntektene i år. Pårekna skatteinntekter i 2019 byggjer blant anna på pårekna sysselsetjingsvekst (1,3%) og lønsvekst (3,25%). Det er i statsbudsjettet lagt opp til at det kommunale skatteøyret blir redusert frå 11,80 prosent i 2018 til 11,55 prosent i 2019. Det er lagt opp til at skattedelen av kommunane sine samla inntekter skal vera om lag 40% også for 2019.

Samla pris- og kostnadsvekst i kommunane er på 2,8%. Veksten, eller deflatoren, blir nytta til prisjustering av statlege rammetilskot og øyremerka tilskot i statsbudsjettet. Deflatoren består av lønsvekst på 3,25% og prisvekst på varer og tenester på 2,0%, der lønsvekstfaktoren tel om lag 2/3.

Det er lagt opp til ein realvekst i dei frie inntektene (skatt og rammetilskot) for kommunane frå 2018 til 2019 med 2,6 mrd. Veksten er rekna frå det inntektsnivået i år som var lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett. Meirskatteinntektene på kr 2,1 mrd. er med andre ord ikkje med i dette samanlikningsgrunnlaget frå 2018. Veksten i samla inntekter frå 2018 til 2019 (kr 1,9 mrd.) er lågare enn veksten i frie inntekter (kr 2,6 mrd.). Det skuldast at dei store utbetalingane frå Havbruksfondet, som ikkje inngår i dei frie inntektene, men som er ein del av samla inntekter, ikkje blir vidareførte frå 2018 til 2019. Veksten i dei frie inntektene er realauke slik at pris kompensasjonen frå 2018 til 2019 (2,8%) vil koma som eit tillegg i inntektene. Heile realveksten i dei frie inntektene vil gå til kommunane, ikkje noko til fylkeskommunane.

Det er lagt opp til at realauken i dei frie inntektene frå 2018 til 2019 skal dekka auka ressursinnsats i kommunane til:

- Demografi – kr 1,6 mrd: pårekna meirutgifter knytt til demografi, både med omsyn til folkevekst og alderssamsetjing. Dette er den delen av meirutgiftene til demografi som må finansierast innafor veksten i frie inntekter. Meirutgifter knytt til demografi for kommunesektoren samla er lågare enn dette. Dei er rekna til kr 1,0 mrd. Det skuldast at demografiutgiftene for fylkeskommunane er pårekna å bli reduserte i 2019 grunna nedgang i aldersgruppa 16-18 år.
- Pensjon - 0,5-0,6 mrd: Det er venta at pensjonskostnadene for kommunane vil auka ut over det som blir kompensert gjennom prisjustering av inntektene. Det er stor uvisse knytt til dette.
- Særskilte satsingar:
 - opptrappingsplan for rusomsorg – 200 mill. Det er del av opptrappingsplanen med auka løvingar til rusområdet i perioden 2016-2020
 - tidleg innsats i skulen – 200 mill
 - opptrappingsplan for habilitering og rehabilitering – 100 mill

Det er rekna med ein nominell vekst i kommunane sine samla frie inntekter på landsbasis frå 2018 til 2019 med 2,9 prosent. Denne veksten er rekna i høve til noverande pårekna inntekts-

nivå i år, medrekna oppjusteringa av skatteinntektene. Denne veksten for kommunane samla i Rogaland er 3,0 prosent. Auka rammeoverføring blir gitt for nye oppgåver og omfattar også heilårsverknader i denne samanhengen. Utrekna prosentvekst i dei frie inntektene er korrigerte for dette, slik at det ikkje inngår i prosentveksten. Dette vil også omfatta innlemming av øyremarka tilskot i rammetilskotet.

Aktuelle saker

Psykologar i kommunane

Frå 1. januar 2020 er det lovfesta at alle kommunar skal ha psykologkompetanse. Fram til denne plikta trer i kraft vil kommunar som rekrutterer psykologar kunna ta imot eit årleg tilskot pr. psykologårsverk. Det er framlegg om å auka løvinga med kr 50 mill. for 2019, som svarar til 125 nye psykologstillingar.

Utskrivingsklare pasientar

Kommunal betaling for utskrivingsklare pasientar blei innført for pasientar i somatiske døgnavdelingar i 2012. Det skal innførast betalingsplikt også for utskrivingsklare pasientar i psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert behandling av rusavhengige (TSB). Det blir difor overført kr 185 mill. frå regionale helseføretak til kommuneramma. Det vil vera opphaldskommunen som får plikt til å betala for utskrivingsklare pasientar.

Opptrappingsplan for habilitering og rehabilitering

Stortinget har vedteke ein opptrappingsplan for habilitering og rehabilitering for åra 2017-2019. I 2019 er kr 100 mill. av veksten i dei frie inntektene grunngitt med opptrappingsplanen. Midlane blir fordelt etter delkostnadsnøkkelen for helse i inntektssystemet. Dette skal bidra til at brukarane kan ta imot tenester der dei er busette.

Opptrappingsplan for rus

Det er som nemnd ein opptrappingsplan med auka løvingar til rusområdet i perioden 2016-2020. Satsinga kjem i hovudsak ved at ein del av veksten i dei frie inntektene er grunngitt med satsinga på rusomsorg. For 2019 er det lagt opp til ei ytterlegare opptrapping av rammetilskotet med kr 200 mill. Fordelinga mellom kommunane blir gjort etter delkostnadsnøkkelen for sosialhjelp i inntektssystemet.

Helsestasjon og skulehelseteneste

Rammetilskot knytt til satsinga på helsestasjon og skulehelsetenesta blir vidareført frå 2018 til 2019, med priscompensasjon. For 2019 blir rammetilskotet knytt til føremålet på kr 877,4 mill. Midlane blir fordelt mellom kommunane på grunnlag av talet på innbyggjarar i alderen 0-19 år, med eit minstenivå på kr 100 000 pr. kommune.

Dagtilbod demente

Kommunane vil frå 1. januar 2020 få plikt til å tilby dagaktivitetstilbod til heimebuande personar med demens. Tilskotsordninga til dagaktivitetstilbod for personar med demens blir vidareført. Det er framlegg om å leggja til rette for om lag 450 nye plassar i 2019. Kommunar som etablerer nye dagaktivitetsplassar i 2019, vil få auka tilskotssats for desse som svarar til om lag 50 % av pårekna kostnader. Ved vidareføring av oppretta plassar frå 2012-2018 vil kommunane få tilskot på 30% av pårekna kostnader, som er den same tilskotssatsen som for 2018.

Innlemming av bustadsosiale tilskot i rammetilskotet

I 2017 og 2018 vart nesten kr 40 mill. av øyremarka tilskot til bustadsosialt arbeid innlemma i rammetilskotet. For 2019 er det framlegg om å innlemma ytterlegare kr 8,9 mill. i rammetilskotet. I 2017 og 2018 vart om lag kr 20 mill. av øyremarka bustadsosialt kompetansetilskot innlemma i rammetilskotet. For 2019 er det framlegg om å innlemma ytterlegare kr 15,6 mill. i rammetilskotet.

Tilskot frivilligsentralar

Tilskot til frivilligsentralar vart innlemma i rammetilskotet frå og med 2017. Totalt kr 169,9 mill. vart fordelt med særskilt fordeling i 2018 i rammetilskotet. I 2019 blir beløpet frå 2018 prisjustert, i tillegg til ytterlegare kr 7,4 mill. til føremålet. Totalt kr 187,4 mill. blir fordelt med særskilt fordeling i 2019 i rammetilskotet, med utgangspunkt i fordelinga av det øyremerka tilskotet i 2016.

Sjukeheimspllassar og omsorgsbustader

For 2018 gir tilsegnssramma, etter revidert nasjonalbudsjett, grunnlag for å gi investeringstilskot til om lag 2 500 plassar med heildøgnomsorg, fordelte mellom omsorgsbustader og sjukeheimspllassar. For 2019 er det framlegg om ei tilsegnramme som vil gi grunnlag for å gi investeringstilskot til om lag 1 500 einingar. Målgruppa for ordninga er personar med behov for heildøgns helse- og omsorgstenester uavhengig av alder, diagnose og funksjonshemming. Stortinget har vedteke ei gradvis endring i investeringstilskotet slik at det frå 2021 berre blir gitt investeringstilskot til heildøgns omsorgspllassar som gir netto auke i det samla talet på plassar i kommunen. 50% av tilsegnssramma skal i 2019 gå til netto vekst i talet på plassar.

Ressurskrevjande tenester

Ordninga med øyremerka tilskot for ressurskrevjande tenester gjeld for tenestemottakarar til og med det året dei blir 67 år. Utbetaling av tilskot til kommunane i 2019 er basert på direkte lønsutgifter i 2018 knytte til tenestemottakarar.

Det er lagt opp til følgjande for 2019:

- Kompenasjonsgrada blir vidareført med 80% av netto utgifter ut over innslagsnivået.
- Innslagsnivået for å få kompenasjon blir auka pr. brukar frå kr 1,235 mill. til kr 1,320 mill. for netto utgifter i 2018. Det inneber ein auke på kr 50 000 utover justering for pårekna lønsvekst i 2018.

Barnehagar

Regjeringa gir framlegg om å utvida dagens ordning med gratis kjernetid for tre-, fire- og femåringar til også å omfatta toåringar, frå 1.august 2019. Framlegget vil gi familiar med låg inntekt eit rimelegare barnehagetilbod. Det blir lagt inn kr 45,7 mill. i rammetilskotet for 2019. Maksimal foreldrebetaling aukar med kr 50 per månad frå 1.august 2019. Det blir trekt ut kr 65,8 mill. frå rammetilskotet i 2019.

Lærarnorm

Fra 2015 er det løyvd øyremerka midlar til auka lærarinnsats på 1.-4. trinn i grunnskulen. Fra og med hausten 2018 er det innført ei nasjonal lærarnorm på skulenivå 1.-10. trinn. Total løyving i 2018 var om lag kr 1,4 mrd. Det er framlegg om å vidareføra den øyremerka løyvinga til fleire lærarårsverk i 2019. I tillegg er kr 200 mill av veksten i dei frie inntektene i 2019 grunngitt med ei særskilt satsing på tidleg innsats i skulen. Både dei nemnde kr 200 mill av veksten i dei frie inntektene og om lag kr 1,0 mrd av den øyremerka løyvinga vil bli fordelt mellom kommunane etter grunnskulenøkkelen i inntektssystemet.

Kommunereform

Inndelingstilskot

Årlege inndelingstilskot vil erstatta bortfall av basistilskot og eventuelt bortfall av små-kommunetilskot/reduksjon i distriktstilskot som følge av samanslåing. Den nye kommunen vil ta imot fullt inndelingstilskot i femten år etter samanslåing, før tilskotet deretter blir trappa ned over fem år. Tilskot blir tillagt årleg priskompensasjon.

For allereie vedtekne samanslåingar i kommunereform 2014-2017 vil det årlege inndelings-tilskotet, som blir utbetalt frå og med iverksetjing av samanslåing år 2020, vera basert på inntektssystemet i 2016. Det vil seia før endringane i inntektssystemet i 2017. Basistilskotet i 2016 var kr 13,2 mill. pr. kommune.

Kompensasjon for redusert basistilskot og småkommunetilskot - overgangsordning (17-19)

I 2017 og 2018 er det gitt ein eigen kompensasjon til kommunar som skal slå seg saman.

Kompensasjonen blir gitt dersom kommunen mellombels (2017-2019) får redusert basistilskot og småkommunetillegg som følge av omlegginga av inntektssystemet i 2017, før kommunen får inndelingstilskot frå og med år 2020.

Regionsentertilskot

Tilskotet går til kommunar som slår seg saman når den nye samanslåtte kommunen vil bli meir enn om lag 8 000 innbyggjarar. Det blir ikkje gitt regionsentertilskot til kommunar som mottek storbytilskot. Regionsentertilskotet er fordelt mellom framtidige samanslåingskommunar med ein sats pr. samanslåing (60% av ramma) og ein sats pr. innbyggjar (40% av ramma).

Fordelinga mellom kommunane i kvar samanslåing er gjort på grunnlag av innbyggjartalet.


Tilskotet vart innført i 2017. Ramma for tilskotet er utvida frå kr 100 mill i 2017 til kr 200 mill i 2018. Det er framlegg om å vidareføra regionsentertilskotet med ei ramme på kr 200 mill i 2019. Det vil seia at dette tilskotet ikkje blir prisjustert frå 2018 til 2019.

Ufrivillig åleine

Det er for 2017 og 2018 gitt kompensasjon til kommunar som er blitt ståande ufrivillig åleine etter kommunereforma og som tapte på omlegginga av inntektssystemet i 2017. I 2018 er den samla ramma for denne kompensasjonen på landsbasis kr 40 mill. Det er framlegg om å redusera den samla ramma til kr 20 mill i 2019 og avvikla ordninga frå år 2020.

Inntektssystemet i 2019

Inntektsutjamninga av skatteinntekter i forhold til landsgjennomsnittet blir vidareført med 60%. Det same gjeld tilleggskompensasjonen (35% under skattenivå 90% av landsgjennomsnittet).



Figur: modell for skatteutjamning for kommunane

Det er ikkje lagt opp til vesentlege endringar i inntektssystemet frå 2018 til 2019. Dei regionalpolitiske tilskota blir prisjusterte frå 2018 til 2019 (med unntak av regionsentertilskotet). Det omfattar distriktsstilskot med småkommunetillegget, vekststilskot og storbytilskotet.

Vekststilskotet for 2019 vil bli gitt til kommunar som har hatt ein gjennomsnittleg årleg befolkningsvekst på 1,4% eller meir dei siste tre åra. Vekststilskotet blir gitt som eit fast tilskotsbeløp pr. ny innbyggjar utover vekstgrensa. Tilskotssats for 2019 er i framlegget kr 58 792, etter prisjustering til 2019-tal. Samla løying til vekststilskotet blir redusert frå 2018 til

2019 som følgje av at færre kommunar har hatt høg befolkningsvekst i den siste treårs-perioden.

Det vil vera endringar i distriktstilskot med småkommunetillegget for nokre kommunar frå 2018 til 2019 som følgje av endring i distriktsindeks og endringar i innbyggjartalet. Ved fordelinga av distriktstilskot for 2019 blir dagens distriktsindeks vidareført, men oppdatert med tal for 2017.

Overgangsordninga INGAR gir kompensasjon for ei utvikling i rammetilskotet med meir negativt avvik enn grenseverdien frå landsgjennomsnittet, frå eit år til det neste. Grenseverdien for kompensasjon er kr 400 pr. innbyggjar i 2019. INGAR tek ikkje omsyn til endringar i skatt, inntektsutjamning, veksttilskot og skjønstilskot. Vindafjord kommune får eit trekk på kr 468 000 her, mot kompensasjon på 3,22 mill kroner i fjor.

Inndelingstilskotet (ekstra tilskot til kommunar som slår seg saman) utgjer 10,403 mill kroner for Vindafjord kommune i 2019. Dette skal fasast ut over ein femårsperiode frå 2021.

Teljetidspunkt for innbyggjartal og aldersfordeling i utgiftsutjamninga som grunnlag for rammeoverføring 2019 er 1.7.2018. For inntektsutjamninga er teljetidspunktet 1.1.2019. For andre kriterium i utgiftsutjamninga enn aldersfordeling er teljetidspunktet 1.1.2018. I tabellen under ser ein utviklinga frå 1.7.2017 til 1.7.2018. Nedgang i folketal betyr mindre rammetilskot.

	0-1 år	2-5 år	6-15 år	16-22 år	23-66 år	67-79 år	80-89 år	90år+	Sum
Pr. 1.7.2017	214	448	1 141	880	4 825	858	356	107	8 829
Pr. 1.7.2018	210	439	1 116	842	4 815	898	357	108	8 785
Endring	-4	-9	-25	-38	-10	40	1	1	-44

I kommuneproposisjonen var det framlegg om at utgiftsbehovet i utgiftsutjamninga for kommunane frå og med 2019 vart berekna på grunnlag av konsernrekneskapstal og ikkje, som til no, på grunnlag av rekneskapstal for kommunekassen. Konsernrekneskapstal vil i tillegg til tal for kommunekassen også omfatta kommunale føretak (KF) og interkommunale selskap (IKS). Stortinget ynskte ikkje denne endringa i grunnlaget for utgiftsutjamninga.

Statsbudsjettet sin verknad for Vindafjord kommune

Dei frie inntektene for Vindafjord kommune er i «Grønt hefte» i statsbudsjettet utrekna til 538,4 mill kroner for 2019. Rammetilskotet er rekna ut frå objektive kriterier i inntektssystemet, medan skatteinntektene baserer seg på tal frå 2017. I Vindafjord var skatteinntektene unormalt høge i 2017 grunna særskilte høve. Det er ikkje grunnlag for å forventa eit skattenivå på 114,5% av gjennomsnittskommunen, slik «Grønt hefte» legg opp til. Dette er difor justert ned i tråd med lokalt skjønn. Skatteinntektene i Vindafjord kommune for 2019 er etter dette anslått å utgjera 98,8% av landsgjennomsnittet, inklusiv inntektsutjamning.

Veksten i frie inntekter, ut frå RNB-anslag på rekneskap for 2018, er i følgje «Grønt hefte» 2% for Vindafjord Kommune. Legg ein inn lokalt skatteanslag, blir veksten negativ med -1,36% (omlag 6,8 millionar kroner). Dette er svært uvanleg og betyr eit lågare inntektsnivå. Nivået i Rogaland er på 3,0% og landet elles på 2,9%. Vekstfaktoren er korrigert for oppgåveendringar. I praksis får Vindafjord mindre å rutta med i 2019 og åra framover. Det er difor behov for omstilling i det kommunale tenestetilbodet. Dette har vore peika på tidlegare og er ei forventa utvikling. Både omlegging av inntektssystemet i 2017 og trenden med fallande vekst i folketalsutviklinga har peika i den retninga. Når folketalsutviklinga no er negativ, forvorrar dette situasjonen. Med gradvis bortfall av inndelingstilskotet frå 2021, betyr det ytterlegare innstraming i åra som kjem.

Trass dette, er det i statsbudsjettet peika på ulike satsingsområde som ligg til grunn for veksten i dei frie inntektene, som er lagt inn nasjonalt nivå. Desse er i hovudsak fordelt ut til kommunane via inntektssystemet dersom anna ikkje er presisert. Når det gjeld t.d. investeringstilskot til heildøgns omsorgsplassar, er dette midlar kommunane må søkja om via

Husbanken. Generelt er det opp til lokale styresmakter å disponera dei frie inntektene etter eigne prioriteringar, med unntak av det som er særskilt fordelt (øyremerka).

Statsbudsjettet legg opp til auke på mange felt, finansiert med vekst i rammetilskotet. Dette er lagt inn på nasjonalt nivå. Når ein bryt dette ned på den enkelte kommune via inntektssystemet, vil det slå ulikt ut. Vindafjord kommune kjem dårleg ut etter omlegginga i 2017. Etter ein overgangsperiode er ein no på negativ vekst. Dersom Vindafjord ønskjer å ta inn nokre av dei nasjonale satsingsområda, må ein først koma ned på den nye «normen», og deretter ta vekk utgiftspostar, for å få inn nye.

Som utgangspunkt for budsjettarbeidet for 2019, låg kommuneopposisjonen frå mai 2018. Delar av dette grunnlagsmaterialet er endra i framleggget til statsbudsjett. Innbyggartilskotet pr. innbyggjar er auka, men med nedgang i folketalet er det totale innbyggartilskotet lågare enn venta. Utgiftsutjamninga gir nok meir inntekt, fordi kostnadsindeksen har auka. Det er altså dyrare å drifta kommunen i føregåande år. Inntektsgarantiordninga har gitt trekk i ramma. Skjønstilskotet er redusert, noko det er gitt signal om tidlegare. Inntektsutjamninga er redusert etter nytt skatteanslag. Totaleffekten mellom Kommuneopposisjonen og Statsbudsjettet er inntektssvikt tilsvarande om lag 1,66 mill kroner.

	Kommune- opposisjon	Stats- budsjett	Endring
Innbyggartilskot			
pr innbyggjar	24 678	24 710	32
totalt	217 882	217 074	-808
Utgiftutjamning	19 118	21 156	2 038
etter kostn indeks	1,03562	1,03862	0,00300
Inntektsgaranti (Ingar)	0	-468	-468
Særskilt fordelt	1 827	1 995	168
Inndelingstilskot	10 403	10 403	0
Skjønn	7 000	6 700	-300
Div endring frå 2017	364	0	-364
Sum ramme u/innt utj	256 594	256 860	266
Netto innt utjamn	-3 743	-3 559	184
Sum ramme m/innt utj	252 851	253 301	450
Skatt	270 728	268 617	-2 111
Sum skatt og ramme	523 579	521 918	-1 661
Skattenivå:	100,20 %	100,10 %	-0,10 %

Figur: Samanlikning av forventa inntekter etter Kommuneopposisjonen i mai og Statsbudsjettet med lokale skattetilpassingar.

2.2 Overordna planverk

Planstrategi

Kommunestyret vedtok ny planstrategi 20. desember 2016 under sak 84/16. Følgjande planar og utgreiingar er prioritert i perioden:

PLANBEHOV / UTGREIINGSARBEID	ANSVAR	STATUS	PRIORITERING/PROSESS			
			2016	2017	2018	2019
Kommuneplanen - samfunnssdelen og arealdelen 2017-2028	Rådmann / Areal	Under arbeid	→	sluttført		
Revisjon av kommuneplanen 2020-2032	Rådmann / Areal	Revisjon		oppstart planprogram		→
Kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø	Kultur	Under arbeid	→	sluttført		
Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og kulturbrygg	Kultur	Revisjon				oppstart
Plan for oppfølging av arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap i Vindafjord kommune	Rådmann	Revisjon		sluttført		
Plan for pedagogikk og strategi for skulane i Vindafjord kommune	Oppvekst	revisjon				oppstart
Plan for pedagogikk og strategi for barnehagane i Vindafjord kommune	Oppvekst	Ny	oppstart	sluttført		
Helse- og omsorgsplan	H/O	Revisjon				oppstart
Arbeidsgjevarstrategi	Personal	Under arbeid	oppstart	Sluttført		
Bustadsosial handlingsplan	H/O	Revisjon		oppstart	Sluttført	

Alle planar med sluttføringsdato i 2017 og 2018 er gjennomført. Det er utarbeidd felles «Plan for pedagogikk og strategi for skule og barnehage», og dette arbeidet vart sluttført i 2017. Det er difor ikkje naudsynt med revisjon av «plan for pedagogikk og strategi for skulane i Vindafjord kommune» som står oppført med oppstart i 2019. Bustadsosial handlingsplan blei vedteken 20.02.2018. Sjå utvida kommentarar under kapittel 4.

Det er vidare to planar som har oppstart i 2019; Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og kulturbrygg og Helse- og omsorgsplan.

Kommuneplanen sin samfunnssdel

Kommuneplanen sin samfunnssdel vart godkjent i kommunestyret 4. april 2017. I samfunnssdelen tek ein stilling til langsigte utfordringar, mål og strategiar for kommunesamfunnet og kommunen som forvaltar og tenesteytar. Det er skissert opp ei rekke strategiar i planen. Under budsjettseminaret i 2017 var det arbeidd med desse for å finna fram til prioriterte strategiar for økonomiplanen 2018 – 2021. Dette er omtalt i kapittel 4. I det vesentlege er desse og tatt med vidare inn i økonomiplanen for 2019-2022.


Arbeid med ny planstrategi

Kommunal planstrategi skal utarbeidast for kvar kommunestyreperiode. For at planstrategien skal vera førande for heile perioden bør ny planstrategi bli vedtatt så tidleg så mogleg i 2020. Administrasjonen må difor starta opp arbeidet med denne januar 2019, slik at eit arbeidsutkast kan leggjast fram for nytt kommunestyre i november 2019. Vidare skal kommuneplanen vera det viktigaste arbeidsdokumentet for kommunestyret. Administrativt arbeid med revisjon av kommuneplanen sin samfunnssdel og arealdel er starta opp i 2018 med mellom anna arbeid med bustadanalyse for heile kommunen og sentrumsanalyse for Skjold. Endringa i kommuneøkonomien gir kommunen store utfordringane, og det må arbeidast langsigktig for at kvaliteten på tenestene våre skal vera like gode i framtida. Utarbeiding av skule- og barnehagebruksplan vil vera viktige planar tidleg i planstrategiperioden for å sikra god kvalitet i skule og barnehage i åra som kjem.

2.3 Folketalsutvikling

Pr. 1. januar 2018 var det totalt 8 793 innbyggjarar i Vindafjord kommune. Det er ein reduksjon på 35 personar i høve til året før, og utgjer ein nedgang på 0,4%. Første halvår 2018 gjekk folketetalet ned med 8 personar, slik at folketetalet pr. 1. juli 2018 var 8 785 innbyggjarar. Veksten i 2016 var på 0,46% medan reduksjonen i 2017 var på 0,4%. I eit lengre perspektiv, frå januar 2015 til juli 2018, har folketalsveksten vore på 20 personar eller 0,23%. Det har vore reduksjon i

folketal i seinare tid, og nivået er nå om lag det same som det var i januar 2016. Nedgangen i folketal er urovekkjande.




Figuren viser utvikling i folketal fra 1. januar 2015 til 1. juli 2018. Kjelde SSB

Alderssamsetning pr. 1. januar 2017 til 1. januar 2018

Folketal	0-5 år	6-12 år	13-15 år	16-19 år	20-66 år	67-79 år	80-89 år	90 år +	Sum
01.01.2017									
Menn	334	362	189	269	2 814	417	150	37	4 572
Kvinner	348	405	175	240	2 375	434	207	72	4 256
Sum	682	767	364	509	5 189	851	357	109	8 828
01.01.2018									
Menn	324	381	164	269	2 804	430	161	36	4 569
Kvinner	337	405	167	244	2 367	435	201	68	4 224
Sum	661	786	331	513	5 171	865	362	104	8 793

Tabellen viser utvikling i folketal fra 1. januar 2016 til 1. januar 2017, fordelt på kjønn og aldersgrupper. Kjelde SSB


Samla nedgang i folketal frå 2017 til 2018 var på 35 personar. Av desse var 3 menn og 32 kvinner. Dette tilsvarar ein nedgang på 0,4%.



Figuren viser folketalsendring i alder og kjønn frå 2017 til 2018. Kjelde SSB

Folketalet hadde ein svak vekst frå 2014 til 2017, for så å flata ut. Siste året har det vore nedgang. Det mest særprega er at aldersgruppa 13-15 går ned med 33 personar. Også aldersgruppene 0-5 viser negativ utvikling, med 21 færre barn. Dette har betydning for skule og barnehage, og då særleg med tanke på ungdomstrinnet i skulen. Etter kvart vil det forskyva seg over til aldersgruppa for vidaregåande skule. Reduksjon i barnetal 0-5 år bidrar ikkje til ønska utvikling med vekst i folketal. Aldersgruppa 6-12 år viser ein auke på 19 personar, og er positivt. I aldersgruppa er kjønnssamansetninga utjamna, sjølv om det framleis er noko fleire jenter.


For aldersgruppa 20-66 er det ein nedgang på 18 personar. Denne gruppa krev i lita grad kommunale tenester, men er stor bidragsytar i høve til skatteinntekter. Aldersgruppa 67-79 år har ein vekst med 14 personar. I aldersgruppene 80-89 og 90+ er det mindre endringar, men totalt sett null. Dette har betydning for eldreomsorga, og då særleg den eldste gruppa.



Figuren viser samansetning av endring i folketal i perioden 2014-2017. Kjelde SSB

Fødseloverskotet i Vindafjord er varierande frå år til år. I 2016 var fødseloverskotet på 44 personar, medan 2014 og 2017 var noko lågare. I 2015 var det berre 8 personar. Netto innvandring har falle betydeleg dei to siste åra. I 2016 var talet 1 person medan det i 2017 var 16 personar.

Kommunen har vidare netto utflytting i varierande grad. Nivået i 2014 og 2017 var omlag likt, med hhv 72 og 78 personar. I 2016 var det berre 7 personar. Ein har ikkje analysert årsaka til desse svingningane, og dei er truleg samansette.



Figuren viser framskrive folketal fram mot 2035 – middels vekst. Kjelde SSB – juni 2018

SSB sin prognose for folketalsutvikling, viser ein middels vekst opp mot 8 778 innbyggjarar i slutten av planperioden i 2022. Vidare fram mot 2035 er folketalet forventa å auka til 9 286 innbyggjarar. Prognosene er publisert i juni 2018. Folketalsutviklinga er noko svakare enn førre prognose, som var frå 2016.

Tala viser vekst i dei eldre aldersgruppene. Ser ein på planperioden fram mot 2022, er veksten stabilt aukande. Lenger fram er veksten kraftigare. Aldersgruppa 90+ er relativt uendra. Tala indikerer aukande behov for pleie- og omsorgstenester.

Aldersgruppa 0 år har liten og ingen vekst. Aldersgruppa 1-5 år er avtakande fram mot 2025, før deretter å stige noko. Dette har betydning særleg for barnehagetenesta. Aldersgruppa 6-12 år er relativt uendra i planperioden, men avtakande deretter. Aldersgruppa 13-15 år har også liten endring. Dette har betydning for skuletenesta. I tillegg til skule og barnehage, har desse tala betydning for helsestasjons- og skulehelseteneste. Aldersgruppa 16-19 er også ei viktig gruppe i høve til skulehelseteneste, men også vidaregående opplæring. Denne viser nedgang i perioden.

Det er urovekkande at det er så lite vekst i desse gruppene. Det er eit dårlig utgangspunkt for vidare folketalsvekst. Ein blir i større grad avhengig av tilflytting.

Den største gruppa, frå 20-66 år, viser totalt ein svak vekst fram mot 2035. Det er ein stabil vekst i aldersgruppe 20-44, medan aldersgruppa 45-66 viser nedgang. Dette har betydning for utvikling av busetnad og næringsliv, i tillegg til skatteinntektene.


2.4 Økonomiske nøkkeltal

Netto driftsresultat

Framlegg til driftsbudsjetten for 2019 gjev eit budsjettetert netto driftsresultat på 0,19%. Måltallet viser kva som er igjen frå drifta til fondsavsetning og/eller investering. Talet for 2019 er i

underkant av nivået i 2014-2016, både budsjettet og endeleg etter rekneskapsavlegging. Anbefalt nivå for netto driftsresultat er 1,75%. Vindafjord kommune sitt budsjetterte netto driftsresultat for 2019 er såleis godt under dette.


Frå 2008 til 2013 var reelt netto driftsresultat ved rekneskapsavslutninga langt høgare enn budsjett. Dette hadde si årsak i at inntektene var langt høgare enn forventa, særleg i høve til skatteinntekter og finansinntekter. I 2014-2016 var rekneskapen meir i tråd med budsjett, og såleis meir «normaliserte». Særleg i perioden 2009-2013 hadde kommunen unormalt høge skatteinntekter. Dette såg ein igjen i 2017, då særskilte årsaker utløyste ein kraftig skattevekst. For 2018 er det også venta meirinntekter på skatt, men i langt mindre målestokk.



Figuren viser budsjettet netto driftsresultat i perioden 2007 til 2019, og rekneskapsmessig netto driftsresultet frå 2007 til 2017.

Driftsinntekter

Driftsinntektene har ein fordelingsprofil som vist i figuren nedanfor:



Figuren viser fordeling av inntektsarter i drifta.


Den viktigaste inntektskjelda til kommunen er det som blir kalla frie inntekter. Desse består av

rammetilskot og skatt på inntekt og formue. Det er ingen bindingar til desse inntektene, og dei kan fritt disponererast av lokale styresmakter til kommunal tenesteproduksjon. For 2019 utgjer desse 73% av kommunen sine samla inntekter. Dette er ein nedgang på 1%-poeng frå året før.

Overføring med krav til mottaking utgjer 10% av inntektene, og er t.d. mva-kompensasjon frå driftsmidlar, tilskot og refusjonar knytt til sjukefråver og svangerskapspermisjonar. Andre sals- og leigeinntekter utgjer 7% av inntektene og inneheld m.a. kommunale avgifter, hus- og arealleiger og gebyrinntekter. Brukarbetalingane utgjer 3% og er hovudsakleg foreldrebetalning for barnehage, sfo og kulturskule, og opphaldsbetaling i institusjon. Eigedomsskatten utgjer 4% av samla inntekter, ein auke på 1%-poeng frå i fjor. Eigedomsskatten er auka frå 3 til 4 promille i 2019.

Driftsutgifter

Driftsutgiftene har ein fordelingsprofil som vist i figuren nedanfor:



Figuren viser fordeling av utgiftsarter i drifta.

Løn og sosiale utgifter utgjer størstedelen av dei kommunale driftsutgiftene, og utgjer her 74% av driftsutgiftene. Dette er ein nedgang på 2%-poeng frå i fjor. Pensjonsutgifter utgjer ein vesentleg del av personalkostnadane til kommunen. Varekjøp til eiga drift utgjer 10% av driftsutgiftene, medan varekjøp til erstatning for communal eigenproduksjon utgjer 8%. Overføringsutgiftene er på 5% og er t.d. tilskot til Kyrkjeleg fellesråd, tilskot til lag og organisasjonar og økonomisk sosialhjelp.

Finansinntekter

Vindafjord kommune har bankavtale med vilkår knytt til 3 mnd NIBOR med påslag. Storparten av likviditeten er knytt til denne. I tillegg har kommunen ein del unytta fonds- og lånemidlar. Delar av overskotslikviditeten er plassert i langsiktige finansielle aktiva i tråd med lokal forskrift om finansforvaltning. Storparten av fonds- og lånemidlar er disponert i økonomiplanen. Samla budsjettert avkastning på innskot og plasseringar er sett til 2,5% for 2019.

Utbytte og avkastning på ansvarlege lån til Haugaland Kraft er basert på aksjonæravtale mellom eigarkommunane, datert mai 2015. For 2019 er utbyttedelen noko høgare enn for 2018, medan renter på ansvarlege lån ligg i underkant av fjoråret. Totalt sett er desse inntektene noko over det dei var i 2018.


Finansutgifter

Vindafjord kommune har i fleire år hatt ei generell nedbetalingstid på 25 år på nye lån. Frå 2019 er denne auka til 30 år. Ein har spreidd porteføljen på ulike långjevarar, sjølv om det er eit avgrensa tal på aktørar i denne marknaden. Pr. 30.09.18 er Kommunalbanken største långjevar med 94,69% av lånegjelda. Husbanken står for 5,31%. Kommunen har rentebinding på under 1 år på 87,73% av porteføljen, og rentebinding over 1 år på 12,27%. Av fastrentelåna er bindingstida varierande frå 2-3 år. Samla rentebindingstid er 0,78 år og vekta gjennomsnittsrente er 1,54%. Gjeldsporteføljen er i tråd med kommunen sitt finansreglement.

Rentenivået er svært lågt og har vore det over lang tid. Ein forventar at dette vil vara ved ut 2019, sjølv etter renteoppgangen til Norges Bank tidleg haust 2018. På lengre sikt vil den sannsynlegvis gå opp. Rentebana til Norges Bank antydar ein jamn vekst opp mot 2% styringsrente i 2022. Det er høgst usikkert om dette vil inntre. På grunn av ein stadig meir global økonomi, vil forhold utanfor vår kontroll vera avgjeraende for rentenivået nasjonalt.

Ved fastsetjing av budsjettrenter i planperioden har ein tatt omsyn til forventa styringsrente og kredittpåslag i marknaden. Budsjettframlegget legg til grunn ei rente på 2,1% i 2019, for deretter å auka til 2,5% året etter, 2,9% i 2021 og 2,9% i 2022. Eit "normalrente-nivå" ville kunna ligga på 4,5-5,5%.

Som det går fram av figuren nedanfor, er avdragsraten høgare enn renteutgiftene. Dette skuldast relativt kort nedbetalingstid totalt sett, og lågt rentenivå. Figuren viser utviklinga av avdrag og renter i perioden, med dei føresetnader som ligg i budsjett dokumentet.



Figuren viser budsjetterte renter og avdrag i planperioden.

Finansiering av investeringar

I økonomiplanperioden 2019-2022 er det lagt opp til eit investeringsprogram på vel 299 mill kroner. Av dette er 269,9 mill kroner investeringar i bygg og anlegg. Dette er i underkant av investeringsnivået i gjeldande økonomiplan. Andre utgifter i investeringsbudsjettet er Startlånordninga på 6 mill kroner i perioden og avdrag på startlån på 2,96 mill kroner. KLP krev årlege eigenkapitalinnskot. Desse er stipulert til vel 8,15 mill kr. Det er også lagt opp til at salsinntekter på næringstomter blir sett av til fond, med 12 mill kroner. Samla finansieringsbehov er såleis 299 mill kroner i perioden.


Finansieringa av investeringane er basert på bruk av lånemidlar, salsinntekter, fondsbruk og

overføringer frå drifta. Det er også lagt inn ekstern delfinansiering på prosjektet «bustader til helse- og omsorgsformål». Dette utgjer 16,8 mill i perioden. Elles er det lagt opp til å bruka 17,9 mill kr frå fond, som m.a. skal nyttast til kjøp av tomt til ny idrettshall i Ølen. I same periode er det budsjettert med overføring frå drift på 16,8 mill kr. Låneopptak i perioden er sett til 200,7 mill kroner.

Sjølv om ein vesentleg del av finansieringa kjem frå lånemidlar, har ein også andre finansieringskjelder. Dette er eit positivt trekk ved økonomien. Bruttoprinsippet gjeld, slik at budsjetterte utgifter blir synleggjort med mva. Tilsvarande blir mva-kompensasjon vist som finansieringskjelde på finansieringssida. Mva-kompensasjonen utgjer 25,9 mill kr i perioden.

Ein del av investeringane skal finansierast ved bruk av salsinntekter. Dette gjeld sal av kommunale bustadtomter og næringstomter, men også vidaresal av tomt til ny idrettshall i Ølen. Ein del kommunale bygg er vedtatt utlagt for sal, og skal også nyttast til nyinvesteringar. Det er budsjettert med salsinntekter på 18 mill i perioden.

Figuren nedanfor viser korleis investeringane er finansierte:




Figuren viser korleis investeringane i planperioden er finansierte.

Utvikling av lånegjeld


Lånegjelda veks noko framover i planperioden. Det er lagt opp til auka låneopptak i høve til gjeldande økonomiplan. Det er kome til nye investeringsbehov i tillegg til at nokre prosjekt har blitt dyrare enn først planlagt. Finansiering ved overføring frå driftsrekneskapen går ned i perioden. Dermed må ein større del koma frå andre finansieringskjelder. Salsinntekter frå tomter, bygg og eigedom blir i stor grad avsett til framtidige investeringar. Dette fører til at ein større del av investeringane må finansierast med lån. Frå 2019 vil lånedelen vera om lag 71,2%, frå 2020 61%, frå 2021 75,1% og frå 2022 61,7%.

Lånegjelda vil nå sitt høgaste nivå på 580,7 mill kroner ved utgangen av 2021.



Figuren viser utvikling av lånegjeld i planperioden.

Netto lånegjeld pr. 31.12.17 var for Vindafjord kommune kr 48 193 pr. innbyggjar. Netto lånegjeld er definert som langsiktig lånegjeld minus pensjonsforpliktingar, formidlingslån, ansvarlege lån og unytta lånegjeld. Nivået i Vindafjord er lågare enn Rogalandskommunane samla, som hadde eit snitt på 57 848 pr. innbyggjar. Ved samanlikning med kommunegruppe 11 som Vindafjord er del av, ligg ein godt under denne. Kommunegruppa har eit snitt på kr 78 476 pr. innbyggjar. Landsnittet utanom Oslo er på kr 70 244 pr. innbyggjar.



Figuren viser utvikling i netto lånegjeld pr. innbyggjar i perioden 2014-2017 samanlikna med Kostragruppe 11, Rogaland og landet uten Oslo. Kjelde. SSB-kostra

2.5 Hovudoversikt drift

Jf Forskrift om årsbudsjett §12, vedlegg 3	Rekneskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Brukarter	-25 306 190	-23 990 441	-24 602 699
Andre sals- og leigeinntekter	-47 456 780	-44 244 172	-47 277 372
Overføringer med krav til motyting	-113 047 766	-71 912 956	-72 485 579
Rammetilskudd	-226 632 690	-258 810 000	-260 360 000
Andre statlege overføringer	-18 199 526	-17 618 760	-17 735 077
Andre overføringer	-5 078 272	0	0
Skatt på inntekt og formue	-300 936 008	-254 041 000	-265 068 000
Eigedomsskatt	-22 289 724	-23 100 000	-27 100 000
Andre direkte og indirekte skattar	0	0	0
SUM DRIFTSINNTEKTER (B)	-758 946 956	-693 717 329	-714 628 727
Lønsutgifter	401 494 279	399 785 141	415 042 438
Sosiale utgifter	103 156 905	109 077 355	113 014 184
Kjøp av varer/tenester som inngår i kom tenesteprod	89 283 996	72 108 708	72 232 356
Kjøp av varer/tenester som erstattar kom tenesteprod	62 199 736	52 197 345	57 227 057
Overføringer	41 022 347	31 138 190	31 340 190
Avskrivningar	23 294 659	19 000 000	23 000 000
Fordelte utgifter	-2 499 820	-682 800	-870 800
SUM DRIFTSUTGIFTER (C)	717 952 102	682 623 939	710 985 425
BRUTTO DRIFTSRESULTAT (D = B-C)	-40 994 854	-11 093 390	-3 643 302
Renteinntekter, utbytte og eigaruttkak	-15 536 915	-12 619 000	-13 540 000
Gevinst på finansielle instrument	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån	0	-710 000	0
SUM EKSTERNE FINANSINNTEKTER (E)	-15 536 915	-13 329 000	-13 540 000
Renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter	7 033 296	11 360 505	11 662 929
Tap på finansielle instrument	0	0	0
Avdrag på lån	23 117 336	25 054 000	27 188 000
Utlån	0	0	0
SUM EKSTERNE FINANSUTGIFTER (F)	30 150 632	36 414 505	38 850 929
RESULTAT EKST FINANS TRANSAKSJONAR	14 613 717	23 085 505	25 310 929
Motpost avskrivningar	-23 294 659	-19 000 000	-23 000 000
NETTO DRIFTSRESULTAT (I)	-49 675 796	-7 007 885	-1 332 373
Brak av tidl års reknesk messig mindreforbruk	6,55	1,01	0,19
Brak av disposisjonsfond	-3 317 022	0	0
Brak av bundne fond	-5 850 296	-870 910	-1 237 000
SUM BRUK AV AVSETNINGAR (J)	-16 093 839	-2 066 764	-3 521 761
Overført til investeringsrekneskapet	8 786 000	8 638 000	3 971 000
Dekning av tidligare års meirforbruk	0	0	0
Avsetninger til disposisjonsfond	18 953 845	174 831	174 831
Avsetninger til bundne fond	17 816 676	261 818	708 303
SUM AVSETNINGAR (K)	45 556 521	9 074 649	4 854 134
REKNESK MES MEIR/MINDREFORBR (L=I+J-K)	-20 213 114	0	0

2.6 Hovudoversikt investering

<i>Jf Forskrift om årsbudsjett §12, vedlegg 4</i>	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Inntekter			
Sal av driftsmidler og fast eiedom	2 000 000	3 000 000	2 000 000
Andre salsinntekter			
Overføringar med krav til motyting			
Stateige overføringar	9 950 000	11 200 000	7 325 000
Andre overføringar	17 700 000	8 500 000	
Renteinntekter, utbytte og eigaruttak			
Sum inntekter	29 650 000	22 700 000	9 325 000
Utgifter			
Lønsutgifter			1 088 000
Sosiale utgifter			272 000
Kjøp varer/tenester som inngår i tenesteproduksj	61 250 000	19 800 000	12 480 000
Kjøp varer/tenester som erstattar tenesteproduksj	7 000 000	67 700 000	72 669 000
Overføringar	1 000 000	500 000	700 000
Renteutgifter, provisjonar og andre finansutg.			
Fordelte utgifter			
Sum utgifter	69 250 000	88 000 000	87 209 000
Finanstransaksjonar			
Avdragsutgifter	720 000	740 000	740 000
Utlån	4 000 000	4 000 000	
Kjøp av aksjar og andeler	1 900 000	1 950 000	2 000 000
Dekning av tidlegare års udekka			
Avsetningar til ubundne investeringsfond			
Avsetningar til bundne fond			
Sum finansieringstransaksjonar	6 620 000	6 690 000	2 740 000
Finansieringsbehov	46 220 000	71 990 000	80 624 000
Dekka slik:			
Bruk av lån	33 951 000	48 696 000	64 023 000
Mottatte avdrag på utlån	700 000	710 000	730 000
Sal av aksjar og andeler			
Bruk av tidlegare års udisponert			
Overføringar frå driftsrekneskapet	9 569 000	9 184 000	3 971 000
Bruk av disposisjonsfond			
Bruk av ubundne investeringsfond			
Bruk av bundne fond	2 000 000	13 400 000	11 900 000
Sum finansiering	46 220 000	71 990 000	80 624 000
Udekka/udisponert	0	0	0

2.7 Andre innsatsfaktorar

	31.12.15	31.12.16	31.12.17	31.12.18	Endring 17-18
Rammeområde Administrasjon og felles drift					
Politisk styring	1,8	1,8	1,8	1,8	0,0
Administrasjon og felles drift	40,9	39,8	36,1	35,6	-0,5
Sum rammeområde	42,6	41,6	37,9	37,4	-0,5 ¹⁾
Rammeområde Oppvekst og kultur					
Barnehage	75,7	75,7	75,7	75,5	-0,2
Grunnskule	157,0	157,3	157,4	155,0	-2,5
Vaksenopplæring	7,1	7,1	7,1	7,0	0,0
SFO	10,4	11,9	13,3	14,2	0,9
PPT	7,2	7,2	7,2	6,7	-0,5
Kultur	11,7	11,7	11,2	11,6	0,4
Sum rammeområde	269,1	270,9	271,9	270,0	-1,9 ²⁾
Rammeområde Helse og omsorg					
Barnevern	13,2	13,2	13,2	12,5	-0,7
Helse og psykiatri	48,0	48,4	46,8	47,2	0,4
Tilrettelagte tenester	54,8	54,2	54,2	53,5	-0,7
Pleie og omsorg	142,4	141,6	141,6	141,8	0,2
NAV-kommunal del	6,0	7,2	7,0	8,6	1,6
Felles område	2,4	3,4	4,1	4,1	0,0
Sum rammeområde	266,8	267,9	267,0	267,7	0,7 ³⁾
Rammeområde Forvaltning, drift og utvikling					
Areal og forvaltning	16	16	15,5	16,5	1,0
Kommunaltekniske tenester	22,4	22,4	22,7	22,7	0,0
Reinhalld	25,9	25,5	25,1	25,1	0,0
Brann og redning	5,7	5,7	5,7	0,0	-5,7
Sum rammeområde	70,0	69,6	69,0	64,3	-4,7 ⁴⁾
Sum kommune	648,5	650,0	645,7	639,4	-6,3

1) Redusert i Servicetorg og merkantil-funksjon (0,9), omorganisert merkantil fra PPT, BV og tilrettelagde tenester (2,3), Omorganisert bustadkontor til Helse og omsorg (0,2), flytta stabsrådgjevar- og Kultur-funksjon til Oppvekst (1,9), og etablert felles Skatteoppkrevjar med Etne kommune (0,2).

2) Barnehage: budsjettert som tenestekjøp fra private barnehagar. Redusert barnetal.

Grunnskule: redusert 1 årsverk + heilårseffekt fra 2017. Overført stabsrådgjevar fra Service- og fellestener.

Reduksjon i fosterheimsplasserte med refusjon og andre tilskotsstillingar.

SFO: justert etter behov mot foreldrebetaling.

PPT: omorganisert merkantil til Service- og fellestener (0,8), tilsett logoped (0,3) finansiert med salsinntekter
Kultur: omstilling fra Servicetorg (0,4).

3) Barnevern: omorganisert merkantil til Service- og fellestener (0,8)

Helse og psykiatri: auka helsestasjon (1,3) finansiert med tilskotsmidlar

Tilrettelagde tenester: omorganisert merkantil til Service- og fellestener (0,4)

PLO: omorganisert fra Service- og fellestener (0,2)

NAV: styrka flyktningetenesta (0,6) finansiert med tilskot, omgjort løyving frå stønad til årsverk i KVP-ordninga

4) Areal og forvaltning: prosjektstilling (1) finansiert med gebyr

Brann og redning: overført til Haugaland Brann og redning IKS

3. VISJON, OVERORDNA MÅL OG RESULTATMÅL

3.1 Visjon

"Vindafjord kommune – **VITAL OG SENTRAL**" er kommunen sitt slagord, og er godt dekkande for kommunen si overordna målsetjing som **livskraftig distriktskommune** på Indre Haugalandet. Kommunen sitt verdival er sentrert omkring omgrepa trivsel, handlekraft og levande bygder.

I ordet **VITAL** ligg evne til omstilling, prioritering og nyorientering i høve til dei utfordringar som ligg framføre oss. Kommunen skal vera proaktiv i sine prioriteringar og val. I ordet vital ligg og at ein skal arbeida for å vidareutvikla levande bygder og nytta den krafta som ligg i bygdeengasjementet, til positiv utvikling for alle innbyggjarane. Kommunen skal vera stadig på leit etter betre løysingar for innbyggjarane og ha fokus på kvalitetsutvikling av tenestene.

Ordet **SENTRAL** femnar om kommunen si sentrale plassering og ambisjonen om å vera sentrum for Indre Haugalandet. Det er forpliktande i høve til utvikling av Ølen sentrum og å leggja til rette for næringsutvikling og vekst. Det er og ei målsetjing at kommunen er sentral i høve til kor folk ønskjer å bu og arbeida og kor bedrifter ønskjer å etablera seg. Dette krev nært samarbeid mellom kommune, frivillige lag og organisasjonar og næringslivet.

3.2 Overordna mål

Følgjande overordna mål støttar opp under visjonen om å vera ein «Vital og Sentral kommune»:

- Den kommunale tenesteytinga skal vera prega av høg kvalitet og respekt for den einskilde. Tenestetilbodet skal bidra til at den einskilde opplever meistring av eigen kvardag og eige liv.
- Arbeidsmiljøet i Vindafjord kommune skal vera prega av innsatsvilje, trivsel og humor.
- Vindafjord kommune skal vera i takt med utviklinga. Innovasjon, samhandling og endringskompetanse skal prega organisasjonen og tenesteutviklinga. I dette ligg og det å ta vare på og vidareutvikla god praksis.
- Kommunen skal gjennom strukturert samhandling med frivillig sektor bidra til eit aktivt og positivt bu- og oppvekstmiljø i alle bygdene.
- Vindafjord kommune skal ta ei sentral rolle i utviklinga av den indre delen av Haugalandet, med Ølen som eit naturleg senter.

Visjonen og måla blir aktivt nytta i intern og ekstern kommunikasjon.

3.3 Resultatmål

Med bakgrunn i dei overordna måla er det utvikla eit målkart med konkrete resultatmål. Desse er gruppert innanfor 4 sentrale område:

- Økonomi
- Brukarar og tenestekvalitet
- Samfunnsutvikling
- Organisasjonsutvikling

Utover dette er det sett opp andre arbeidsmål, strategiar og tiltak for 2019 og økonomiplanperioden innan dei ulike satsingsområda (Kapittel 4) og innan kvart tenesteområde (Kapittel 6).

Målområde	Hovudmål	Indikator	Målemetode	Resultat sist måling	Mål	Aksept. avvik
Økonomi	Sunn kommune-økonomi	Netto driftsresultat	Økonomi-system %	6,55 %	1,75 %	+/- 0,5%
		Likviditetsgrad (<i>kommunen si evne til å dekka kortsiktige forpliktingar</i>)	Økonomi-system %	2,54 %	>1	
		Eigenkapitalprosent (<i>eigenkapitalfinansiering av egedelar</i>)	Økonomi-system %	24,62 %	>20%	
	God økonomistyring	Rentedekningsgrad (<i>følsemeld i forhold til renteendringar</i>)	Økonomi-system %	8,06 %	> 1	
		Avvik i forhold til budsjett (- betyr underforbruk)	Økonomi-system %	0,57 %	0	+/- 1,0%
Brukarar og tenestekvalitet	Skule	Avvik i forhold til budsjett - einingsnivå	Økonomi-system %	-0,41 %	0	+/- 1,5 %
		Opplevd kvalitet	Andel brukarar som uttrykkjer at dei alt i alt er nøgd med tenestene	Betre-kommune. %	91%	90%
	Barnehage	Gode læringsresultat på barnetrinnet	Lesing, rekning, engelsk (landsnitt) Etter 4. trinn Etter 7.trinn Haust 2017	Nasjonale prøvar «Skoleporten» udir	47 48	50 50 ≥ 0 ≥ 0
		Gode læringsresultat på ungdomstrinnet	Snitt skriftleg eksamen i norsk hovudmål og sidemål, matematikk og engelsk (mål landssnitt) Vår 18	«Skoleporten» udir	3,4	3,5 ≥ 0
		God trivsel	Trivsel (mål landsnitt) 7. trinn 10. trinn Haust 17	Elevundersøkinga «Skoleporten» Udir	4,5 3,8	4,3 4,1 ≥ 0 ≥ 0
	Kultur	God lærarfagkompetanse	Lærarar skal ha godkjent fagkompetanse i dei faga dei underviser i.	Manglande kompetanse Skuleåret 18/19	20	0 vikariat
		God barnehage-dekning	Andel barn med rett til plass som får førsteønsket sitt	Opptak	98%	97% ≥ 0
		God fagkompetanse	Pedagogiske leiarar med utdanning i kommunale barnehagar	Dispensasjons-søknad frå norm	86%	100% Vikariat
	Helsestasjon	Godt grunnlag for byrjaropplæring	Alle barn i barnehage skal ha «aktivitetar for å læra grunnleggjande omgrep»	Rapportering av gjennomføring	100%	100% 0
		Tilbod til barn og unge	Andel elevar i musikk- og kulturskule i % av talet på barn i alderen 6-15 år	KOSTRA	21,2 %	>30%
		Fremja leselyst	Fremja biblioteket som møtestad. (Snitt besøk per innbyggjar)	KOSTRA	1.4	> 3,5
NAV	Heimebesøk	Andel heimebesøk, nyfødde innan to veker etter heimkomst	Helsestasjon statistikk	100%	100%	10%
	Flest mogeleg i arbeid og aktivitet	Sosialhjelppsmottakarar med sosialhjelp i 6 måneder eller meir	NAV statistikk	29%	20%	+5%
		Aktivitetsplikt – sosialhjelppsmottakarar under 30 år	NAV statistikk	81%	70%	+/-10%
		Tal personar i kvalifiseringsprogrammet	NAV statistikk	0	9	+/-4

Målområde	Hovudmål	Indikator	Målemetode	Resultat sist måling	Mål	Aksept. avvik
Pleie og omsorg	Utskrivingsklare pasientar	Antall døgn på sjukehus for uskrivingsklare pasientar	Betaling for uskrivingsklare	Kr. 499 176	<kr. 200 000	+/- kr. 50 000
	Korttidsplassar	Gjennomsnittleg oppholdstid per plass	Målt i tal dagar	33	25	+/- 10 dagar
	Heimetenester	Bruk av kvardagsrehabilitering for at innbyggjarane skal bu lengst mogeleg heime	Tal brukarar til ei kvar tid	0	4	+/- 2
Barnevern	Rett hjelp til rett tid	Andel barn med utarbeidd plan	Barnevern Statistikk	81,6%	100%	- 5%
		Andel undersøkingar handsama innan fristen	Barnevern statistikk	46%	100%	-10%
	Oppfølging fosterheimar	Andel tilsynsbesøk i året (4 pr. år)	Barnevern statistikk	96,45%	100%	-5%
	Effektiv og god saksbehandling	Gjennomsnittleg saksbehandlingstid, byggesak	KOSTRA (Dagar)	28	< 21	5 dagar
Areal og forvaltning		Gjennomsnittleg saksbehandlingstid, reg. plan	KOSTRA (Dagar)	230	< 300	
	Positiv folketals-utvikling	Netto folketilvekst	SSB - årsstatistikk	0,3 %	> + 1 %	
		Byggemelde bustader og tilbygg	Meld i kalenderåret	70	70	
		Fullføring vidaregåande skule	Statistikk fylket	80,4 %	75%	
	Integrering i arbeidslivet	Etter 2 år intro. prog skal deltagarar vera kvalifisert til arbeid eller vidare skulegang	Statistikk IMDI	10%	55%	
Samfunns-utvikling	Miljø	Miljøsertifisering kommunale einingar	Tal sertifisering/ resertifisering	0/2	1	
	Leiar-, medarbeidar- og organisasjons-utvikling	Helsefremjande arbeidsplass	Sjukefråvær	Lønssystem %	7,5 % (2017)	< 6 %
		Meistringsorientert leiing	10faktor	3,8 (2016)	4,0 i 2019	
		Meistringsklima	10faktor	4.0 (2016)	4,1 i 2019	
Organisasjons-utvikling						

4. SATSINGSMÅRÅDE OG STRATEGIAR

I dette kapitelet har ein prioritert 12 strategiar frå kommuneplanen sin samfunnsdel som område ein skal via særleg merksemd i planperioden. Under det einskilde punkt er det vist til mål og strategi i kommuneplanen og laga ei kort skildring av status og utfordringar. Vidare er det peikt på aktuelle tiltak i planperioden.

Dei tiltaka som krev ekstra midlar gjennom budsjettvedtaket er sett opp med aktuelt beløp (drift eller investeringar). Dei som vert gjennomført innan eksisterande drift er merka med «Drift».

Det er og vist til kva rammeområde i budsjettet som har ansvar for gjennomføring. I kapittel 6 i budsjettheftet er desse tiltaka sett opp igjen under det aktuelle tenesteområde som har ansvar for gjennomføringa - i lag med andre aktuelle tiltak for tenesteområdet i planperioden.

4.1 Samfunnsutvikling

Lokal samfunnsutvikling spenner vidt. Det handlar om kommuneplanen, stadsutvikling, å skapa engasjement og tilhøyre, utradisjonelle og nyskapande grep i utviklinga av tenestetilbodet, å stimulera til demokratisk deltaking, samferdsle, transport og digital infrastruktur for å nemna noko. Samfunnsutviklingsrolla handlar i stor grad om å utnytta det lokalpolitiske handlingsrommet og å organisera arenaer for samhandling og utvikling av nettverk mellom dei ulike aktørane i lokalsamfunnet. Kommunen har ei nøkkelrolle i å få til ei positiv samfunnsutvikling. Kommunen må ta ansvar for heilskap i prosessane, sørge for at alle grupper blir høyrte og representert. Kommunen må mobilisera til lokale krafttak og utløysa og støtta opp om lokale initiativ. Dette arbeidet må gjerast i nært samarbeid med grendelaga, med frivillige lag og organisasjonar og med næringslivet. Kommunen har tradisjon for dugnadsarbeid, både frå næringslivet, frivillige lag og organisasjonar og enkeltindivid. Den dugnadsånda blir viktig å pleia.

Ny vekst i Vindafjord!

For å få ny vekst innan eit variert næringsliv må kommunen vera på «offensiven» som ein attraktiv kommune å etablira seg i. Vekst i næring og etablering innan så vel handel, tenesteyting, industri og landbruk vil skapa nye arbeidsplassar, auka inntekter og få nye innbyggjarar til kommunen. Eit viktig tiltak for å nå dette målet er å ha ei strategisk satsing på tilrettelegging, utvikling og marknadsføring av ledige næringsareal i heile kommunen. Dette gjelder både kommunale og private næringsareal som er avsett i arealplanen til kommunen. Det skal også vera fokus på samarbeid og ei effektiv førstelinjeteneste for næringslivet som kontaktar kommunen. Det er viktig å vera synleg og vera klar til handling når nytt næringsliv vil etablira seg i kommunen.

4.1.1 Attraktivitet og busetnad

Kommuneplan for Vindafjord 2017 – 2029 samfunnsdelen	
Satsingsområde	Levande bygder
Mål	Årleg befolkningsvekst på 1 %
Strategi	<i>Det er viktig å utvikla og marknadsføra Vindafjord kommune som ein attraktiv bu-kommune. Dette krev ei brei satsing på bustadomter, arbeidsplassar, kulturtilbod, handel og service, og ein desentralisert barnehage- og skulestruktur. Kommunen vil også ha særleg fokus på at lokal ungdom flyttar tilbake etter endt utdanning og buset seg her.</i>

Status og utfordringar:

Attraktivitet

Kommunen har hatt ein befolkningssauke på omlag 1% dei siste 10 åra. Den kurva har flata ut den siste tida og dei siste 2 åra har det vore ein reduksjon i folketalet. Det vil vera viktig for kommunen å auka sin bu-attraktivitet. Kommuneplanen har mål om at befolkningsveksten skal vera 1% også i framtida. I Vindafjord bur ca. 62% av befolkninga i spreiddbygde strøk. Som i andre kommunar rundt oss har bygder og område langs hovudvegnettet god befolkningsvekst, medan andre stadar har ei svakare utvikling. I mindre bygder er funksjonar som barnehage, skule, daglegvare og bygdehus sentrale knutepunkt og møteplassar i nærmiljøet. Kommunen har barneskular i alle dei ni bygdene, medan ungdomsskule er lokalisert til Ølen, Vikedal og Skjold.

I små bygder er hovudvekta av dei som buset seg, folk med tilknyting til bygda. Vindafjord har eit overskot av arbeidsplassar og såleis ei netto innpendling. Det er eit potensial for at desse pendlarane kan busetja seg i kommunen, dersom kommunen er bu-attraktiv nok. Ei anna aktuell gruppe er nye flyktninger i kommunen. Det kan vera aktuelt for nokre av desse å busetja seg i andre bygder enn Ølen. Det må då leggjast til rette for at dei kan trivast der dei bur, og at kollektivtilbodet blir betre. Dei må takast med på råd om kvar dei vil bu. Samla sett er dette grupper som kan vera veksande, og såleis bidra til befolkningssauke i kommunen.

For å setja fart på arbeidet med å gjera Vindafjord «bu-attraktiv» blei det i budsjettet for 2018 vedtatt å setja i gong med eit 3 årig attraktivitetsprosjekt. Dette er eit spanande, men og krevjande arbeid. Prosjektgruppa er komen godt i gong og målet er å setja i gong mange gode tiltak som kan skaffa nye innbyggjarar på sikt.

Det er i økonomiplanperioden 2018-2021 sett av tilsaman kr. 700 000 til kostnader i prosjektet, og det står i perioden 2019-2021 kr. 400 000 att.

Marknadsføring

Med tanke på at kommunen sitt potensial for innflytting ligg i dei som er fødde i kommunen, dei som kjem for å ta arbeid i det gode næringslivet, dei som skaper nye arbeidsplassar, og dei som kjem hit som flyktningar, bør vår marknadsføring spissast i den retninga. Spesielt gjeld dette dei som er fødde i Vindafjord kommune. Og kanskje endå meir presist, dei som blei fødde i kommunen for 25 år sidan, pluss, minus fem år. Dei er ute etter gode stader å leva sitt familieliv, kvalitet på og nærliek til skular og barnehagar og god fritid for heile familien.

Arbeidet med marknadsføring av Vindafjord som bu-kommune må gjerast i samarbeid med grendelaga, næringslivet og dei frivillige.

Turkommune

Kommunen har i mange år hatt fokus på turstiar i alle bygder og merking av desse. Gjennom eige prosjekt er 5 turar i kvar bygd, til saman 45 turar, merka og haldne ved like gjennom samarbeid mellom kommunen og frivillige i bygdene. Kommunen har også oppretta eit samarbeid om nye turar gjennom Vindafjord turlag, med målsetting om å få bygd endå fleire kilometer med turveg og binda desse saman til eit nettverk som bind saman alle dei 9 bygdene. Visjonen er å gjera Vindafjord til den store turkommunen i distriktet. Dette vil gjera kommunen meir attraktiv for tilflyttarar, men er også viktig innan reiselivsutvikling.

Vindafjord kommune skal halda fram med å utvikla og leggja til rette for gode turtilbod i våre lokalmiljø og ut i skog og fjell. Det må leggjast til rette for god merking av turar og i lag med grunneigarar må vi finne gode løysingar for turtrasear og parkering. Kommunen må ta initiativ overfor friluftsråd og lokale krefter til skilting og merking av kor desse turstiane er.

Bustadomter

I Vindafjord bur mellom 93 og 98% av befolkninga i einebustader. 97% av alle bustader som er bygd siste åra er einebustader. Medan mellom 50 og 60% av befolkninga er anten åleinebuande eller par utan heimebuande born. Det gjer at det truleg er ein marknad for leilegheiter og meir konsentrert bustadbygging, men det er og eit av fortrinna for Vindafjord som kommune å kunna profilera tilgjengelege tomter for einebustader i heile kommunen med nærheit til fjell, sjø og flott grøn natur. Det er sett av tomter til bustadbygging i heile kommunen, men nokre bygder har få tilgjengelege tomter. Dette gjeld spesielt for Sandeid, Vikedal og Imsland. I Vikedal synest det betring med føreståande utvikling av tomter i Søndenåffeltet og på Holmen. I arbeid med neste kommuneplan må ein sjå på nye løysingar for Sandeid og Imsland spesielt. Det må vere tilgjengelege og attraktive tomter i alle bygdene i kommunen.

I 2018 er arbeidet med bustadanalyse for heile kommunen og eigen sentrumsanalyse for Skjold sett i gong. Den skal vera utgangspunkt for arbeidet med kommuneplanen og som eit grunnlag for å utarbeida ein bustadstrategi for kommunen. Analysen skal vera ferdig februar- mars 2019.

Næringsliv og handel

Vindafjord har hatt ein markant auke i talet på verksemder frå år 2009 til 2016, sjølv om det har vore ein reduksjon frå 2015-2016.

Statistikken viser at industriverksemd er den største næringsgruppa i Vindafjord kommune målt i talet på sysselsette, med ein auke på nær 40 prosent i perioden frå 2008 til 2015. Helse- og sosialtenester er nest største næringsgruppe. I denne gruppa har det vore ein auke i sysselsetjinga på om lag 25 prosent i same periode. Primærnæringane (jordbruk, skogbruk og fiske) er tredje største næringsgruppe, men her ser me ein nedgang i sysselsetjing på 12,5 prosent frå 2008 til 2015 (nedgangen gjeld sysselsetjinga, produksjonen er oppretthalden).

Sjølv om det er tøffe tider for industrien i landsdelen og også for oss, kan det synast som om næringslivet i kommunen står støtt og at mange har hatt ei positiv utvikling og framgang i løpet av 2018. I neste år, og gjennom økonomiplanperioden vil det vera viktig at kommunen samhandlar med næringslivet og på best mogleg vis prøver å vera ein næringsvennleg kommune. Kommunen vil fortsetja å kjøpa tenester frå næringshagen, og samfunnsutviklar sit to dagar i månaden i næringshagen.

Ølen som kommunesenter og regionalt senter skal utviklast og når det gjeld aktivitet og handel. Ølen er med i fylkeskommunen sitt tettstadsprosjekt, og eit av måla for vårt lokale prosjekt handlar om auka aktivitet og handel i Ølen sentrum. Prosjektet går inn i ein veldig viktig fase med god moglegheit for å gi ein meirverdi i heile sentrum gjennom god samordning av pågående byggeprosjekt. Kommunen bygger nytt Kultur- og læringssenter i Ølen. Dette og komande utviding av Ølen vidaregåande skule samt bygging av ein Kunst-, kultur- og aktivitetspark i Ølen vil skapa slik auka aktivitet. Bygging av parken vil starta på nyåret og er planlagt ferdig til sommaren. Oppstart av utviding av Ølen vidaregåande skule startar også i 2019.

Kommunalt tenestetilbod

Kommunen har gode barneskular og barnehagar, og driv ei god helse- og omsorgsteneste. Det vil vera viktig å oppretthalda den gode kvaliteten i alle tenester kommunen etter lova skal gje innbyggjarane, men og det som kjem i tillegg. Det som skal gjera kommunen til eit bu-alternativ som er å føretrekka. Brukarundersøkingar og annan dialog med innbyggjarane vil gi den beste innsikt for å utvikla kommunen som tenesteleverandør. Vi har utfordringar på service og responstid på førespurnader til kommunen. Det må bli betre, og arbeid med forbetring vil fortsetja gjennom heile perioden.

Aktuelle tiltak i planperioden	Finansiering	Ansvar
Gjennomføra tettstadsprosjektet Ølen sentrum	Drift	FDU
Bustadsanalyse i heile kommunen og sentrumsanalyse for Skjold	Drift	FDU
Gjennomføra attraktivitetsprosjektet	Drift	FDU

4.1.2 Berekraftig arealforvaltning

Kommuneplan for Vindafjord 2017 – 2029 samfunnssdelen	
Satsingsområde	Berekraftig arealforvaltning
Mål	Forvalta naturressursar og menneskeskapte verdiar forsvarleg
Strategi	<i>I arealplanlegginga skal ein sikra at viktige jord- og skogbruksområde og andre naturressursar ikkje vert nedbygde</i>

Status og utfordringar:
Vindafjord er ein kommune med spreidd bygging, vel 62% av innbyggjarane bur i det som er definert som spreiddbygde strøk. Kommunen har ein geografisk utstrekning på 765 km ² . Kystlinja er i overkant av 200 km. Historisk sett er busetnaden lokalisert til strandsona og dei større dalstrøka inn i landskapet der det er gode tilhøve for jordbruk og ferdsel. Det same busetjingsmønsteret er gjeldande også i dag, men sjølv sagt med ei fortetting på bakgrunn av folketalsauken. Landbruket og utmarksressursane er viktige for mat- og planteproduksjon, busetjing og kulturlandskap. Det er ei viktig oppgåve i planlegginga å ta vare på naturressursane og særskilt verna om god matjord. Samstundes veit me at jordvernet må balanserast mot storsamfunnet sine behov. Planlegging av ny E134 er eit godt døme på det. Kommunen med si lange kystline og tilknyting til to fjordbasseng har naturleg gode tilhøve for næringar relatert til sjø. Me har sjørelatert industri og akvakulturanlegg som legg beslag på areal i begge fjordbassenga.
Landbruket har historisk vore ei av fleire kjelder til forureining i vassdrag. Mykje er her retta opp, men landbruket har fortsatt ein jobb å gjera for å bidra til at vassdraga i kommunen når tilfredsstillande vasskvalitet. Vassdirektivet til EU har som mål at alle vassførekomstar skal ha «god økologisk og kjemisk tilstand». Det er viktig for Vindafjord å ha tett oppfølging av dei prioriteringar som er sett i samband med regionale planar.

Aktuelle tiltak i planperioden	Finansiering	Ansvar
I arealplanlegginga sikra at viktige jord- og skogbruksområde og andre naturressursar ikkje vert nedbygde. Føra arealrekneskap som sikrar erstatning for matjord som går tapt.	Drift	FDU
Gjennomføra ein bustadsanalyse for heile kommunen som grunnlag for eit betre og meir tilpassa bu-tilbod i kvar av bygdene.	Drift	FDU
Leggja til rette for busetjing i alle bygder, men fortetting i eksisterande busetjing som ligg nær barnehage og skule skal ha første prioritet.	Drift	FDU
Kommunen må ha sterkt fokus på å redusera forureining i natur og vassdrag. Særskilt gjeld dette plastforureining.	Drift	FDU

4.1.3 Folkehelse

Kommuneplan for Vindafjord 2017 – 2029 samfunnsdelen	
Satsingsområde	Levande bygder
Mål	Fremja folkehelse og jamna ut sosiale helseskilnader
Strategi	<i>Arbeida heilsakapleg og sektorovergripande med folkehelse i god samhandling med frivillige lag, grendelag og organisasjonar.</i>

Status og utfordringar:
<p>Folkehelselova av 1. januar 2012 set krav til kommunen sitt arbeid med og ansvar for folkehelse. Føremålet med lova er å sikra ei samfunnsutvikling som fremjar folkehelsa, og å utjamna eventuelle sosiale helseforskjellar som måtte finnast i samfunnet. Lova løfter ansvaret frå helsetenesta åleine til kommunen samla. Eit av dei sentrale krava til kommunen er å ha ei god oversikt over helsetilstanden til befolkninga, gjennom å laga eit oversiktssdokument. Kommunen har brukt lang tid på å følgja dette kravet. No er dokumentet endeleg på plass, og kan gje grunnlag for vidare godt planarbeid med folkehelse.</p> <p>Det heiter seg at det skal vera helse i alt vi gjer, og det skal dokumenterast. I vår språkbruk, både i vedtak, planar og strategidokument, må folkehelse stå fram mykje tydelegare enn før, og ikkje minst må det følgjast opp med aktivitet som tar sikte på å betra folkehelsa til befolkninga. Som til dømes å støtta opp under det gode arbeidet Vindafjord Turlag gjer med å byggja turvegar på kryss og tvers i kommunen.</p> <p>Oversiktssdokumentet kommunen no har laga, vil danna grunnlag for fleire tiltak og aktivitetar gjennom heile perioden.</p> <p>Det er i 2018 oppretta ei brei tverrfagleg gruppe som skal ha ansvaret for å følgja opp folkehelsearbeidet. Gruppa vil ha ansvar for utarbeiding av folkehelsestrategi for kommunen, følgja opp og revidera tiltaksplanar og sjå på behovet for revisjon av folkehelseplanen.</p> <p>Det må vera eit samla og overordna fokus på at vi kan bli eit aldersvenleg samfunn med inkluderande lokalmiljø og førebyggjande folkehelsearbeid.</p>

Aktuelle tiltak i planperioden	Finansiering	Ansvar
Implementera folkehelsedokumentet og definera klare mål i ein ny strategi for folkehelsearbeid i kommunen.	Drift	FDU
Årleg oppdatering av folkehelsedokumentet.	Drift	FDU

4.1.4 Oppvekst

Kommuneplan for Vindafjord 2017 – 2029 samfunnsdelen	
Satsingsområde	Levande bygder
Mål	Tilretteleggja for gode bu- og oppvekstvilkår for born og unge i alle bygder i kommunen
Strategi	<i>Kommunen skal gjennom strukturert samhandling med frivillig sektor bidra til eit aktivt og positivt bu- og oppvekstmiljø i alle bygdene.</i>

Status og utfordringar:

Oppvekst og kultur er i eit eige driftsområde for kommunen. Tidleg innsats i barnehage og skule er eit viktig område, men også trygge skulevegar, gode leikemogelegeheter, kulturskuleaktivitetar og kulturtilbod retta mot barn og ungdom.

Ein god samanheng mellom barnehage og skule handlar om å leggja til rette for eit heilskapleg opplæringsløp som tek vare på barnet sitt behov. Det handlar både om at læringspotensialet hos det enkelte barn vert ivaretake, støtta og utvikla på eit tidleg tidspunkt, og at barnet i det vidare skuleløpet får moglegheit til å byggja på kunnskap og erfaring frå barnehagen. Samhandlinga mellom barnehage og skule skal ivareta barnet sitt behov for tryggleik i ein overgangsprosess, og bidra til at opplæringa vert tilpassa det enkelte barnet allereie frå første skuledag.

Eit viktig mål er å gje eit best mogeleg tilbod til dei yngste innbyggjarane våre. Gode tenester på barnehage, skule, SFO og kulturskule er tiltak for å få fleire til å busetja seg i Vindafjord kommune.

Natur, friluftsliv, helse og miljø skal vera ein naturleg del av kvardagen i barnehagar og skular. Vindafjord kommune arbeider aktivt for friluftsliv og har som målsetting å gjera Vindafjord til ein turkommune. Dette vil vera svært positivt for eit godt oppvekstmiljø. I samarbeid med frivillige er det viktig at kommunen støttar opp om aktivitetstilbod som fremmar fysisk aktivitet. Aktivitets- og leikepark i Ølen sentrum, som vil stå ferdig sommaren 2019 vil leggja til rette for ein sentral sosial møteplass som og legg opp til mykje fysisk aktivitet. Gjennom attraktivitetsprosjektet til kommunen håpar ein i samarbeid med frivillige å få på plass fleire tiltak som vil bidra til sosiale møteplassar i bygdene.

Aktuelle tiltak i planperioden	Finansiering	Ansvar
Leggja til rette for gode bu- og oppvekstvilkår for barn og unge i heile kommunen.	Drift	OK
Utarbeida skule- og barnehagebruksplan for Vindafjord kommune	Drift	OK

4.1.5 Klima, energi og miljø.

Kommuneplan for Vindafjord 2017-2019 samfunnssdelen	
Satsingsområde	Handlekraftig kommune og samfunn
Mål	Ha energi-, klima- og miljøfokus med i kommunal planlegging og i konkrete tiltak.
Strategi	<ul style="list-style-type: none"> - Arbeida systematisk, heilskapleg og sektorovergripande i arbeidet med samfunnstryggleik, klima- og miljø. (Kommuneplanen s.39: 17,1.) - Følgje opp arbeidet med energi- og klimaspørsmål etter ei tydeleg prioritering. (Kommuneplanen s.39: 17,5.)

Vindafjord kommune må ta sin del av eit globalt ansvar, difor er t.d. Vindafjord ein Fairtrade- kommune.

Klimaendringane er vår tids største utfordring, lokalt og globalt. Dei arealmessige konsekvensane lokalt er omtalt i pkt 4.2.1 - Berekraftig arealforvaltning.

Utfordringa må også møtast med andre lokale praktiske, taktiske, strategiske og haldningsmessige tiltak, for slik å delta i arbeidet med å stansa den negative globale utviklinga.

Utfordringane er sektorovergripande. Planstrategien seier at ein må «Gjera energi- og klimaarbeidet til ein naturleg del av kommunen si verksemd».

Aktuelle tiltak i planperioden	Finansiering	Ansvar
Årlig miljøfyrårnsertifisering av minimum to kommunale bygg	Drift	FDU/ Alle
Oppretta «miljøpris» til einingar som gjer tiltak innan klima, energi og miljø.	Drift	AF
Oppretta kommunal «klima- og miljøpris» til verksemder eller privatpersonar for på denne måten oppmoda til miljøfyrårnsertifisering, energisparing o.a.	Drift	AF
Ved kommunale nybygg og rehabiliteringar er vurdering av energi- og miljøtiltak ein del av saksutgreiinga, t.d. bruk av solcellepanel.	Investering	FDU
Redusera bilbruk ved utbygging av sykkel- og gangstiar. Samordna med «Trafikksikker kommune».	Investering	FDU
For nye parkeringsplassar skal det vurderast tilrettelegging av ladepunkt for elbil.		FDU
Planlegge ladepunkt for elbil ved kommunale bygg	Investering	FDU
Arbeidet med revisjon av kommuneplan skal ha omsynstaking til klima- og miljøutfordringane.		FDU
Ha fokus på forureining i fjordbassenga		FDU
Etiske og klimanøytrale innkjøp skal vera ein faktor i kommunal innkjøpspolitikk/- samarbeid.		AF
Vidareutvikla og auka bruken av «digitale møte», som «Skype in business»		AF
Samordna communal transport. Konkretisera arbeidet som vart gjort i BLT-prosjektet.		

4.2 Tenesteutvikling

I løpet av dei neste åra er det viktig å utvikla tenestene med tanke på meir førebygging og meir hjelp til sjølvhjelp. Kommunen skal i større grad leggja til rette for den einskilde sin moglegheit til å klara seg sjølv og i mindre grad «ta over» ansvaret. Dette krev meir satsing på førebygging og tilrettelegging, haldningsendringar hjå dei tilsette og nytt blikk på den einskilde sitt reelle behov. Motivasjon og arbeidsglede hos den einskilde tilsette er viktig for å få til haldningsendring, vilje og lyst til å ta nye utfordringar i naudsynt tenesteutvikling.

For å få dette til, satsar kommunen på å rekruttera og utvikla leiarar med fokus på desse hovudområda innan arbeidsmiljø:

- leiing og organisering, psykososialt arbeidsmiljø og kultur, fag, fysisk arbeidsmiljø og ergonomi og individuelle tilhøve.

Innsats her vil på sikt føra til naudsynt nedgang i sjukefråvær.

4.2.1 Busetjing av flyktningar og integrering

Kommuneplan for Vindafjord 2017 – 2029 samfunnssdelen	
Satsingsområde	Levande bygder
Mål	Vera eit ope og inkluderande samfunn der alle har like rettar, plikter og moglegheiter for samfunnssdeltaking.
Strategi	<i>Støtta opp om tiltak og frivillig verksemnd retta mot innvandrarar og flyktningar for å gjera denne gruppa aktive og sjølvstendige deltakarar i lokalsamfunnet.</i>

Status og utfordringar:

Kommunestyret gjorde i sak 106/15 vedtak om å busetja inntil 25 personar årleg i perioden 2017 – 2019. Familiegjenforening kjem i tillegg. IMDI har vidare varsla om færre asylsøkjarar. Oppmoding om busetjing blir sendt til dei største kommunane.

All buseetting av flyktingar har vore i Ølen pga. praktiske årsaker. For å stimulera til flytting til andre bygder enn Ølen, vil ein søkja å inngå tilstrekkeleg mange tilvisningsavtalar som kan vera med å sikra gode bustader i andre bygder.

Dette kan etter ei tid i Ølen vera aktuelt for nokre flyktingar, men ein bør sjå på heilskapen, -korleis dei totalt kan få ein god livssituasjon. Det er kanskje så viktig kor ein bur, men det er viktig å ha jobb, skule og barnehage, butikk, fritidsmoglegheiter og eit nettverk i nærleiken.

Det er framleis høge prisar i leigemarknaden, til tross for «mindre aktivitet» i arbeidsmarknaden i regionen. Høge husleiger og redusert bustønad gjer fleire avhengige av supplerande sosialhjelp til livsopphold og hemmar utdanning og god integrering.

Det er dei siste tre åra (fram til og med oktober 2018) buseett 54 personar med rett og plikt til introduksjonsordning . Alle har rett på eit individuelt tilpassa program, som ligg tett opp til utdannings- og arbeidslivsmodellen. Det er få med relevant utdanningsbakgrunn frå heimlandet, og dei har von om «praksisvegen til arbeid». Det er stort press på praksisplassar, og det er mange grupper som har behov for praksisplass for å få arbeidserfaring. Vindafjord kommune må tilretteleggja for fleire praksisplassar og språkplassar for denne målgruppa. For å gjennomføra og følgja opp dette må ein avgrensa ansvarsområdet til programrådgjevar og organisera denne under vaksenopplæringa.

Dei viktigaste tiltaka for å sikra god integrering er å bidra til at dei som kjem så raskt som mogeleg er i stand til å ta del i samfunnet med verdiskaping; gjennom utdanning og arbeid. Difor er det viktig å ha fokus på «arbeidslinja» og arbeida for å få etablert fleire praksisplassar, arbeidsforberedande tiltaks-/ tilskotsplassar og arbeidspraksis i det øvrige næringsliv. Vidare er det viktig å vidareutvikla samarbeidet med frivilligsentralen og lag og organisasjonar i kommunen for å etablira gode møteplassar og aktivitetar for nye innbyggjarar i Vindafjord. Det er utarbeidd ei tiltaksliste for dette; «Buseetting-kvalifisering-integrering».

Godt integreringsarbeid skal og bidra til å førebyggja radikalisering og valdeleg ekstremisme. Det er utarbeidd eigen handlingsplan for dette, som skal rullerast i 2019.

Aktuelle tiltak i planperioden	Finansiering	Ansvar
Etablera fleire praksisplassar / språkpraksisplassar og arbeidsførebuande tiltaksplasser	Drift	HO
Bidra til gjennomføring av arrangementet «Mitt fargerike nabolag» kvart år	Drift	HO
Oppfølging av tiltaksliste buseetting, kvalifisering og integrering	Drift	HO
Rulling av handlingsplan mot radikalisering og valdeleg ekstremisme i 2019	Drift	HO

4.2.2 Bustadsosial handlingsplan

Kommuneplan for Vindafjord 2017 – 2029 samfunnsdelen	
Satsingsområde	Levande bygder
Mål	Ha butilbod som er tilpassa menneske i ulike livssituasjonar
Strategi	Bustadsosial handlingsplan er eit verktøy i arbeidet med å sikra bustader for alle grupper

Status og utfordringar:

Dei siste åra har det bustadsosiale arbeidet i Vindafjord kommune hatt eit godt løft. Ein har nytta inneverande bustadsosial handlingsplan til å utvikla arbeidet og heva kvaliteten på tenesta. Bustadsosial handlingsplan 2018 – 2022 vart vedteken i 2018.

Av dei viktigaste grepene som er gjort er opprettinga av eit «bustadkontor» som éin skranke for bustadsøkjarar, leigetakrarar, pårørande, tenestene og oppgåvane. Delar av oppgåvane er lagt til Tenestekontoret. Tiltaket har gjort det lettare å kommunisera mellom aktørane, og feltet er meir oversiktleg enn tidlegare.

Like viktig har arbeidet med ein meir tenleg bustadmasse vore. Det er i perioden selt og bygd bustader i tråd med Bustadsosial handlingsplan 2014-2018 og nye tiltak i det vidare arbeidet er lagt inn i Bustadsosial handlingsplan 2018 – 2022.

Arbeidet med vidareutvikling av tenesta og vidare målretting av bustadmassen vil vera grunnleggjande for å kunna møta utfordringane som ligg føre i åra som kjem. Frå 2026 legg folkeutviklinga føringar om ein større del eldre i befolkninga. Det er allereie no bruk for ei endring frå institusjonsbaserte tenester til heimetenester gjennom omsorgsbustader med heildøgn bemanning. Vindafjord manglar omsorgsbustader med heildøgnsbemanning for eldre i det kommunale tenestetilbodet. Ved etablering av omsorgsbustader med heildøgnsbemanning vil ein kunna tilrettelegga for eit tilbod mellom ordinær omsorgsbustad og institusjon.

Kommunen har eit relativt lågare tal kommunale bustader til utleige per 1000 innbyggjarar enn landet elles. Dette kan ein mellom anna møta med å inngå samarbeid med private aktørar om Tilvisingsavtalar. Vindafjord har som første kommune på Vestlandet inngått slik avtale, og er i forhandlingar med utbyggjarar om fleire.

Eksisterande bygningsmasse må målrettast ytterlegare i framtida. Ved å gjennomføra små eller større ombyggingar kan ein tilby andre og betre bustader og tenester enn tidlegare.

Aktuelle tiltak i planperioden	Finansiering	Ansvar
Oppfølging av bustadsosial handlingsplan	Drift	HO

4.2.3 Rusmiddelpolitisk handlingsplan for førebyggingsarbeidet

Kommuneplan for Vindafjord 2017 – 2029 samfunnssdelen	
Satsingsområde	Levande bygder
Mål	Enkeltmenneska skal i størst mogeleg grad meistre eige liv. Tenestetilbodet basert på samarbeid og medansvar skal byggja opp om dette
Strategi	Etablera rutinar for å identifisera og fylgja opp personar med rusutfordringar

Status og utfordringar:

Helse- og omsorgsplanen vart vedteken i kommunestyret oktober 2015. Følgjande strategiar er lagt for det rusførebyggande arbeidet:

- Førebygging av rusavhengigkeit skal vera eit prioritert område i kommunen.
- Personar i alle aldrar med rusrelaterte utfordringar skal ha eit meiningsfullt tilbod med fokus på meistring, aktivitet og bustad.
- Meir openheit kring temaet rusbruk, også alkohol, og forståing rundt rusproblematikk.
- Rusomsorg i eit familieperspektiv.
- Tilsette skal ha høg kompetanse på rusbehandling.

- Personar som står i fare for, eller har utvikla eit rusproblem, skal oppleva å få god tverrfagleg og heilsakleg oppfølging.

Følgjande tiltak er peikt på i planen:

- Samarbeid med SLT koordinator, vidaregåande skule, helsesøster og barnevern, folkehelseinspirator, NAV og politi, Rettleiingssenter for pårørande med fleire.
- Kommunen er «Av og til kommune».
- Informasjonsarbeid på skular og til kommunalt tilsette i relatert arbeid.
- Etablara rutinar for bruk av data frå Elevundersøkjinga, Ung data og Brukarplan.
- Ulike tilbod som t.d. «Inn på tunet», treningscenter, individuell oppfølging, burettleiar.
- Prosjektet «Aktivitet og ut i arbeid» starta 1.1.15.

I 2017 vart helsestasjonen styrkja med om lag 2,2 mill kr. Dette har ført til ei styrking av skulehelsetenesta, både i grunnskulen og for elevar i vidaregåande skule. Elevane/deltakarane på Vaksenopplæringa bør og få tilbod om å snakka med helsesøster i skuletida. Gjennom SLT arbeidet er det sett i verk ei rekke gode tiltak overfor barn og unge. Det vert viktig å sikra vidareføring og vidareutvikling av desse frå 2019. Kommunen som «Av til» kommune vert vidareført i planperioden.

I rullering av bustadsosial handlingsplan vil det bli kartlagt behov for personar med rusavhengighet. Når det gjeld aktivitetstilbod til personar med mellom anna rusutfordringar, er vaktmeisterteamet vidareført og tilknytta GNISTEN.

Rusmiddelpolitisk handlingsplan skal vera ein del av planstrategien og reviderast ved starten av kvar kommunestyreperiode. Handlingsplanen er viktig å halda kontinuerleg fokus på og gjennomføra oppgåvene etter oppsett plan.

Aktuelle tiltak i planperioden	Finansiering	Ansvar
Arbeida i tråd med vedteken SLT handlingsplan.	Drift	OK/HO
Etablara rutinar for å fanga opp og arbeida med barn og unge ein er uroleg for gjennom BTI arbeidet.	Drift	OK/HO
Fordela ansvar og etablara rutinar som sikrar god oppfølging av SLT-tiltaksplanen i tråd med vedteken avvikling av SLT- ordninga frå 2020.	-520.000	OK/HO
Revidera Helse- og omsorgsplanen, tiltaksdelen i 2019.	Drift	HO

4.2.4 Velferdsteknologi

Kommuneplan for Vindafjord 2017 – 2029 samfunnsdelen	
Satsingsområde	Levande bygder.
Mål	Enkeltmenneska skal i størst mogeleg grad meistra eige liv. Tenestetilbodet basert på samarbeid og medansvar skal byggja opp om dette.
Strategi	Leggja til rette for bruk av velferdsteknologi.

Status og utfordringar:
Kommunane på Haugalandet er saman om eit velferdsteknologiprosjekt det ein har tilsett felles prosjekteigar. Det interkommunale prosjektet vil truleg bli forlenga ut 2019. I forlenging av dette har kommunen oppretta eit eittårig prosjekt som har som mål at; «økt bruk av velferdsteknologi skal gi brukere muligheter for å bo lengst mulig hjemme med god livskvalitet, pårørende trygghet for en god oppfølging av brukeren og bedre og

rimeligere offentlige tjenester. I den grad det er mulig trekkes lokale bedrifter med i prosessene for å oppnå økt innovasjon og nyskaping.»

Innan Helse og omsorg er det særleg på følgjande område Velferdsteknologi kan bidra til vinst:

- Større tryggleik for den einskilde
- Auka sosial deltaking
- Mindre behov for overvåking (dag / natt)
- Mindre behov for køyring
- Meir effektiv planlegging og rapportering

Innan skule har ein siste året utprøvd bruk av robot for betre kontakt med skulen for elevar med langt sjukefråvær. Det kan og vera andre område der teknologien kan bidra til betre løysingar.

Frå august 2018 har Vindafjord kommune hatt tilsett ein person i stilling knytt til implementering av velferdsteknologi i kommunen. Gjennom arbeidet i denne prosjektstillinga ser ein potensiale for bruk av slik teknologi, og ein er hausten 2018 i gang med dei første innkjøpa.

Med bakgrunn i dette aukar ein løyvinga til innkjøp av velferdsteknologi til nær 3,5 mill i økonomiplanperioden, teknologi som kan gje betre løysingar for brukarane og meir effektiv communal drift.

Sentrale aktivitetar dei neste åra er:

- Deltaking i det interkommunale prosjektet
- Nye tryggleiksalarmar
- Innföra og ta i bruk medisindispensarar
- Vurdera e-lås teknologi i heimetenesta som alternativ til nøkkelboksar
- Inkludera tilsette og brukarar, utvikla kompetanse og tilpassa organisasjonane ny teknologi og arbeidsprosesser. Tilbod og igangsetting av Velferdsteknologiens ABC
- Kompetanseheving blant brukarane
- Samarbeid med andre aktørar/kommunar

Aktuelle tiltak i planperioden	Finansiering	Ansvar
Løyving til investering av nye velferdsteknologiløysingar	3 360 000 kr invest.bud.	AF
Gjennomföra velferdsteknologiprosjektet i tråd med prosjektplan	Drift	HO
Inngå samarbeid med andre for å etablira ein demonstrasjonsbustad med velferdsteknologiske løysingar, for eksempel ein av bustadene i nye Seljebakken	Invest. bud.	HO

4.2.5 Kvardagsrehabilitering og førebyggjing

Kommuneplan for Vindafjord 2017 – 2029 samfunnsdelen

Satsingsområde	Levande bygder
Mål	Enkeltmenneska skal i størst mogeleg grad meistra eige liv. Tenestetilbodet basert på samarbeid og medansvar skal byggja opp om dette
Strategi	Leggja til rette for kvardagsrehabilitering i heimetenestene

Status og utfordringar:

Vindafjord kommune satsar aktivt på kvardagsrehabilitering ved å auka innsatsen tidleg i eit rehabiliteringsforløp. På den måten har ein som mål å redusera behovet for hjelp når den akutte fasen er over og auka den einskilde sitt meistringsnivå.

Habilitering og rehabilitering er «*Tidsavgrensa, planlagde prosessar med klare mål og verkemiddel, der fleire aktørar samarbeider om å gi naudsynt bistand til brukar sin eigen innsats for å oppnå best mogleg funksjons- og mestringsevne, sjølvstende og deltaking sosialt og i samfunnet*», jf forskrift §2. Definisjonen legg vekt på at habilitering og rehabilitering er ein prosess med brukaren/pasienten i sentrum.

Habilitering og rehabilitering vert vektlagt i samhandlingsreforma, og det blir lagt opp til at kommunane skal ta eit større ansvar enn tidlegare på dette området.

Dette ynskjer me:

- *At personar med legeavklart helsemessige behov for rehabilitering og habilitering opplever å få heilsaklege og samordna tenester som dei sjølv (evt pårørande) har delteke i utforminga av*
- *Brukaran og deira pårørande skal delta aktivt i utforminga av individuelle mål*
- *Rehabilitering og habilitering skal vera utgangspunkt for all tenesteyting.*
- *Kvardagsrehabilitering er innført som arbeidsform*
- *Fagleg godt heildøgnstilbod innan rehabilitering*
- *Alle med behov for langvarige og koordinerte tenester skal få ein koordinator*

Slik gjer me det:

- *Systematisk evaluering av oppgåver, ansvar og organisering av arbeidet.*
- *Personen sin motivasjon og rehabiliteringspotensiale skal leggjast til grunn for den individuelle oppfølgjinga.*
- *Etablera og utvida kvardagsrehabilitering som arbeidsform.*
- *Systematisk evaluering av kvardagsrehabilitering som arbeidsform*

Kvardagsrehabilitering er etablert som fast tilbod til innbyggjarane.

Aktuelle tiltak i planperioden	Finansiering	Ansvar
Vidareføra kvardagsrehabilitering som fast tilbod til innbyggjarane.	Drift	HO

4.3 Organisasjonsutvikling

Vindafjord kommune skal vera ein omstettingsdyktig og serviceinnstilt organisasjon til beste for innbyggjarane. For å få til dette, er det nokre faktorar som må vera på plass internt i organisasjonen. Ein må ha tilsette som har evne og vilje til stadig forbetring, som arbeider saman på tvers av interne skiljelinjer, og som er tilsett i ein godt styrt og økonomisk ryddig organisasjon. Skal ein få dette til, er det viktig å involvera dei tilsette på alle nivå tidleg i prosessane når det er snakk om omorganisering og omstilling. Leiарane må vera tydelege, ha god leiarkompetanse og ta ansvar for å få til eit godt samarbeid. «Familiens hus» er eit prioritert område slik at ressursane blir nytta på best mogeleg måte.

4.3.1 Økonomi, styring og service

Kommuneplan for Vindafjord 2017 – 2029 samfunnssdelen	
Satsingsområde	Handlekraftig kommune.
Mål	Ein omstettingsdyktig og serviceinnstilt kommuneorganisasjon til beste for våre innbyggjarar.
Strategi	<i>Sikra og utvikla god økonomisk styring som grunnlag for gode tenester og føreseielege tilbod.</i>

Status og utfordringar:

Økonomisk handlingsrom

Kommunen kom dårleg ut av omlegginga av inntektssystemet i 2017. Stagnasjon og deretter reduksjon i folketalsveksten har forsterka negative trekk for økonomien. Dette har ført til ein krevjande driftssituasjon, med reduserte rammer og reduksjon i tenestetilbodet.

Kommunen har sidan kommunesamanslåinga i 2006 fått eit inndelingstilskot. Dette er no på om lag 10 mill kr pr år. Frå 2021 vert dette trappa ned over ein 5 årsperiode med 2 mill kr/år. I tillegg er det signalisert at skjønnstilskotet vil bli ytterlegare redusert i åra som kjem. Dette vil krevja ein grundig gjennomgang av drift og tenestestrukturen i kommunen. Arbeidet må starta tidleg i 2019 for at ein skal vera rusta til å møta utfordringane som kjem.

Eigedomskatt for verk og bruk – retaksering

Takstane for «Verk og bruk» i Vindafjord kommune vart vedteke i 2007, og vart ikkje justerte ved utviding av eigedomsskatt til å gjelda alle eigedomar i 2010. Ålmenn taksering for Vindafjord gjeld dermed for perioden 2007-2016. Takstane skal i utgangspunktet fornyast innan 10 år, men kan gjelda inntil 14 år. Det vert lagt opp til at ein nyttar 2019 til å førebu arbeidet med ny ålmenn taksering. Verknad av nytt takstgrunnlag skal gjelda frå 2020. I 2019 legg ein opp til auke i skattekjotene fra 3 til 4 promille.

Eigarskapsmelding

Gjeldande eigarskapsstrategi er forelda og ny eigarskapsmelding skal utarbeidast for 2019-2021. Kommunen skal ta initiativ til eigarskapsmøte kvart år og formidla god oversikt over den tenestemessige- og økonomiske sida i selskapet kommunen har eigar- og tenesteinteresser. I arbeid med revidering av eigarskapsmelding er det viktig at kommunen set ord på forventning av tenesteomfang og tenestekvalitet for våre innbyggjarar.

Rådmannen sin internkontroll

I kommunelova § 23 nr 2 er ansvaret for internkontroll av den kommunale verksemda presisert og tydeleg tillagt rådmannen. Rådmannen sin internkontroll består i dag av fleire ulike element som interntilsyn, rapporteringsrutinar, avvikssystem mm. Alle ulike element skal vera samla i kvalitets- og avvikssystemet Risk Manager. Det er behov for kontinuerleg arbeid med forbetring av systemet. Forvaltningsrevisjon og tilsyn er gode verktøy for forbetring av rutinar.

Oppfølging av budsjett og politiske vedtak

I tillegg til politisk rapportering kvart tertial på økonomi, måloppnåing og arbeidsmiljø, skal det rapporterast fortløpende på oppfølging av politiske vedtak kvart halvår.

Kommunal service

Kommunal service er eit stort omgrep som omfattar ulike sider ved den kommunale drifta, som tilgjenge til kommunale tenester, tenestutvikling, brukaropplevd kvalitet, respons på henvendingar, saksbehandlingskapasitet, haldningar mm. I komande periode vil ein arbeida særleg med følgjande område:

- Digitalisering av tenestene

Kommunen vil ta del i den nasjonale satsinga for auka tilgjenge til tenestene gjennom auka satsing på digitalisering. Dette betrar tilgjenge til tenestene (24/7) og raskare løysingar enn gjennom tradisjonell sakshandsaming. Samtidig er det viktig at dei brukarane som ikkje har tilstrekkeleg digital kompetanse, får den hjelpe dei treng. God informasjon på nettsidene til kommunen kan bli betre og avhjelpe i direkte spørsmål betre enn i dag. Nettsidene bør kunna vera ein del av førstelinjetenestene.

- Tenesteutvikling
Tenesteutviklinga framover må i større grad ta utgangspunkt i brukarane sine reelle behov gjennom betre «samskaping» og behovsvurdering BTI (betre tverrfagleg innsats), kvardagsinnovasjonsprosjektet BLT (BehovLøysingTest) er sentrale verkemiddel her. Det vil også vera rett å sjå på samordning av kommunal transport og konkretisera arbeidet som vart gjort i BLT-prosjektet.
- Respons
Det er viktig å ha gode rutinar når det gjeld respons på telefon, e-post og andre henvendingar. Dette er noko innbyggjarane er svært opptekne av og dette må prioriterast.
- Haldningar
Ein vesentleg faktor i forhold til korleis innbyggjarar oppfattar communal service, er korleis dei blir møtte. Haldningane våre tilsette viser i møte med brukarane og innstillinga til innbyggjarane som «kundar» er vesentleg i dette. Det er leiarane som set standarden for kva haldningar ein skal forventa på arbeidsplassane. Dette tema skal vera del av leiarutviklingsprogrammet for 2019.

Personvernlovgjeving

Sommaren 2018 vart EU si personvernforordning (GDPR) vedteken, og gjennomført i norsk lov. Som ein følgje av dette har Vindafjord kommune oppretta personvernombod og inngått kjøp av programvare for opplæring om, og handtering av personopplysningars. Kommunen skal handtera personopplysningars innanfor gjeldande lovverk.

Aktuelle tiltak i planperioden	Finansiering	Ansvar
Vidareføra prosjekt for å tilpassa kommunen si drift til reduserte rammer	Drift	AF
Etablera prosjekt for ny ålmenn taksering som grunnlag for eigedomsskatt frå 2020	Drift	AF
Utarbeida Eigarskapsmelding med eigarskapsstrategi for 2019-2021	Drift	AF
Det skal vera fokus på meir digitalisering, slik at publikum får betre tilgjenge til tenestene og bidra til raskare og meir effektiv saksbehandling	Drift	AF
Vidareutvikla «Servicekommune» som tema i kommunen sitt leiarutviklingsprogram	Drift	AF
Gjennomgå alle system som inneholder personopplysningars for å sikra samsvar med GDPR	Drift	AF

4.3.2 Tverrfagleg samhandling og innovasjon

Kommuneplan for Vindafjord 2017 – 2029 samfunnssdelen	
Satsingsområde	Handlekraftig kommune
Mål	Ein omstettingsdyktig og serviceinnstilt kommuneorganisasjon til beste for våre innbyggjarar.
Strategi	<i>Styrkja samarbeid på tvers av fagområde og sektorar i eigen organisasjon. Det er her svært viktig å ha fokus på eit styrka samarbeid i «Familiens hus»</i>

Status og utfordringar:
Kommunen sine overordna visjonar og mål er viktig å ha som grunnlag når Vindafjord kommune skal nå målet om å bli ein omstettingsdyktig og serviceinnstilt kommune. For å få dette til må også det vera forankra frå toppleiringa og nedover. Leiarar må vera synlege og

sjå sine medarbeidarar og brukarar. Leiarutvikling og leiartrening i form av god kompetanseheving er viktig å satsa på, gode leiarar gir gode medarbeidarar.

Å skapa god samhandling mellom ulike aktørar og nivå er ein føresetnad for trygge og gode tenester. God samhandling og betre samarbeid, særleg på tvers av forvaltningsnivå og organisatoriske grenser er ein av dei største utfordringar i ein kommunal organisasjon. For å få til omstillingssdyktig og serviceinnstilt kommuneorganisasjon, som er til beste for våre innbyggjarar, må ein oppretta gode rutinar og arenaer som legg til rette for god og effektiv samhandling.

Samhandling på tvers av tenestene er viktig, og det er viktig å ha fokus på dette. Vindafjord er ein BTI kommune (Betre Tverrfagleg Innsats), som er ein modell for betre samhandling på tvers for dei som jobbar med barn og unge. Til denne modellen finst det ein digital stafettlogg, som viser når det har vore aktivitet og framdrift i arbeidet med pågåande saker. Målet er å løysa saker på lågast mogleg nivå og få barnet/elevan inn på rett spor igjen.

Nye digitale løysingar kan også utnyttast til samhandling. «Leiar På Staden» er ein modell for meir effektiv møteavvikling, der leiar deltek på møte på Skype for Business på kontoret sitt, møta vert meir effektive samstundes som leiar er til stades og meir synleg på plassen ein er sett til å leia. Det vil få positive ringverknadar i organisasjonen. Det er dessutan også kostnads- og ressursparande.

Å gje tenester via nye teknologiske kanalar kan vera med på å styrkja vår service ovanfor brukarane. Dei vil oppleva å bli sett og ikkje minst få eit svar innan rimeleg og akseptabel tid, fornying og forenkling.

Å jobba med haldning hjå den enkelte slik at det å samhandla blir ein naturleg refleks i organisasjon. Det fører til at ein ikkje treng å organisera møte kvar gong for å få til tverrfagleg samhandling. Det må stillast krav til våre medarbeidarar at dette skal vera ein del av deira arbeidskvardag. Me skal gjera kvarandre gode, og igjen serva brukarane våre slik at dei får utvikling og gode tenester og svar.

Aktuelle tiltak i planperioden	Finansiering	Ansvar
BTI-modellen skal takast i bruk	Drift	OK/HO
Leiarutdanningsprogram som gir rom for samhandling på tvers	Drift	OK
Leiar på staden (LPS) – meir effektiv møteavvikling ma. ved hjelp av Skype	Drift	AF

4.3.3 Rekruttera og behalda kompetanse

Kommuneplan for Vindafjord 2017 – 2029 samfunnssdelen

Satsingsområde	Handlekraftig kommune
Mål	Ein omstillingssdyktig og serviceinnstilt kommuneorganisasjon til beste for våre innbyggjarar.
Strategi	Etablira ein konkurransedyktig lønspolitikk.

Status og utfordringar:

Arbeidsgjøvopolitiske utfordringar

Frå Hovudavtalen kan ein henta formuleringa om ein omstillingssdyktig og serviceinnstilt kommuneorganisasjon til beste for innbyggjarane. Også i samanheng med interne omsyn, er det viktig å ikkje gløyma kvifor nettopp desse arbeidsplassane er her. Dei er her for

innbyggjarane våre. Vindafjord kommune har to arbeidsgjevarpolitiske hovudutfordringar i åra framover: Rekruttera, utvikla og behalda medarbeidarar, samt evna å utvikla og nyskapa for gode tenester. Dette kan samanfattast i målet om å rekruttera/behalda medarbeidarar med evne og vilje til stadig forbetring. For å klara dette må det vera på plass ein konkurransedyktig lønspolitikk, samstundes med at dei gode arbeidsplassane i kommunesektoren bør synleggjerast betre.

Rekrutteringsutfordringar

Arbeidsmarknaden endrar seg kontinuerleg. Dei siste åra er det på sjukepleiarar, hovudsakleg innanfor pleie og omsorg, samt på leiarnivå me har hatt dei største rekrutteringsutfordringane.

Lønspolitikk

For å oppnå målet om å rekruttera/behalda medarbeidarar med evne og vilje til stadig forbetring, er det fleire ting som må gjerast. Lønspolitikken må kontinuerleg vurderast. Føringane finn me i lønspolitisk plan, som igjen er styrt av nasjonale avtalar.

Leiing, utvikling og heiltid

Leiaroppdraget i kommunen må utførast på ein god måte. Leiing i Vindafjord kommune er eit endringsoppdrag! Det må til kompetanseheving på innovasjon og utvikling, og det må vera fleire medarbeidarar i heile stillingar. Kommunen må satse på opplæring på alle nivå utifrå ein leiarpolitikk som fremjar meistring som grunnlag for trivsel, arbeidsglede og effektivitet.

Omdøme og lærlingarbeid

Synleggjering av arbeidsplassane og det unike oppdraget som finst her, kan gjerast blant anna gjennom deltaking i omdømmearbeid og gjennom å nyta lærlingopptaket til å skaffa seg unge ambassadørar.

Kommunen arbeider på alle desse områda no. Eit fruktbart samarbeid med tillitsvalde gjer det lettare å nå måla våre. Den største utfordringa er kanskje det å klara å løfta hovudet og tenkja framover, i ein kvar dag stadig meir prega av rein drift.

Aktuelle tiltak i planperioden	Finansiering	Ansvar
Oppfølging av tiltaksplanen for å auka delen av 100%-stillingar og å redusera delen av ufrivillig deltid.	Drift	AF
Auka innovasjonskompetanse gjennom BLT-modellen.	Drift	AF
Vidareføra lønstiltak for å letta rekruttering av sjukepleiarar og leiarar. Sikra konkurransedyktig løn samanlikna med nabokommunar.	Drift	AF

4.3.4 Samfunnstryggleik og beredskap

Kommuneplan for Vindafjord 2017 – 2029 samfunnsdelen

Satsingsområde	Handlekraftig kommune
Mål	Redusera risiko for tap av liv, og skade på helse, miljø og materielle verdiar
Strategi	Arbeida systematisk, heilskapleg og sektorovergripande i arbeidet med samfunnstryggleik

Status og utfordringar:

Hovudmålet for arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap er:

Arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap skal sikra eit robust lokalsamfunn og ein handlingsdyktig kommuneorganisasjon. Arbeidet skal redusera risiko for tap av liv, eller skade på helse, miljø og materielle verdiar.

I «Plan for oppfølging av samfunnstryggleik i Vindafjord kommune» (vedteken i kommunestyret februar 2017), er det lista opp følgjande delmål:

1. Kommunen skal jobba systematisk og heilskapleg med samfunnstryggleik på tvers av sektorar og einingar, herunder styrkja samarbeidet mellom kommunen og andre offentlege tenester innan sikkerheit og beredskap, ideelle organisasjonar og næringslivet.
2. Kommunen skal ha naudsynt kompetanse og kapasitet til å ivareta det kommunale ansvaret for innbyggjarane sin tryggleik.
3. Kommunen skal ha tilstrekkeleg beredskap for å hindra at ulykker/kriser får utvikla seg til katastrofar / storhendingar.

Planen gir ei oversikt over strategiske dokument og planar, organisering og ansvarsdeling, samt ein handlingsplan for perioden 2017-20.

I tråd med *Forskrift om kommunal beredskapsplikt* blei «Heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse for Vindafjord kommune» vedteken i 2013. Etter at fylkesmannen hadde tilsyn med samfunnstryggleik og beredskap hausten 2016 kom det fram naudsynte utbettingsbehov. For å gjera ROS-analyesen meir brukarvennleg som styringsgrunnlag for hendingar med høg risiko og for å gjera den meir spesifikk for viktige analyseområde som straum, vassforsyning, regn, flaum og ras er det viktig at planen reviderast. Dette arbeidet starta opp i 2018 og skal vedtas våren 2019. Den heilskaplege ROS- analysen er eit viktig grunnlagsdokument for revisjon av kommuneplanen.

Plan for oppfølging av samfunnstryggleik skal reviderast innan 2020 og vil naturleg starta opp i etterkant av vedteken ROS-analyse.

Brann og redning

Nytt interkommunalt IKS med ansvar for brann og redning på Haugalandet starta opp hausten 2017. Dei samarbeidande kommunane på Haugalandet overførte sitt mannskap og sine ressursar til selskapet 1. juli 2018. Føremålet er samla auka kompetanse og slagkraft.

Informasjonstryggleik

Strategisk plan for informasjonstryggleik blei vedteken i kommunestyret 14.02.2018. Vindafjord kommune forvaltar stadig aukande mengde informasjon om personar, organisasjonar og næringsliv. Skriftleg og elektronisk informasjon er ein viktig ressurs for kommunen. Me har eit stort og viktig ansvar i å forvalta denne ressursen på ein god måte. Eit grundig arbeid med informasjonstryggleik er difor sentralt i all vår verksemeld og vil vera avgjerande for å nytta informasjonen effektivt i tenestene og for å minimalisere risiko for at sensitiv informasjon kjem på avvege.

Me er inne i ei tid med auka satsing på digitalisering av tenestene, på mange område. For å kunne utvikla ein god og framtidsretta digitaliseringsstrategi er det viktig at «grunnmuren» er på plass. Strategisk plan for informasjonstryggleik er ein viktig del av denne grunnmuren.

Vindafjord kommune sitt mål for informasjonstryggleik, er:

- Å forvalta all informasjon rett, både informasjon som går ut av kommunen og som kjem inn. All informasjon må sikrast både for bruk og vern.

- Å gje innbyggjarane i Vindafjord eit trygt og godt tenestetilbod kjenneteikna med at vi handsamar alle opplysningar vi får, og særleg personopplysningar, sensitive personopplysningar og annan sensitiv informasjon, i samsvar med krav i relevante lover og forskrifter.
- at opplysningar ikkje kjem uvedkomande i hende
- å sikra tilgjenge til opplysningane slik at dei med tenesteheimel kan bruka opplysningane når dei treng dei

For å styrkja arbeidet rundt informasjonstryggleik er det oppretta eit eige administrativt utval. Utvalet har ansvar for førebuing av årleg gjennomgang av «Plan for informasjonstryggleik». Kvar eining skal rapportera på avvik og tiltak knytt til informasjonstryggleik i samband med økonomirapporteringa gjennom året. Dette skal innarbeidast i malar for 2019. Informasjonsutvalet (ITU) skal i samarbeid med leiinga stå for årleg kontroll for å stadfesta om arbeidet med verksemda sine informasjonssystem på kvar kontrollstad er i samsvar med administrative og tekniske rutinar. Det skal kvartalsvis takast ut oversyn over alle avvik som er registrert om informasjonstryggleik i kommunen sitt kvalitetssystem.

Aktuelle tiltak i planperioden	Finansiering	Ansvar
Rullering av plan for oppfølgjing av samfunnstryggleik og beredskap	Drift	FDU
Følgja opp strategisk plan for informasjonstryggleik	Drift	AF
Utarbeida ny Risiko og Sårbarhetsanalyse for kommunen	Drift	FDU

5. INVESTERINGAR

Investeringsplanen tar utgangspunkt i gjeldande økonomiplan, og er i all hovudsak vidareføring av denne. Tabellen under viser samla oversikt over planlagte investeringar i perioden og rest frå tidlegare år.

	Rest-midlar 31.12.17	2018	2019	2020	2021	2022	Sum planperiode	Sum inkl rest-midlar
Administrasjon og fellesdrift	235	1 000	1 840	2 320	2 080	1 920	8 160	9 395
Oppvekst	52 720	17 700	18 040	4 430	1 880	1 780	26 130	96 550
Helse- og omsorg	5 590	7 200	9 260	37 230	4 280	460	51 230	64 020
Forvaltning, drift og utvikling	36 221	38 750	35 760	30 320	16 960	7 560	90 600	165 571
Kyrkja	8 036	700	700	700	500	500	2 400	11 136
Sum ordinære investeringsprosjekt	102 802	65 350	65 600	75 000	25 700	12 220	178 520	346 672
Sum VA-området	12 664	31 500	21 609	27 600	27 700	14 680	91 589	135 753
Til investeringar i anleggmidlar	115 466	96 850	87 209	102 600	53 400	26 900	270 109	482 425

Som det går fram av tabellen er det stort etterslep frå tidlegare år. Ein stor del av dette er realisert i 2018, som t.d. Fjellstøl skianlegg og utbygging av barnehagen i Skjold. Rundt årsskiftet 2018-2019 skal to nye anlegg stå ferdige,- Brann- og ambulansestasjonen og Kultur- og læringssenteret «Sjøperlo».

Tre store prosjekt frå 2018 er ikkje realisert. Kultur- og aktivitetsparken i Ølen (brutto 10 mill kr) vil bli starta opp i løpet av hausten 2018. Nerheim næringsområde (10 mill kr) har ikkje ferdig vedteken reguleringsplan enda, medan Vossaplassvingen (brutto 8,65 mill) er igangsett.

I 2019 er det tre store prosjekt, i tillegg til fleire mindre tiltak. Vidare planlegging og oppstart av bustader til helse- og omsorgsføremål er planlagt, med hovudutbygging i 2020. Strategiske eigedomsskjøp gjeld hovudsakleg tomt til det planlagte industrifeltet på Nerheim. I tillegg kjem utløysing av tomta til ny idrettshall i Ølen. Begge investeringane vil bli inndekkja ved tomtesal på sikt. Sist, men ikkje minst kjem oppbygging og delvis renovering av Skjold skule etter brannskade våren 2018.

I tillegg til dette er det framlegg om større investeringar innan VA-område. Statens vegvesen har fleire større infrastrukturprosjekt i kommunen, og ein nyttar høvet til å få lagt ned nyt leidningsnett for vatn og kloakk på ein kostnadseffektiv måte. Samla satsing i 4 årsperioden er på 91,6 mill kr. Tar ein med restemidlar frå 2017 og 2018, er satsinga på 135,8 mill kr.

Finansiering av investeringane går fram av kap 2.6 og budsjettksjema 2A.

Omtale av dei ulike investeringsprosjekta:

5.1 Administrasjon og fellesdrift

Prosjektleiing/kostkontrollør: 1.360.000 kr i 2019, 4.800.000 kr i perioden

Stillingar knytt opp til prosjektleiing av investeringsprosjekt for kommunale bygg har tidlegare vore finansiert av avsette midlar frå dei ulike prosjekta som pågår til ei kvar tid. Ein ønskjer nå å føra denne kostnaden som eigen post i investeringsrekneskapen. For å styrkja økonomioppfølginga i prosjekta ønskjer ein å tilsetja ein kostkontrollør som har oppgåver både med å sikra tilskotsmidlar og løypande kostkontroll av prosjekt. Totalressursen til prosjektleiing og kostkontroll blir gradvis nedtrappa mot slutten av perioden som følgje av redusert investeringsnivå.

Velferdsteknologi: 480.000 kr i 2019, 3.360.000 kr i perioden

Det er sett av 3,36 mill kr til velferdsteknologiinvesteringar i planperioden. Dette er knytt opp til det pågående velferdsteknologiprosjektet og er tenkt til løysingar som kan bidra til:

- Større tryggleik for den einskilde
- Auka sosial deltaking
- Mindre behov for overvåking (dag/natt)
- Mindre behov for køyring
- Meir effektiv planlegging og rapportering

5.2 Oppvekst og kultur

Skulebygg. 13.700.000 kr i 2019, 18.250.000 kr i perioden

Midlar sett av til oppgradering og nødvendig ombygging for skular i perioden. Her er sett av midlar til m.a. gjenoppbygging av Skjold skule etter brannen (KS-sak 052/18), ombygging av biblioteklokalet ved Ølen skule etter at biblioteket flyttar til Sjøperlo, og ombygging av el-tavle ved Ølen skule.

Kultur- og læringssenteret «Sjøperlo»: 2.460.000 kr i 2019, 2.460.000 kr i perioden.

(Tidlegare avsett 58.700.000 kr)

I sak 059/15 gjorde kommunestyret fylgjande vedtak når det gjaldt kulturhuset:

Kommunestyret vedtar å gå vidare med prosjektet for å få realisert bygging snarast mogeleg. Anbodsgrunnlaget vert godkjent slik det ligg føre.

Dei økonomiske konsekvensane skal innarbeidast i budsjett 2016, økonomiplan 2016-2019.

Resultatet frå anbodsrunden skal leggjast fram for politisk behandling før vedtak om byggjestart.

Rådmannen får i oppdrag å forhandla fram festeavtale med kulturhuset, alternativt avtale om makebyte. Avtalen skal godkjennast av formannskapet.

Rådmannen får i oppdrag å forhandla fram samarbeidsavtale med kulturhuset basert på tidlegare tilrådd alternativ. Avtalen skal godkjennast av DUK.

Det er gjort vedtak om nytt bygg for bibliotek, kulturskule, kulturadministrasjon og vaksenopplæring som tilbygg til Ølen Kulturhus. Formannskapet har vedtatt at prosjektet skal utvidast for å styrkja funksjonen som møteplass (FS-sak 100/13). I tråd med vedtaket er total kostnadsramme utvida frå 23 millionar til 58,7 millionar. Vindafjord arbeidsgjevarforum (VAF) har vedtak om å delfinansiera ekstra utbygginga med 8,8 mill. Tilskot frå VAF er lagt inn som delfinansiering i finansieringsplanen.

Bygget er under oppføring og er estimert ferdigstilt rundt årsskiftet 2018/2019. Midlar sett av i 2019 er auka ramme til inventar og utstyr, primært i fellesarealet, samt ekstra kostnadskostnadar knytt til tekniske løysingar for meirope bibliotek.

Uteanlegg skule – barnehage: 480.000 kr i 2019. 1.920.000 kr i perioden

I økonomiplanperioden er det sett av kr 480.000,- årleg for investering i uteanlegg for skule og barnehage.

Kultur- og aktivitetspark: 0 kr i 2019. 0 kr i perioden (tidlegare avsett 10.000.000 kr)

I sak 046/17 gjorde kommunestyret følgjande vedtak:

Vindafjord set av tomt mellom Ølen Senter og det nye Vindafjord Kultur- og læringssenter til bygging av ein kultur- og aktivitetspark.

Vindafjord kommune løyer 1,5 mill kroner til prosjektet, som blir lagt inn i budsjettet for 2018.

Vindafjord kommune står som byggherre og eigar av kultur- og aktivitetsparken.

Vedlikehald av parken vil bli ivaretatt av vedlagt avtale mellom Ølen Grendeutval og Kommunens teknisk eining.

Kommunen er eigar av anlegget, difor er bruttobeløpet lagt inn i budsjettet, med tilskott frå andre som ein del av finansieringa. Kommunal del er 1,5 mill. Parken vert utbygd i 2019.

IT-plan skule: 1.400.000 kr i 2019. 3.500.000 kr i perioden.

Midlar til oppfølging av IT-plan skule, jf eiga sak. Det skal investerast i pc-ar og iPadar i tråd med planen.

5.3 Helse og omsorg

Bustadar til helse og omsorgsføremål: 7.800.000 kr i 2019. 45.400.000 kr i perioden (tidlegare avsett 2.000.000 kr)

Som oppfølging av del av bustadsosial handlingsplan er det sett av 43.600.000 kr til prosjektering og bygging av inntil 10 nye omsorgsbustadar i Ølen i 2019/2020. Talet er auka frå 7 bustadar til 10 pga. auka behov innmeldt frå eininga. Av desse vert 16,8 mill. kr finansiert av tilskot. Det er også sett av 3,8 mill. kr. i slutten av perioden til oppgradering av eksisterande bustadar.

Aktivitetshuset Gnisten: 0 kr i 2019, 0 kr i perioden (tidlegare avsett 1.000.000 kr)

Det er planlagt å byggja vaskehall i tilknytning til aktivitetshuset Gnisten for å utvide aktivitetstilbodet der. Vasking av leasingbilar er ein fin aktivitet samstundes som det bidrar til enklare drift av leasingbilane til kommunen.

Vindafjordtunet: 980.000 kr i 2019. 3.930.000 i perioden (tidlegare avsett 6.445.000 kr)
Midlar sett av til oppgradering og nødvendig ombygging knytt til Vindafjordtunet. Dette er tiltak som oppgradering av ventilasjonsanlegg (2020), og asfaltering av parkeringsplass (2019). Tidlegare avsette midlar er knytt til ventilasjonsanlegg, reservestraumsagggregat og ombygging av bustadar.

Kommunale bustadar: 480.000 kr i 2019. 1.900.000 kr i perioden. (tidlegare avsett 2.200.000 kr)

Midlar sett av til oppgradering og nødvendige ombyggingar av kommunale bustadar. Tidlegare avsette midlar gjeld skifte av tak på bustadar i Skjoldali.

5.4 Forvaltning, drift og utvikling

Bygg og anlegg

HMS tiltak, kommunale bygg: 380.000 kr i 2019, 1.520.000 kr i perioden.

Vidareføring av tidlegare vedtak. Denne posten skal nyttast til påpeikte tiltak i samband med HMS arbeidet. Det skal utarbeidast prioriteringsliste til AMU over aktuelle tiltak. AMU har gjort vedtak om at ordninga skal evaluerast.

Kommunale bygg og anlegg. 2.930.000 kr i 2019. 10.630.000 kr i perioden. (tidlegare avsett 3.200.000 kr)

Midlar sett av til oppgradering og nødvendig ombygging for kommunale bygg og anlegg. Det er t.d. sett av midlar til oppgradering av ventilasjonsanlegg i Vindafjordhallen i 2019 (utover det som vart løyvd i KS-sak 060/18) og på Rådhuset i 2020. Tidlegare løyvde midlar er sett av til nytt golv i Ølen idrettshall.

Gymbygg/basseng Ølen - nytt ventilasjonsanlegg: 0 kr i 2019. 3.950.000 kr i perioden
Ventilasjonsanlegget i bygget er så gammalt at det er vanskeleg å skaffa reservedelar og halda anlegget i drift. Anlegget må skiftast. Kostnadsramma er usikker, og det er mogeleg at oppgraderingsbehovet er meir omfattande enn dette.

Kommunale leikeplassar i bustadfelt: 0 kr i 2019. 2.850.000 kr i perioden (tidlegare avsett 1.000.000 kr)

I sak 051/16 gjorde kommunestyret fylgjande vedtak når det gjaldt leikeplassar:

1. *Kommunen bestiller eksternt tilsyn for å få undersøkt kva leikeplassutstyr som må fjernast.*
2. *Før kommunen fjerner utstyr og ev. legg mellombels ned leikeplassar som har utstyr som ikkje er halde vedlike (kategori 1 og 2), skal velforeiningar/grendeutval involverast med sikte på ev. avtale om vidareføring, drift og vedlikehald av leikeplassar.*
3. *Det vert nytta inntil 350.000 kr frå «Ubundne investeringsfond Dommersnes» for å dekkje kostnadane ved punkt 1-2.*
4. *Før oppføring av nytt leikeplassutstyr, vert det inngått avtale med velforeiningar/grendeutval, der desse er etablert, om drift og vedlikehald av leikeplassar.*
5. *Kostnadar med oppføring av nytt utstyr og gjenopning av nedlagde leikeplassar vert sett på i samband med budsjettarbeid.*
6. *Det skal utarbeidast retningslinjer for overdraging av leikeplassar til velforeiningar/grendeutval for vedlikehald i nye kommunale byggefelt.*

Avsette midlar skal finansiera punkt 5 i vedtaket.

Infrastruktur

Strategisk eigedomskjøp. 23.250.000 kr i 2019, 29.050.000 kr i perioden

Det er sett av 29,0 mill. kr til strategisk eigedomskjøp. Det gjeld særleg eigedomar til næringsutviklings- og bustadføremål. I 2019 er det sett av midlar til kjøp av næringsareal på Nerheim og tomt til idrettsføremål i Ølen, jf. FS-sak 072/18 .

Uteområde Sandeid samfunnshus: 0 kr i 2019. 0 kr i perioden (Tidl avsett 1.000.000 kr)

Totalt skal det brukast 1.000.000,- på oppgradering av uteområdet ved Sandeid Samfunnshus, jf. tidlegare politiske vedtak (budsjett 2013). Oppgraderinga er planlagt utført i samband med Statens vegvesen si utbygging av gang- og sykkelsti fra Sandeid kyrkje til Lærdal.

Kommunale vegar/ infrastruktur: 4.390.000 kr i 2019, 23.550.000 kr i perioden. (Tidlegare avsett kr 7.543.000 kr)

Midlar vert nytta til oppgradering eller rehabilitering av kommunale vegar med tilhøyrande infrastruktur som bruer, murar mm. Posten dekkar tiltak som til dømes trafikksikring i Skjoldavik (2019), ny veg i Liofeltet (2020), forlenging av veg i Skjold Hageby (2020/2021), skifte av veglys-armaturar til LED og miljøgate Holmen i Vikedal (2020/2021). Tidlegare avsette midlar gjeld i hovudsak veg i Gartnerihagen, Ølen.

Trafikksikring: 480.000 kr i 2019, 1.920.000 kr i perioden.

Avsette midlar vert nytta til trafikksikringstiltak i hovudsak knytt til strekninga 4 km frå skule og til tiltak som kan fjerne behov for skuleskyss grunna farleg skuleveg mellom heim og busstopp. Midlane vert også nytta som kommunal eigenandel i samband med arbeid etter trafikksikringsplanen. For dette arbeidet vert det gjeve tilskot frå fylket på 60%.

Breibandprosjekt: 1.950.000 kr i 2019. 6.850.000 kr i perioden

Kommunen fekk i 2016 tildelt kr 4.103.000,- i tilskot til breibandutbygginga. Med eigne investeringar og eventuelt bidrag frå andre, vil kommunen kunna realisera prosjekta frå rapporten: *Breibandutbygging i Vindafjord kommune*. Vindafjord kommune må vera offensive med å søkja om tilskot til utbygging av breiband, både frå SØK og Haugaland kraft, på stader der ikkje kommersielle aktørar viser interesse.

Nerheim næringsområde: 1.900.000 kr i 2019. 9.800.000 kr i perioden (Tidlegare avsett 10.000.000 kr)

Det er sett i gong arbeid med ny reguleringsplan og teknisk plan for heile området. Det vart sett av 10.000.000 i 2018 og 9.800.000 i denne økonomiplanperioden til utvikling av feltet.

Kostnadane vert finansiert med salsinntekter frå Fatlandskogen, sal av tomter på Knapphusfeltet og «Raunesfondet».

Ei-bil ladeplass: 480.000 kr i 2019. 480.000 kr i perioden

Bruken av Ei-bil er aukande og stadig fleire tilsette etterspør lademoglegheiter på dei ulike bygga til kommunen. Det vert sett av midlar for å undersøkja moglege løysingar og implementera løysinga som ein finn best eigna. Ladinga må ta utgangspunkt i sjølvkost og at ordninga vert opplevd rettferdig.

5.5 Kyrkja

Ølen kyrkjegard, ny veg, parkering og utviding: 0 kr i 2019. 0 kr i perioden (Tidlegare avsett 7.500.000)

I sak 75/14 gjorde kommunestyret følgjande vedtak når det gjaldt Ølen kyrkjegard:

1. *Det blir starta opp ein reguleringsplanprosess som skissert i løysing nr. 2 i saksutgreiinga.*

-
- Tiltaket blir finansiert i økonomiplanen for 2015-2018 med midlar til planlegging og grunniinnløysing i 2015, og bygging i 2016.*

Reguleringsarbeidet er nå ferdigstilt. Prosjektering er ikke starta.

Rehabilitering av kyrkjer og kyrkjegardar: 700.000 kr i 2019, 2.400.000 kr i perioden
Posten går til oppgradering av kyrkjer og kyrkjegardar etter eigen plan.

5.6 VAR området

Kloakk: 14.323.000 kr i 2019, 50.713.000 kr i perioden

Det ligg store investeringar framover i tid. Behov for investeringsmidlar er tydeleggjort i hovudplan for avløp (DUK 036/16), men er i denne økonomiplanperioden i hovudsak knytt opp til Statens vegvesen sine prosjekt i kommunen. Dette gjeld til dømes legging av kloakkledning i g/s-veg Ølen-Ølensvåg. Dette for å leggja til rette for vidare utbygging i samsvar med kommuneplan, og sanering av eksisterande busetnad. Vidare gjeld det fornying av kloakkledningars i samband med etablering av miljøgate i Vikedal og i g/s-veg Isvik-Trovåg. Store investeringar vil medføra auke i gebyr.

Vatn – 7.286.000 kr i 2019, 40.876.000 kr i perioden

Det ligg store investeringar framover i tid. Behov for investeringsmidlar er tydeleggjort i hovudplan for vatn (DUK 072/15), men er i denne økonomiplanperioden i hovudsak knytt opp til Statens vegvesen sine prosjekt i kommunen. Dette gjeld til dømes fornying av leidningar i samband med miljøgate i Vikedal, legging av vassleidning Isvik-Trovåg og høgdebasseng i Vikedal og Skjold. Store investeringar vil medføra auke i gebyr.

6. DRIFT OG NYE TILTAK INNAN RAMMEOMRÅDA

Denne delen av budsjettet tek for seg sjølve drifta av kommunen. Kommunestyret gjer budsjettvedtak på rammeområdenivå. Dei fire rammeområda er Administrasjon og fellesdrift, Oppvekst og kultur, Helse- og sosialomsorg og Forvaltning, drift og utvikling. Rammeområda er igjen delt i ulike tenesteområde.

Utgangspunktet for driftsbudsjettet er budsjettet drift for 2018. Dette er så konsekvensjustert i høve til løns- og pensjonsvekst, og vedtekne tiltak med driftseffekt i 2018 og utover i planperioden. Det er ikkje kompensert for generell prisauke/indeks. Endringar ut over dette er handsama som tiltak. Desse er synleggjort i tabellform i starten av kvart rammeområde og kommentarane er skrivne under det aktuelle tenesteområdet.

Det er og ei samla oversikt over alle tiltaka og den økonomiske verknaden av desse i vedlegget *Budsjettkjema 1B*.

Det er lagt inn innsparingstiltak på til saman 5,34 mill kroner i 2019, inklusiv årsverknad av tiltak starta i 2018. Det er lagt inn innsparing kvart år i perioden. Vidare er det lagt inn styrking på til saman 10,423 mill kroner. Dette gjeld ny barnehageavdeling i Skjold, trykking og sal av bygdebøker, styrking av helse- og omsorgsramma generelt og til barnevern og aktivitetstilbod spesielt, styrking av vedlikehald og auka tilskot til Haugaland brann og redning. I tillegg er det lagt inn prosjektmidlar til nytaksering av eigedomsskatteordninga, og planstilling med særleg tanke på regulering til næring i sjø og på land.

Det er budsjettet med netto driftsresultat på 0,19% i 2019, 1,23% i 2020, 0,09% i 2021 og 1,4% i 2022.

Netto utslag for dei ulike rammeområda blir som i tabellen under. Som det går fram av tabellen er det rammeområde for administrasjon og fellesdrift som har den prosentvis største reduksjonen. Rammeområde for forvaltning, drift og utvikling har den største auken prosentvis. Rammeområdet for helse- og omsorg har nær like stor auke i kroner som rammeområdet for forvaltning, drift og utvikling.

Alle tal i 1 000 kr

	Konsekvens-justert budsjett	Innsparing/avvikling av oppgåver	Nye tiltak	Netto endring ramme	Ny netto ramme	%-vis endring ramme
Administrasjon og fellesdrift	55 228	-1 390	843	-547	54 681	-1,0 %
Oppvekst og kultur	219 401	-1 700	1 400	-300	219 101	-0,1 %
Helse- og omsorg	220 644	-500	3 880	3 380	224 024	1,5 %
Forvaltning, drift og utvikling*	47 567	-900	3 450	2 550	50 117	5,4 %
Sum	542 840	-4 490	9 573	5 083	547 923	0,9 %

* i stor grad auke knytt til overføring til Haugaland Brann og redning IKS, Prosjekt knytt til omtaksering av eigedommar og auke i midlar til vedlikehald.

Oversikt over endringane i budsjetttrammene frå 2018-2019:

	tal i 1000 kr
Rammer for einingane 2018	526 494
Prisvekst, inkl vekst i forpliktande tilskot	3 715
Lønsvekst	9 529
Auke i sosiale utgifter	3 102
Konsekvensjustert budsjett	542 840

Effekt av økonomiplanvedtak 2018-21, for 2019:

Kommune- og Fylkestingsval 2019	650
Samordna Skatteinnkreving med Etne	-60
Rekruttering Rådmann 2018	-250
Diverse It-prosjekt	-280
Attraktivitet og busetnad - prosjekt	-200
Reduksjon stilling i skule	-400
Ny barnehageavdeling i Skjold	900
Auka satsing på vedlikehald	500
Bortfall opplæring/kompetansekrav Brann	-400
	460

Tiltak 2019:

Administrasjon og fellesdrift:

DigiRogaland - interkommunalt it-prosjekt	193
Reduksjon stilling Service- og fellesstenester	-300
Leiar på staden - redusert tidsbruk ved bruk av digitale hj midlar	-200
Velferdstiltak - heile kommunen	-100

Oppvekst og kultur:

Innsparing skule - generelt innsparingstiltak	-500
Reduksjon i stillingar i skuleåret 2019-2020 (eit årsverk)	-100
Prisjustering SFO - tilnærming til sjølvkost	-200

Helse og omsorg

Styrking rammeområde	2 800
Barnevern - saksbehandlar	680
Vaktmesterteam - aktivitetshuset	400
Prisauke matombringning	-500

Forvaltning, drift og utvikling

Ytterlegare satsing på vedlikehald	500
Prosjekt eigedomsskatt - nyaksering	800
Gebyrinntekter - Areal og forvaltning	-500
Tilskot Haugaland brann og redning IKS	1 500
Samfunnsplanlegging	150
	4 623

Rammer for einingane 2019

547 923

Dette representerer ein vekst i rammene frå 2018-2019 på kr 21,429 mill kroner.

Finansieringa kjem fram slik:

	tal i 1000 kr
Oppgåvekorrigerte frie inntekter i 2019	309
Anslag på vekst i 2019	20 044
Reell negativ vekst på -1,36% i 2019	-6 886
Anna lokal inntektsendring:	
Eigedomsskatt – frå 3 til 4 promille	4 000
Redusert rentekomp ordning	-784
Netto finans	-328
Bruk av avsetningar	407
Overføring frå drift til investering	4 667
	7 962
	21 429

6.1 Rammeområde Administrasjon og fellesdrift

Rammeområdet omfattar

Rammeområdet omfattar politisk styring, administrasjon, stabsfunksjonar, støttefunksjonar, lærlingeordninga og felles utgifter for alle einingar. I tillegg er Kyrkja omtalt her.

6.1.1 Felles for rammeområde Administrasjon og fellesdrift

Budsjettendringar i planperioden

Rammeområde administrasjon og fellesdrift	2018	2019	2020	2021	2022
Sum inntekter	-3 619	-3 901	-3 901	-3 901	-3 901
Opprinnelege utgifter	58 066	59 129	58 582	57 389	57 489
Tiltak frå 2018:					
Val (Kommune og Fylkesting 2019, Storting 2021)	-480	650	-650	450	-450
Samarbeid med Etne om skatteoppkrevjafunksjon	-200	-60			
Rekruttering Rådmann	250	-250			
Interkommunalt IKT-prosjekt - Haugalandet	100	-100			
Delta i KS sin digitaliseringstrategi	180	-180			
Attraktivitet og busetnad - marknadsføring	400	-200	-100	-100	
Sum andre tiltak med verknad frå 2018	-800				
Tiltak i planperioden:					
DigiRogaland - interkommunalt it-prosjekt		193	-193		
Reduksjon stilling Servicetorg		-300			
Leiar på staden (red reisekostn pga tekn hj midler)		-200			
Velferdstiltak - heile kommunen		-100			
Nye løysingar pga nedtrapping av inndelingstilskot			-250	-250	-250
Sum utgifter	57 516	58 582	57 389	57 489	56 789
Netto driftsramme	53 897	54 681	53 488	53 588	52 888

Tabellen viser netto driftsramme for rammeområdet. Nye tiltak er synleggjort og kommentert under det aktuelle tenesteområde.

6.1.2 Politisk styring

Tenesta omfattar:

Folkevalde, val, støtte til politiske parti, kontrollutval og næring.

	Rekneskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Sum utgifter	5 028 373	5 184 055	5 865 006
Sum inntekter	-266 085	-95 480	-95 960
Netto utgifter	4 762 288	5 088 575	5 769 046

Status og utfordringar:

Det skal avviklast Kommune- og Fylkestingsval hausten 2019. I samband med kommunevalet er det sett av midlar til kjøp av iPad til nytt kommunestyre.

Kommunen vil bli utfordra på interkommunalt samarbeid i tida framover. Med ei svakare inntektsside, samstundes som det reelle utgiftsbehovet aukar, er det behov for å sjå på korleis oppgåvane kan løysast annleis.

Næringsarbeid vil framleis vera viktig. Bortfall av statleg tilskot til næringsutvikling gir lågare aktivitet. Tilskot til turisme, profilerings- og utviklingsarbeid held likevel fram.

Prioriterte strategiar og tiltak i planperioden	2019	2020	2021	2022
6.1.2.1 Gjennomføra Kommune- og Fylkestingsval og Stortingsval	x		x	

Kommentar til strategiar og tiltak

6.1.2.1 Det skal gjennomførast Kommune- og Fylkestingsval hausten 2019. Vidare i planperioden skal det avviklast Stortingsval i 2021.

6.1.2.2 Som ledd i tilpassing til framtidig reduserte inntekter for kommunen, halverer ein tilleggsløyvingspotten som Formannskapet rår over.

6.1.3 Administrasjon og fellesdrift

Tenesta omfattar:

Kommunale fellesfunksjonar som administrasjon, service, arkiv, løn og personal, økonomi og ikt. Rådmannen si strategiske leiargruppe hører også med under dette området.

Mål for økonomiplanperioden 2019-2022:

- Arbeida kontinuerleg for ein mest mogeleg effektiv kommuneadministrasjon
- Sikra god utnytting av digitale verktøy eksternt og internt

	Rekneskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Sum utgifter	42 514 710	45 751 834	46 136 990
Sum inntekter	-5 689 777	-3 188 898	-3 469 822
Netto utgifter	36 824 933	42 562 936	42 667 168

Status og utfordringar:
Krava til dette rammeområdet aukar stadig, og det vil difor vera naudsynt å tenkja innovasjon og utvikling for å få gode tenester. Ein har fokus på å forbetra og effektivisera arbeidsoppgåver. Det same gjeld samhandling mellom stabsavdelingane, og ut mot einingane. Etterspurnaden frå publikum etter fleire kommunale tenester på nett er veksande.
Til liks med resten av organisasjonen, er Nytt Blikk-arbeidet relevant for Administrasjon og fellesdrift. Prosjektet har fokus på heiltidsstillingar.
Kommunen har finansiert 15 lærerplassar. I tillegg har vi 2 lærerplassar med støtte frå KS. I prosjektet «Menn i helse» har vi 4 menn som er under utdanning til å bli sjukepleiar, og som gjennom prosjekt er garantert opplæringsstillingar i Vindafjord kommune. Opplæringsstillingar er viktig med tanke på rekruttering til kommunale stillingar, og behalda ungdomane som innbyggjarar i kommunen.
Digitaliseringsstrategien for kommunar og fylkeskommunar set retning og mål for kommunane sitt arbeid fram mot 2020. Heilt avgjerande for å nå måla om auka digitalisering, er at sektoren samarbeidar og samordnar innsatsen. Ein føresetnad for å lukkast, er at det vert utvikla felles digitale løysingar. DigiRogaland er eit interkommunalt digitaliseringsprosjekt for Rogalandskommunane, der Vindafjord set av kr 193 000 til formålet i 2019.

Prioriterte fellestiltak innan rammeområdet	2019	2020	2021	2022
6.1.3.1 DigiRogaland – interkommunalt it-prosjekt	x			
6.1.3.2 Reduksjon stilling Service- og fellestener	x			
6.1.3.3 Omdisponering av 50% stilling i Økonomiavdelinga til kostkontroll for helse- og omsorg.	x			
6.1.3.4 Reduserte reisekostnader og klimautslepp som følgje av auka bruk av digitale hjelpemidlar	x	x	x	x
6.1.3.5 Redusert pott til velferdstiltak – heile kommunen	x			
6.1.3.6 Tilskot til Medvind Næringshage – vidareføring	x	x	x	
6.1.3.7 Nye løysingar grunna nedtrapping av inndelingstilskot		x	x	x
6.1.3.8 Vidareføra «Servicekommune» som tema i kommunen sitt leiarutviklingsprogram	x			
6.1.3.9 Interkommunalt IKT-prosjekt på Haugalandet	x			
6.1.3.10 Rådmannen legg fram ei sak for DUK om oppretting av klima-, energi- og miljøpris.	x			
6.1.3.11 Etiske og klimanøytrale innkjøp skal vera ein faktor i kommunal innkjøpspolitikk/- samarbeid.	x			

Kommentar til strategiar og tiltak
6.1.3.1 Deltaking i DigiRogaland, som er eit interkommunalt it-prosjekt i Rogaland.
6.1.3.2 Det skal reduserast i stilling i Service- og fellestener, ved omorganisering og tilpassing av resepsjons- og sentralbordtenesta. Dette som følgje av at ein tar i bruk meir digitaliserte løysingar og samhandling mellom desse. Beløp kr 300 000.
6.1.3.3 Del av stillingsressurs (50%) ved økonomiavdelinga skal endrast til kostkontroller-funksjon (drift), i kombinasjon med oppretting av halv stilling som kostkontroller-funksjon for investeringsprosjekt (investering).

- 6.1.3.4 Reduserte reisekostnader og klimautslepp som følgje av auka bruk av digitale hjelpe midlar. Dette kan t.d. vera Skype for business, som allereie er tatt i bruk. Dette er særleg med tanke på leiatarar, som då vil få mindre tid på reise, og dermed får frigjort tid til leiing på staden.
- 6.1.3.5 Sentral pott for velferdstiltak til tilsette i Vindafjord kommune blir redusert. Kommunestyret som arbeidsgivar ynskjer at bruken av midlar til velferdstiltak skal drøftast med hovudtillitsvalde.
- 6.1.3.6 Tilskot til Medvind næringshage blir vidareført til 2021. Tilskotet, som tidlegare blei dekka av statleg tilskotsordning, vil fram mot 2021 bli dekka av kommunale næringsfond.
- 6.1.3.7 Det er behov for større nye løysingar for å tilpassa den kommunale drifta til eit framtidig lågare inntektsnivå. Inndelingstilskotet blir trappa ned frå og med 2021, med om lag 2 mill kroner årleg i ein femårsperiode. Nytt inntektssystem frå og med 2017 gir også lågare inntekter, særleg no når overgangsperioden med inntektsgaranti har gått ut.
- 6.1.3.8 Vidareføra «Servicekommune» som tema i kommunen sitt leiaturviklingsprogram.
- 6.1.3.9 Det er skipa ei prosjektgruppe som jobbar vidare med resultatet frå forprosjektet om eit interkommunalt IKT på Haugalandet. Prosjektgruppa, som består av IT-sjefane i Karmøy, Haugesund, Tysvær og Sveio, vil koma med forslag om korleis eit slikt felles IKT kan organiserast. Vindafjord kommune er med i prosjektet som dialogpartner for prosjektgruppa.
- 6.1.3.10 Rådmannen legg fram ei sak for DUK om oppretting av klima-, energi- og miljøpris.
- 6.1.3.11 Etiske og klimanøytrale innkjøp skal vera ein faktor i kommunal innkjøpspolitikk/-samarbeid. Ved kravspesifikasjon for nye avtalar og innkjøp skal slike krav vera med.

6.1.4 Kyrkja og andre trussamfunn

Tenesta omfattar:

Tilskot til drift av Vindafjord kyrkjelege fellesråd og andre trussamfunn

	Rekneskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Sum utgifter	6 846 328	6 580 000	6 580 000
Sum inntekter	-440 300	-335 000	-335 000
Netto utgifter	6 406 028	6 245 000	6 245 000

Status og utfordringar:

Vindafjord kyrkjelege fellesråd får kommunalt tilskot til drift av verksemda si. Fellesrådet er eit sjølvstendig organ, og er ansvarleg for bygging, drift og vedlikehald av kyrkjer og kyrkjegardar. Rådet har også personalansvar for alle kyrkjeleg tilsette utanom sokneprestane, som er statleg tilsette. Fellesrådet er vidare ansvarleg for prestane sitt kontorhald. Prestane har eiga kontorhjelp. Fellesrådet skal også leggja til rette for konfirmantundervisninga med lokale, utstyr og materiell. Fellesrådet sine oppgåver er uttømande opprekna i §14 i kyrkjelova.

Fellesrådet si oppgåve er å tilretteleggja den kyrkjelege infrastrukturen, medan sokneråd, kateket og presteskap står for gjennomføringa av kyrkja sitt arbeid etter dei til ei kvar tid gjeldande ordningar for Den norske kyrkja. Kommunen si oppgåve er å setja fellesrådet økonomisk i stand til å gjennomføra dei oppgåvene som her er nemnde, jf §15 i kyrkjelova.

Fellesrådet har ikkje hatt justering for løns- og prisvekst dei siste åra, og såleis har dette vore ei innsparing. Dette heng m.a. saman med auke i tilskot til andre trudomssamfunn. Kommunalt tilskot til andre trudomssamfunn skal ytast med same beløp pr. medlem som Kyrkjeleg fellesråd får. Det er ein auke i medlemstalet i andre trudomssamfunn. Fellesrådet får redusert tilskotet med kr 100 000 frå dagens nivå. Kr 100 000 blir løyvd som auke til andre trussamfunn.

På investeringssida er det sett av 2,4 mill. kroner i økonomiplanperioden til rehabilitering av kyrkjer, gravplassar og kyrkjeorgel. Dette inngår i fellesrådet sitt ansvarsområde. Det er ein føresetnad at Fellesrådet legg fram ein plan for arbeidet som vert politisk godkjent. Kommunen har relativt mange kyrkjer og kyrkjegardar i høve til folketalet.

6.2 Rammeområde Oppvekst og kultur

Rammeområdet omfattar

Vindafjord kommune har ni levande bygder med barnehage og skule i alle bygder. Me har tre kombinerte barne- og ungdomsskular (Vikedal, Ølen og Skjold), tre barneskular (Sandeid, Vats og Vågen), fire barnehagar (Skjold, Vats, Sandeid og Vågen), tre kombinerte barnehagar og skular (Imsland, Bjoa og Vik), vaksenopplæring, PPT, kulturskule, bibliotek og ungdomsklubbverksemrd. I tillegg er det også private barnehagar i bygdene Vikedal, Ølen og Vats.

6.2.1 Felles for rammeområde Oppvekst og kultur

Status og utfordringar:

Målet er alltid å gje eit best mogeleg tilbod til dei yngste innbyggjarane våre som går i barnehagar og skular i kommunen. Gode tenester på barnehage, skule, SFO og kulturskule er eit tiltak for å få fleire til å busetja seg i Vindafjord kommune.

Elevtalet har gått ned i grunnskulen dei siste åra, men ser ein fram mot 2022 finn ein at elevtalet vil auka igjen totalt. Det går ned i Vikedal, Bjoa, Vik og Imsland skular. Elevtalet vil vera nokolunde stabilt i Skjold og Ølen, medan me ser ein auke i elevtal i Vats, Vågen og Sandeid.

Staten har innført ei ny ordning for kompetanseutvikling i skule og barnehage. Dei nasjonale satsingane for etterutdanning blir no bytta ut med ei ny ordning. Det nye er at skule- og barnehageeigarane og universitet/høgskule (UH) i stor grad får definera satsingsområde sjølve. Kunnskapsdepartementet legg vekt på at barnehagar og skular skal delta i meir langsigktige kompetansetiltak som involverer heile barnehagen/skulen. Arbeidet blir organisert i kompetansenettverk i definerte regionar. Kvart nettverk skal bestå av representantar frå kommune, Fylkesmann og UH. Kompetansenettverka skal bli samde om prioriteringar og kva for utfordringar ein skal ha fokus på til ei kvar tid.

Vindafjord kommune har hatt prosjektmidlar (BTI = Betre Tverrfagleg Innsats) over to år, der målet har vore å etablira ein kommunal modell for å hjelpe barn og unge på lågast mogleg nivå,

tverrfagleg. Frå januar 2019 gjeld ikkje desse midlane meir, men det er søkt om nye midlar, «Barn som pårørande», som skal byggja vidare på det allereie etablerte arbeidet. Her har kommunen mottatt midlar til ca. 50% stilling for 2019. Tverrfagleg samhandling er veldig viktig for alle som arbeider med barn og unge. I år vert den første «PåGliMedBTI-konferansen» arrangert med Forandringsfabrikken som hovudinnleggjar. Denne konferansen skal vera ein årleg tradisjon, og det er viktig at me legg den på felles planleggingsdag for skule og barnehage for at alle som jobbar med barn og unge skal få delta og få høyra det same. Også PPT, barnevern, helse, barne -og familierettleiarar, SLT og ikkje minst politisk nivå deltek.

Stortinget vedtok i juni 2017 ei lovendring til opplæringslova kapittel 9A om elevane sitt skulemiljø. Denne vart gjort gjeldande frå 01.08.2017. Føremålet med lovendringa er å styrkja rettssikkerheita til elevane, samt å tydeleggjera krava til kva skulene skal gjera. Det er nulltoleranse for mobbing i Vindafjordskulen, difor skal det jobbast hardt over heile linja for å førebyggja dette. Haugalandsløftet, som var slutt august 2017, har bidrege til meir systematisk arbeid med tverrfaglege tenester på dei arenaene barna er. I løpet av fleire år har ein tilbydd forskningsbasert kompetanseutvikling til dei som arbeider med barn og unge. Dette tar me med oss vidare inn i denne desentraliserte kompetanseutvikling, som går ut på at skular og barnehagar skal bli gode til å analysera resultata sine og laga tiltak som har til formål å auka barna og elevane si utvikling og læring.

Tidleg innsats er ei viktig satsing. At barnehagebarn og elevar blir sett og opplever trygt og godt miljø fører igjen til meistring og læring vidare i livet.

Nytt kultur- og læringssenter opnar dørene nokre veker ut i 2019. Kulturskulen, biblioteket, vaksenopplæringa og frivilligsentralen skal etablerast i nye lokale. Heile huset, som har fått namnet Sjøperlo skal vera den sentrale og viktige møteplassen for alle grupper i alle aldrar. Å samordna kommunale tenester, tilboda som i dag er Ølen kulturhus og samtidig få til eit meirope hus som blir eit naturleg samlingspunkt for alle, blir ei svært spanande og viktig arbeidsoppgåve i 2019.

Budsjettendringar i planperioden

Rammeområde oppvekst og kultur	2018	2019	2020	2021	2022
Sum inntekter	-30 451	-32 137	-32 137	-32 137	-32 137
Opprinnelege utgifter	245 511	251 538	251 238	248 718	246 968
Tiltak frå 2018:					
Haugalandsløftet - prosjektpериode ut 2017	-60				
Reduksjon stillingar i skule 2017-18 og 2018-19	-1 450	-400			
Barnehage ny avdeling (Skjold)	700	900			
Innsparing fellesområdet	-500				
SLT-koordinator - vurdera endring av ordninga	100		-520		
Vidareføring av frivilligsentralen					
Avslutning av bygdebokarbeidet		-500	-500	0	
Trykking og sal av bygdebøker - 3 band		500	-200	100	-400
Sum andre tiltak med verknad frå 2018					
Tiltak i planperioden:					
Reduksjon stillingar i rammeområdet 2019-2020	-600	-250			
Prisjustering SFO - mot sjølvkost-finansiering fra aug	-200	-200			
Nye løysingar pga nedtrapping av inndelingstilskot		-850	-1 850	-2 100	
Sum utgifter	244 301	251 038	248 718	246 968	244 468
Netto driftsramme	213 850	218 901	216 581	214 831	212 331

Tabellen viser netto driftsramme for rammeområdet. Nye tiltak er synleggjort og kommentert under det aktuelle tenesteområde.

Prioriterete fellestiltak innan rammeområdet		2019	2020	2021	2022
6.2.1.1	Utarbeida gode rutinar for barn som pårørande	x			
6.2.1.2	Kompetanseutvikling i skule og barnehage gjennom nye statlege ordningar	x	x	x	x
6.2.1.3	Utarbeida overordna retningsliner og rutinar for arbeid med det psykososiale miljøet i skule og barnehage	x			
6.2.1.4	«PåGliMedBTI-konferanse» årleg	x	x	x	x
6.2.1.5	Utarbeida overordna kvalitetshjul for oppvekst	x	x		
6.2.1.6	Revidera overgangsprosedyrar barnehage/skule	x			
6.2.1.7	Reduksjon stillingar i rammeområdet 600 000 kr i 2019 og ytterligare 250 000 i 2020	x	x		
6.2.1.8	Nye løysingar grunna nedtrapping av inndelingstilskot		x	x	x
6.2.1.9	Utarbeida Barnehage- og skulebruksplan		x		

Kommentar til strategiar og tiltak

6.2.1.1 Kommunen har fått tildelt prosjektmidlar på 400 000 kr, som skal brukast til prosjektstilling retta mot barn som pårørande der det viktige vil vera å utarbeida rutinar for å sikra at dei blir møtt på ein god og trygg måte i ein sårbar situasjon. Barn som pårørande må sjåast på som barn i risiko, sjølv om det kan vera i ein kortvarig eller forbigåande periode.

6.2.1.2 Utvikla og definera lokale satsingsområde i kommunen og på den enkelte barnehage og skule. I denne ordninga legg ein vekt på at barnehagar og skular skal delta i meir langsiktige kompetansetiltak som involverer heile barnehagen/skulen,

såkalla barnehage- og skulebasert utviklingsarbeid. (DeKomp = Desentralisert kompetansemodell skule, ReKomp = Regional kompetansemodell barnehage).

- 6.2.1.3 I Rammeplanen står det at barnehagen skal fremja vennskap og fellesskap, det skal jobbast bevisst for å førebyggja, stoppa og følgja opp diskriminering, utesetjing, mobbing, krenking og uheldige samspeismønster. I Opplæringslova §9A kom det i 2017 ny lovendring om elevane sitt skolemiljø. Føremålet med lovendringa er å styrkja rettssikkerheita til elevane, samt å tydeleggjera krava til kva skulane skal gjera. Det er nulltoleranse for mobbing i Vindafjord, difor skal det jobbast hardt over heile linja for å førebyggja dette. Det skal difor utarbeidast overordna retningsliner og rutinar basert på dette som den enkelte styrar og rektor skal ha som grunnlagsdokument i dette viktige arbeidet.
- 6.2.1.4 I samarbeid med helse og andre viktige samhandlingspartner vil det årleg arrangerast «PåGliMedBTI» konferanse, som skal ha fokus på tverrfagleg arbeid med barn og unge. Den skal leggjast til kurs- og planleggingsdagen i november for skule og barnehage slik at alle som arbeider med barn og unge får høyra det same. Ved å arrangera det på ein planleggingsdag gjer at det er enkelt å samla alle i målgruppa. Denne konferansen skal vera obligatorisk for alle som jobbar med barn og unge, politisk nivå vert også invitert.
- 6.2.1.5 Dette kvalitetshjulet skal utarbeidast av barnehage -skuleeigar, og det skal sikra at barnehagane og skulane følgjer opp rutinar, retningsliner og lovverk. Målet med dette kvalitetshjulet er å samla dei viktigaste rutinar og retningsliner på ein plass slik at det vert føreseieleg og enklare for den enkelte ansvarlege leiar å sikra at ein driv forsvarleg og godt. Det skal også gjera det betre og lettare for nye leiarar som overtek når andre sluttar. Hjulet skal også ha fokus på utviklingsarbeid i tråd med nye statlege kompetanseordningar som skal sikra at det skjer utvikling på golvet og i klasserommet. Dette overordna dokumentet skal også innehalda eit årshjul for når barnehage- og skuleigar skal føra tilsyn på dei enkelte områda.
- 6.2.1.6 Samhandlinga mellom barnehage og skule, og mellom Barneskule og ungdomsskule, skal ivareta barnet sitt behov for tryggleik i ein overgangsprosess, og bidra til at opplæringa vert tilpassa det enkelte barnet allereie frå første skuledag. Eksisterande prosedyre for overgangar i Vindafjord kommune er frå 2009, og nye endringar i lovverk, fagfornying og rammeplan tilseier at det er rett tid for revidering. Overgang til vidaregåande skule er også eit område som skal ha fokus i denne planen.
- 6.2.1.7 Plan for denne reduksjonen vert utarbeidd saman med dei tillitsvalde, og framlagt i 1. tertialrapport.
- 6.2.1.8 Det er behov for nye løysingar og tiltak for å tilpassa den kommunale drifta til eit framtidig lågare inntektsnivå. Inndelingstilskotet blir trappa ned frå og med 2021, med om lag 2 millionar kroner årleg i ein femårsperiode. Nytt inntektssystem frå og med 2017 gir også lågare inntekter, særleg no når overgangsperioden med inntektsgaranti har gått ut.
- 6.2.1.9 Utarbeida barnehage- og skulebruksplan for å sikra kvalitet i dette tenesteområdet for framtida.

6.2.2 Barnehage

Tenesta omfattar:

Skjold, Sandeid, Vats, Vågen barnehage, Bjoa-, Vikebygd- og Imsland barnehage og skule.

I tillegg skal kommunen føra tilsyn med dei tre private barnehagane; Ølensjøen FUS, Vikedal FUS og Nausthaugen. Private barnehagar er inkludert i kompetanseutvikling, samordna opptak og BTI-arbeidet.

Mål for økonomiplanperioden 2019-2022:

Barnehagelova §1 omhandlar formålet med barnehagen.

Der står det mellom anna at «*Barnehagen skal i samarbeid med heimen ivareta barnet sitt behov for omsorg og leik og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling*»

Målet for økonomiplanperioden er å sikra god og jamn kvalitet på barnehagane i Vindafjord.

Ny rammeplan blei innført gjeldande frå august 2017, og barnehagane er på god veg med å implementera denne. Den nye rammeplanen er tydeleg på kva dei tilsette skal gjera for at barna skal ha det bra i barnehagen. Det har vore to konstruktive kurskveldar, i kommunal regi, for tilsette, både i kommunale og private barnehagar, med dette som tema og som fordrar til vidare arbeid med dette. Fylkesmannen følgjer opp med fagdagar knytt til ny rammeplan og kommunen nyttar ein planleggingsdag i september til å delta på dette.

Pedagognorm, gjeldande frå august 2018, fører til auka utgifter til løn, samstundes som vaksentettleiken vert mindre på grunn av auke i plantid. Kommunen har fått tilsett pedagogar i dei fleste faste stillingane. Samla sett er det 4,6 årsverk på dispensasjon. Det må pårekna nyrekruttering, sjølv om det er 3 tilsette under utdanning i Skjold barnehage.

Barnehagane tar høgde for å imøtekoma ny bemanningsnorm. Dei kommunale barnehagane har tatt høgde for den nye bemanningsnorma allereie, sjølv om Regjeringa har gitt rom for eit overgangsår fram mot august 2019. Dei private barnehagane følgjer framleis gamle retningslinjer, og kjem truleg ikkje til å etterleva den nye norma før august 2019.

	Rekneskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Sum utgifter	80 930 909	75 863 870	81 674 224
Sum inntekter	-15 986 942	-10 870 841	-11 152 719
Netto utgifter	64 943 967	64 993 029	70 521 505

Andre nøkkeltal:

	Rekneskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Netto ordinær barnehagedrift	32 414 260	30 345 282	33 539 715
Foreldrebetaling i barnehage	-7 808 880	-7 934 841	-8 025 199
Tilskot til private barnehagar	25 088 352	25 500 090	28 300 000
Tilskot til andre kommunar	653 573	200 000	200 000
Redusert foreldrebetaling	378 525	900 000	900 000
Netto styrking/spes ped hjelp	6 071 604	7 082 658	5 370 613

Lokal sats for driftstilskot pr. heiltidsplass til private barnehagar for 2019 er kr 208 100 for små barn og kr 98 794 for store barn. For kapitaltilskot nyttar ein nasjonale satsar, som skal fastsetjast innan 31.10.2018.

Nøkkeltal/ Prognose for planperioden	2019	2020	2021	2022
Framskrivning av aldersgruppa 0 – 5 år i Vindafjord	662	542	656	649
Barn født pr 31.12.17 i Vindafjord	113			

Status og utfordringar:

Alle barn med rett til barnehageplass og som har sendt søknad til hovudopptak 1. mars fekk tilbod om barnehageplass i august 2018 i kommunen, men ikkje alle fekk 1. prioritet innfridd. Med løypande opptak/felles opptaksmøte står det framleis barn igjen på venteliste til høgare prioriterte opphold. Kommunen får framleis refusjonskrav for 2-3 barn med plass i andre kommunar.

Det er søkt om dispensasjon frå utdanningskravet ved Bjoa, Vågen, Sandeid og Skjold i 2018/19. Det er ikkje søkt om dispensasjon frå pedagognorma.

Fokus på opplæring i omgrep og språk i barnehagane held fram i 2018/19. Dette er grunnlag for opplæring i skulen og difor viktig for alle, men spesielt for barn med dårleg språkutvikling eller barn med eit anna morsmål. Desse skal ha tett oppfølging av fagpersonale. Det vil bli gitt kurs og rettleiing til barnehagane. Kommunen får tilskot til språkutvikling for minoritetspråklege. Frå august 2018 vert desse midlane nytta til kommunalt tilsett pedagog som arbeidar opp mot dei minoritetspråklege i Ølensjøen FUS barnehage.

«Vera Saman» skal vera implementert, og er ei vidareføring av Haugalandsløftet. Tidleg innsats og førebyggjande arbeid er innsatsområde i barnehagane. Barn treng gode og trygge barnehagar med nok personale til å ivareta dette. Satsing på dei yngste barna er mellom anna å ha nok vaksne i barnehagen. God psykisk helse er avgjerande, og barnehagane følgjer planar som kommunen har i dette arbeidet. Nettverk og barnehagebasert læring er arbeidsmåtar som vert prioritert i samband med kompetanseheving.

Den nye ordninga for kompetanseutvikling i barnehage, ReKomp (regional kompetanseutvikling), vert fokusområde framover i perioden. Det er oppretta ei interkommunal arbeidsgruppe der kartlegging av kva område ein skal satsa på framover vert jobba med. Det skal jobbast barnehagebasert, som betyr at barnehagen og leiinga og alle tilsette, deltek i ein utviklingsprosess på eigen arbeidsplass. Hensikt er å utvikla barnehagen sin samla kunnskap, haldningar og ferdigheter når det gjeld utvikling og læring. Barnehagane nyttar verktøy som er tilgjengeleg på Utdanningsdirektoratet sine nettsider. I november 2018 gjennomførast foreldreundersøking som så skal arbeidast med i 2019. Vidare er ståstadanalyse eit godt utgangspunkt for vidare kvalitetsutviklingsarbeid.

Prioriterte strategiar og tiltak i planperioden		2019	2020	2021	2022
6.2.2.1	Auka bemanning. Ei avdeling barnehageåret 2018/19	x			
6.2.2.2	Vidare implementering av ny rammeplan	x			
6.2.2.3	ReKomp – regional kompetanseutvikling	x	x	x	x

Kommentar til strategiar og tiltak

6.2.2.1 Tiltaket er auke med ein barnehagelærar og to fagarbeidrar/assistentar, tilsvarende 18 barnehageplassar. Pedagog- og bemanningsnorm fører til auke i pedagog på bekostning av assistenter/fagarbeidrar. Auke i bemanning er knytt opp mot opning av nybygg i Skjold barnehage. I tillegg er det lagt inn tiltak med ynskje om å auka med 3,3 årsverk samla i kommunale barnehagar for å dekka inn for plantid der pedagogar går vekk frå direkte arbeid med barna.

6.2.2.2 Arbeidet med å implementera ny rammeplan har blitt jobba godt med sidan 01.08.17. Det betyr likevel ikkje at arbeidet med dette er over. Det er viktig å halda fram med dette arbeidet for å sikra at denne vert forankra og godt kjend i organisasjonen og på den enkelte barnehage. Det må jobbast barnehagebasert, dvs at ein involverer og inkluderer alle som jobbar i barnehagen og ikkje minst foreldre/føresette. Frå sentralt

hald vert dette arbeidet sikra gjennom oppfølging og dialogmøte i tråd med det nye kvalitetshjulet som skal utarbeidast i oppvekst.

6.2.2.3 Ny modell for regional kompetanseutvikling er under utvikling og skal gjennomførast gjennom ein partnerskapsavtale med UH-sektoren, i ein regional kompetansestrategi. Satsinga er i samarbeid med øvrige kommunar på Haugalandet, og skal gjennomførast som barnehagebasert kompetanseutvikling ute i kvar barnehage. Kommunen deltek i interkommunal arbeidsgruppe som skal i utgangspunktet leggja opp til kartlegging av behov i dei forskjellige kommunane. Her på Haugalandet har me hausta gode erfaringar gjennom Haugalandsløftet og har tidlegare hatt nytte av felles prosjekt. Kartlegging og analyse er satsingsområde i det innleidande arbeidet første året.

6.2.3 Grunnskule

Tenesta omfattar:

Skjold-, Ølen-, Vikedal-, Vats-, Sandeid- og Vågen skule, Vikebygd-, Bjoa- og Imsland barnehage og skule.

Mål for økonomiplanperioden 2019-2022:

- Alle elevar skal kjenna seg trygge på skulen. Både gutter og jenter frå 7. og 10. klasse skal rapportera om trivsel minst på nivå med fylke og land i elevundersøkinga.
- Vindafjordskulen har nulltoleranse for mobbing! Målet er at færrest mogleg av elevane våre opplever mobbing. Det skal jobbast målretta med førebygging og haldningsskapning i tråd med Opplæringslova §9A og overordna retningsliner for det psykososiale miljøet. Heim/skule samarbeidet er her viktig.
- Elevane våre skal vera godt førebudde til gjennomføringa av dei nasjonale prøvane og målet er at våre elevar skal ha eit snitt som minimum ligg på nasjonalt nivå. Den enkelte skule v/rektor skal jobba skulebasert ved hjelp av analysekompetanse med resultata slik at dei finn ein god utviklingsretning for vidare arbeid med den enkelte elev i faga.
- Elevane våre skal vera godt førebudde til gjennomføring av eksamen, og våre avgangselevar skal minimum vera på nivå med fylket og landet elles.
- Kommunen skal fram mot 2025 vidareutdanna dei av lærarane som ikkje imøtekjem krava til undervisning i matematikk, norsk og engelsk. Dette gjennom den statlege ordninga kompetanse for kvalitet.
- Alle elevane skal fram mot utgangen av 4. trinn bestå nasjonale krav i dugleiksprøve i symjing.
- Bruk av digitale verktøy i opplæringa skal bidra til å auka elevane si oppleving av meistring og motivasjon for læring. Pedagogisk plan for IKT i Vindafjordskulen skal liggja som eit fundament for dette arbeidet.
- Elevar som kjem seint i gang med lesing og skriving fyrste skuleår, skal ha særskild oppfølging og eventuelt tilbod om tidleg utgreiing av PPT.
- Gjennom den nye statlege ordninga for kompetanseutvikling, DeKomp, skal alle skulane våre og eigar delta i langsiktige kompetansetiltak som involverer heile skulen. I dette arbeidet skal skulane nytta pedagogisk analyse for å betra og sikra elevane si læring og utvikling i alle fag.
- Elevar med forsinka språkutvikling skal ha særskilt oppfølging og eventuelt tilbod om logoped.

	Rekneskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Sum utgifter	123 521 146	121 323 714	122 077 827
Sum inntekter	-12 066 979	-7 589 010	-9 135 605
Netto utgifter	111 454 167	113 734 704	112 942 222

Nøkkeltal/ Prognose for planperioden	2019	2020	2021	2022
Framskrivning av aldersgruppa 6 – 12 år i Vindafjord *	826	805	815	822
Framskrivning av aldersgruppa 13 – 15 år i Vindafjord *	335	345	329	338

*Kjelde SSB folketalsutvikling

Skule	Elevar	Språk
Ølen	55	Syria, Eritrea, Etiopia, Kosovo, Nepal, Palestina, Romania, Finland, Thailand, Litauen, Latvia, Polen, Nederland, Noreg, India, Pakistan, Albania, England, Sudan, Somalia og Island. Av desse er 22 flyktningar
Skjold	13	Polen, Ukraina, Romania
Vikdal	6	Latvia, Litauen, Polen, Tyskland, Ukraina
Vats	16	Polen, Romania, Thailand, Moldova, Brasil, Sverige, Tyskland
Sandeid	11	Polen, Litauen, Tyskland, Estland
Vågen	10	Polen, Hviterussland, Eritrea, Filipinene, Latvia
Bjoa	7	Polen, Litauen
Vik	0	
Imsland	4	Nederland, Litauen
Totalt	122	

Status og utfordringar:

Status i høve resultatmål (frå tabell i kap. 3.2) er omtalt i Tilstandsrapport for 2017. Leseplan for 1. – 4. klasse er utarbeidd og tatt i bruk. August 2018 starta arbeidet med å få laga ein liknande plan for 5.-7.klasse. Målet er at denne skal vera klar til bruk frå skulestart 2019.

Det er auke i tal elevar med eit anna morsmål enn norsk. Tabellen over syner status på minoritetsspråklege elevar pr. 30.09.18 (barn med 2 biologiske foreldre frå eit anna land). 10,8% av elevmassen har eit anna morsmål enn norsk. Det er ein ressurs for kommunen å ha mange minoritetsspråklege, men det krev og at skulane legg opp undervisninga slik at den er tilpassa alle. Det kan somme tider vera ressurskrevjande, både å administrera (grunna stadig varierande elevtal og utfordringar) og å gi eit fullverdig opplæringstilbod. Gjennom velkomstklassen gir kommunen opplæring i grunnleggande norsk, noko som er skildra i eigen vedteken plan. Velkomstklassa har base på Ølen skule.

Det kom skjerpa krav til symjeopplæring i 2017, med obligatorisk prøve etter 4. årssteg. Dette fører med seg auka skyssbehov, spesielt for dei skulane lengst unna symjehallen kan det vera kostbart. Her må einingsleiar vera kreativ, slik at ein får best mogleg utnytting av tida ein har i bassenget, særleg for dei elevane som treng ekstra øving for å nå krava.

Elevane har rett på eit godt psykososialt miljø når dei er på skulen og elles på fritida. Det er difor eit viktig område som har stor prioritet i skule i samarbeid med heimen. Skuleeigar stiller krav til den enkelte einingsleiar at dei har eit utarbeidd system og gode rutinar som vert følgjt i saker som har med mobbing og det psykososiale miljøet å gjera. Ein overordna rutine skal utarbeidast på eigarnivå, som set føringar for vidare arbeid med dette. Rutinen skal også vera grunnlag for tilsyn på dette området.

Ny pedagogisk IKT plan for skulane skal vera eit styringsdokument for vidare satsing når det gjeld digital kompetanse og retningslinjer for krav av utstyr. Denne planen er vedteken politisk og blir då eit godt og forpliktande dokument til vidare arbeid med dette området.

Strategien «Kompetanse for kvalitet» vert vidareført med same ramme i 2018/19 som i 2017/18. Statsbudsjettet understrekar at ein må leggja til rette for større fleksibilitet, fleire fag som t.d. spesialpedagogikk kjem inn i ordninga.

Den nye ordninga for kompetanseutvikling i skule, DeKomp (desentralisert kompetanseutvikling), vert fokusområde framover i perioden. I Nord R (Nord Rogaland) har skuleeigarane bestemt at det skal satsast på leiarutvikling og pedagogisk analyse. Vidare skal einingsleiar driva skulebasert utviklingsarbeid med hjelp av pedagogisk analyse, som er ein modell som hjelper den enkelte skule til å jobba systematisk med resultat for å sikra meir heilskapleg læring for elevane. Skulebasert utvikling betyr at skulen og leiinga og alle tilsette, deltek i ein utviklingsprosess på eigen arbeidsplass. Hensikt er å utvikla skulen sin samla kunnskap, haldningar og ferdigheter når det gjeld læring.

For å sikra at våre elevar som er plassert i andre kommunar, anten i beredskaps- eller fosterheimar, får best mogleg opplæringstilbod skal skuleigar følgja tett opp. Her skal det sikrast at vertskommunane nyttar ressursane på ein tenleg måte og kontinuerleg evaluerer elevane sine behov for spesialundervisning.

Prioriterte strategiar og tiltak i planperioden	2019	2020	2021	2022
6.2.3.1 Vidare reduksjon av ass. timer skuleåret 2018/19	x			
6.2.3.2 Reduksjon av to årsverk skuleåret 2018/19	x			
6.2.3.3 Kvalifisering av lærarar etter ny forskrift	x	x	x	x
6.2.3.4 Leseplan – 5.- 7. trinn	x			
6.2.3.5 Kvalitet- og strategiplan for grunnskule		x		
6.2.3.6 Kompetanseheving på assistentar i skulen som jobbar med elevar som har vedtak i samsvar med opplæringslova § 5-1	x	x	x	
6.2.3.7 DeKomp – desentralisert kompetanseutviklingsmodell	x	x	x	x
6.2.3.8 Pedagogisk IKT plan for Vindafjordskulen	x	x	x	x
6.2.3.9 Endra profil på tildeling av rammetimetal.	x	x	x	x

Kommentar til strategiar og tiltak

6.2.3.1: Oppfølging av tidlegare vedtak i Kommunestyret

6.2.3.2: Det vart redusert med to fagarbeidarstillingar f.o.m skuleåret 2018/19.

6.2.3.3: Det er fleire lærarar som ikkje har formell kompetanse til å undervisa i fag dei har undervist i over tid. Kommunen har 10 år frå kravet blei innført i 2015 til å oppfylla forskriftera. Krava går ut på at dei som underviser i norsk, engelsk og matematikk på ungdomstrinnet skal ha min 60 studiepoeng (stp) i desse faga. På småskulen er kravet i desse faga min 30 stp. Skule har eit fond til kompetanseheving som kan nyttast som kommunal del i den statlege satsinga «Kompetanse for kvalitet».

6.2.3.4: Leseplan etter same mal for 1. – 4. klasse skal utarbeidast. Prosjektgruppe er oppretta og planen skal vera ferdig til skulestart 2019.

6.2.3.5: Denne planen skal reviderast innan 2020.

6.2.3.6: Dette blir gjort gjennom rettleiing frå PPT og frå spesialpedagogane.

Assistentane som jobbar med elevar med vedtak vil få tilbod om kursing og anna etterutdanning innanfor den diagnosen dei elevane har.

6.2.3.7: Ny modell for desentralisert kompetanseutvikling er under utvikling og skal gjennomførast gjennom ein partnarskapsavtale med UH-sektoren, i ein regional kompetansestrategi. Satsinga er i samarbeid med øvrige kommunar på Haugalandet, og skal gjennomførast som skulebasert kompetanseutvikling ute i kvar skule. Kommunen deltek i interkommunal arbeidsgruppe som jobbar med leiarutvikling og pedagogisk analyse som satsing.

6.2.3.8: Dei overordna måla for IKT i Vindafjordskulen er å utvikla digitale borgarar i takt med utviklinga elles i samfunnet. Desse er basert på overordna mål frå Kunnskapsløftet (LK06), der det står presisert kva ein meiner med grunnleggjande duguLik i faga inkludert det å kunna bruka digitale verktøy i kvart enkelt fag. Elevane skal bli opplærde til å møta framtidia.

6.2.3.9 Førebyggande arbeid/tidleg innsats skal prioriterast. Tilstandsrapporten frå 2018 og framover skal ha eige punkt om fordelinga av årsverk over tid på dei ulike stega.

6.2.4 Skulefritidsordninga

Tenesta omfattar:

SFO ved Skjold-, Ølen-, Vikedal-, Vats-, Sandeid- og Vågen skule, Vikeygd-, Imsland- og Bjoa barnehage og skule.

Mål for økonomiplanperioden 2019-2022:

SFO skal vera ein trygg oppholds plass for barna utover skuletida, gi barna omsorg og tilsyn og leggja til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar.

SFO er eit frivillig tilbod for elevar på første til fjerde årstrinn. Barn med spesielle behov har plass fram til 7. klasse.

	Rekneskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Sum utgifter	6 906 083	7 701 130	8 339 953
Sum inntekter	-4 313 159	-4 959 940	-5 483 340
Netto utgifter	2 592 924	2 741 190	2 856 613

Nøkkeltal/ Prognose for planperioden *	2019	2020	2021	2022
Elevgrunnlag for SFO (1 – 4 trinn) Skjold	97	96	97	95
Elevgrunnlag for SFO (1 – 4 trinn) Ølen	98	90	88	121
Elevgrunnlag for SFO (1 – 4 trinn) Vats	67	70	75	64
Elevgrunnlag for SFO (1 – 4 trinn) Sandeid	60	71	75	52
Elevgrunnlag for SFO (1 – 4 trinn) Vågen	58	65	63	48
Elevgrunnlag for SFO (1 – 4 trinn) Vikedal	44	37	40	42
Elevgrunnlag for SFO (1 – 4 trinn) Vikeygd	22	15	14	11
Elevgrunnlag for SFO (1 – 4 trinn) Bjoa	25	21	15	12
Elevgrunnlag for SFO (1 – 4 trinn) Imsland	11	11	13	13

*Syner dei som bur i bygdene no. Tiflytting er ikkje medrekna.

Elevar i SFO pr september 2018

Vindafjord kommune tilbyr ulike pakkar i SFO. Fleire skular tilbyr morgen-SFO.

Skule	1 dag	2 lange eller 3 korte	5 dagar	Ferie-pakke	Barn totalt
Skjold	14	22	24	8	68
Ølen	8	11	30	15	49
Vats	7	5	8	0	17
Sandeid	4	19	10	1	25
Vågen	8	12	15	5	33
Vikedal	11	6	10	0	21
Vikebygd	5	13	3	1	15
Bjoa	7	8	2	0	15
Imsland	6	8	2	0	9
Totalt	70	104	104	30	252

Status og utfordringar:

Kommunal del av SFO drift utgjer kr 2 856 613. Foreldrebetalinga utgjer kr 5 483 340. Det er om lag 14,2 årsverk i SFO. Det er lagt inn prisauke på 7% på foreldrebetalinga frå hausten 2019. Tenesta kan i utgangspunktet vera sjølvkostfinansiert. For 2019 blir det lagt opp til ein kommunal eigendel på 34%.

Det er per dags dato tilbod om SFO i alle bygdene våre. Det blei frå skulestart 2018/19 gjort ei endring som gjer at føresette kan velja morgen SFO uavhengig av andre pakkar. SFO tilbodet skal opp til ny evaluering igjen og resultatet av denne saka vert sett i verk frå skulestart 2019/20. I forkant av denne saka vart det sendt ut brukarundersøking på e-post/SMS til alle som nyttar seg av SFO tilbodet i kommunen.

SFO skal vera eit fritidstilbod for alle elevar på 1.- 4. trinn og til elever med spesielle behov på 5.- 7 trinn. I fritidstilboden skal barna oppleva meistring i eit miljø prega av inkludering og kreativitet. Tilsynet skal vera så godt at dei føresette er trygge på at sikkerheita vert ivaretatt. SFO er regulert i opplæringslova § 13-7. For å sikra at dette vert ivareteke vil kommunen i 2019 utarbeida ein kvalitetsplan spesifikt for SFO.

Strategiar og tiltak i planperioden		2019	2020	2021	2022
6.2.4.1	Utarbeida kvalitetsplan for SFO	x			
6.2.4.2	Prisjustering SFO - mot sjølvkost-finansiering	x			

Kommentar til strategiar og tiltak

6.2.4.1 Denne skal gi felles føringer for drift av SFO og vidare vera eit styringsverktøy for rektor og tilsette i SFO. Planen skal sikra at føresette får informasjon om korleis SFO vert organisert og drive, og kva fokusområde ein har for perioden.

6.2.4.2 Det er lagt inn prisauke på 7% på foreldrebetalinga frå hausten 2019. Tenesta kan i utgangspunktet vera sjølvkostfinansiert. For 2019 blir det lagt opp til ein kommunal eigendel på 34%.

6.2.5 PPT

Tenesta omfattar:

Pedagogisk psykologisk teneste (PPT) blir drive saman med Etne kommune, med Vindafjord som vertskommune. PP-tenesta sine oppgåver og drift er heimla i barnehagelova kap V A, §19 c og i opplæringslova § 5-6 . Tenesta skal hjelpe barnehagar og skular i arbeidet med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å leggja opplæringa betre til rette for barn/elever med særlege behov.

Den pedagogisk-psykologiske tenesta skal sørja for at det blir utarbeidd sakkunnig vurdering der lova krev det. Målgruppa er barn 0-6 år, elevar i 1.-10.klasse med særlege behov og vaksne med behov for spesialundervisning på grunnskulen sitt område. PP-tenesta er barnehage og skule sitt sakkunnige organ for opplæring.

Mål for økonomiplanperioden 2019-2022:

Måla byggjer på kommunale behov og statlege føringar. Utdanningsdirektoratet sine kriterium for PPT er:

- PP-tenesta er ei fagleg kompetent teneste
- PP-tenesta er tilgjengeleg og medverkar til heilskap og samanheng
- PP-tenesta arbeider førebyggjande
- PP-tenesta bidreg til tidleg innsats
- PP-tenesta utarbeider sakkunnige vurderinger der lova krev det.

I tillegg skal PP-tenesta utarbeida sakkunnige vurderinger der lova krev det.

	Rekneskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Sum utgifter	5 899 759	5 778 541	5 921 696
Sum inntekter	-2 001 512	-1 875 476	-2 256 436
Netto utgifter	3 898 247	3 903 065	3 665 260

Nøkkeltal/ Prognose for planperioden	2019	2020	2021	2022
Antal personsaker Vindafjord	180	170	160	150
Antal personsaker Etne	90	85	80	75
Sakkunnige vurderinger barnehage *	3,3%	3%	3%	3%
Sakkunnige vurderinger skule *	7,4%	6,7%	6%	5%

*Utviklinga knytt til individarbeid med individuell særrett skal fylgia nasjonalt nivå

Status og utfordringar:
<p>PP-tenesta skal vera ei rådgjevings- og støtteteneste for høgt utdanna medarbeidarar i barnehage og skule. Dette krev høgt kompetansenivå i tenesta. Målet er at rådgjevarane skal ha masterutdanning i spesialpedagogikk og relevant erfaring frå praksisfeltet. Den statlege etter- og vidareutdanninga, SEVU-PPT, vart avslutta i 2018. PP-kontora i Rogaland har laga felles kompetanseplan for å sikra vidare kompetanseutvikling i PP-tenesta, der Fylkesmann, StatPed og NTNU er samarbeidspartar. PP-tenesta samarbeider også i kommunale og regionale nettverk.</p> <p>Utdanningsdirektoratet gav hausten 2016 kvalitetskriterium for å utvikla PP-tenesta. Desse er styrande for prioriteringar i kommunen for å utvikla PP-tenesta i åra framover. Det er ei utfordring å møta statlege forventningar med same stillingsvolum som tidlegare, dersom PPT på same tid får tilvist like mange personsaker og har bestilling på like mange lovpålagde sakkunnige vurderinger som før. Det er også ei utfordring at kommunane ikkje har etablert fast stillingsheimel for logoped i opplæring.</p>

Strategiar og tiltak i planperioden	2019	2020	2021	2022
6.2.5.1 Vidareutvikla og brukha plan for «Kvalitet og strategi»	x	x		
6.2.5.2 Kompetanseutvikling	x	x	x	x

6.2.5.3	PP-tenesta «tett på» barnehagar og skular gjennom systematisk samarbeid PPT- barnehage/skule.	x	x	x	x
6.2.5.4	BTI- Betre tverrfagleg innsats	x	x	x	x
6.2.5.5	Logoped i opplæring	x	x	x	x

Kommentar til strategiar og tiltak

- 6.2.5.1. Leggja Udir sin plan for «Kvalitet og strategi» til grunn for å vidareutvikla PP-tenesta for å nå måla som er sett for tenesta.
- 6.2.5.2. Auka kompetanse i PP-tenesta i tråd med kompetanseplan i samarbeid med Statped, NTNU, Fylkesmann m.fl. Utvikla årshjul for kompetanseutvikling for barn/elevar med særlege behov. Auka kompetanse for intensive tiltak og tidleg innsats.
- 6.2.5.3. Laga samarbeidsplanar for strukturert samarbeid mellom barnehage/skule og PPT. Utvikla PP-kontaktdagar og bruka «Pedagogisk analyse» i rettleiing. Gjera kontor og fagsystemet «Flyt» tilgjengeleg i barnehagar og skular. Delta i arbeid med «Inkluderande barnehage og skolemiljø». Vera med i dialogmøte med eigar, barnehagar og skular.
- 6.2.5.4. Delta i prosjektet BTI for å målretta tverrfagleg innsats i dei mest komplekse sakene. Bruka «Barn og unges helseteneste» i samhandling.
- 6.2.5.5. Det er behov for å oppretta fast heimel for logopedstilling i 60% for Etne og Vindafjord kommune. Ein logoped er særsviktig i å byggja kompetanse for førebyggjande arbeid i barnehage og skule og i arbeidet med intensive tiltak for barn og unge med m.a. kommunikasjonsvanskar, stemmevanskar, språk- og talevanskar, taleflytvanskar (stamming eller løpsk tale) og svelgevanskar.

6.2.6 Kultur- og læring

	Rekneskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Sum utgifter	23 598 455	19 741 516	19 012 942
Sum inntekter	-11 598 396	-4 970 609	-4 123 865
Netto utgifter	12 000 059	14 770 907	14 889 077

Eining Kultur og læring omfattar ålement kulturarbeid, kulturskule, bibliotek, vaksenopplæring og frivilligsentral. Eininga var ny i 2017, og i starten på 2019 flyttar ein samla inn i nytt Kultur- og læringssenter som er knytt til Ølen kulturhus. Felles namn på det heilskaplege bygget er *Sjøperlo*.

Målsetjingar frå kommuneplan 2017- 2029

Kommunen har som mål å leggja til rette for tiltak som gir innbyggjarane gode skule-, fritids- og kulturtilbod. Barn og unge skal prioriterast, og ein skal stimulera til å oppretthalda den frivillige innsatsen i lag og organisasjonar. Kulturskulen er eit offentleg undervisningstilbod i kunstfag. Tilboden skal omfatta både musikkopplæring og opplæring i andre kunstuttrykk. Born og unge er hovudmålgruppe for kulturskulen sitt tilbod. Biblioteket skal sikra tilgang til kunnskap og kultur for alle innbyggjarane og medverka til at brukarane skal kunna nytta informasjonen til kunnskapsdanning. Biblioteket skal og vera ein kulturell og sosial møtestad og ha eit særleg fokus på litteratur- og aktivitetstilbod til born og unge. I det fleirkulturelle Vindafjord har biblioteket ein viktig funksjon som møtestad for alle som til ei kvar tid bur i kommunen.

Vaksenopplæringa er eit offentleg undervisningstilbod for vaksne i følgje opplæringslova og introduksjonslova. Frivilligsentralen er ein viktig koordinator i høve å stimulera til auka frivillig aktivitet, og ta vare på og utvikla det organiserte og uorganiserte frivillige arbeidet i kommunen.

Mål for økonomiplanperioden 2019-2022:

Organisera og flytta eininga inn i nytt Kultur- og læringssenter. Utarbeida gode samarbeidsformer mellom Ølen kulturhus og dei frivillige som ønskjer å bruka delar av huset til ulik aktivitet som til dømes bandøving. Heile huset, som har fått namnet Sjøperlo skal vera den sentrale og viktige møteplassen for alle grupper i alle aldrar. Å samordna kommunale tenester, tilboda som i dag er Ølen kulturhus og samtidig få til eit meirope hus som blir eit naturleg samlingspunkt for alle, blir ei svært spanande og viktig arbeidsoppgåve i 2019.

Det er eit mål for Vindafjord kommune at barn som ynskjer å bli elevar i kulturskulen skal få bli det. Likevel må nokre ventelister aksepterast, det har t.d. med lærartilsetjingar å gjera. Ingen skal stå lenger enn eitt år på venteliste. Kulturskuletilboden skal gjerast kjent på skulane sine websider. Kulturskulen har teke i bruk eit nytt administrasjonsprogram som bidreg til å styrkja samarbeidet mellom heim og skule og betra informasjonsflyten til brukarane.

Me skal ha fokus på kva og korleis Kultur og læring kan bidra i høve folkehelse og etablering av gode møteplassar og ulike kulturelle tilbod til barn og unge. Fortsetja med å opna gamle ferdelsvegar. Arbeida for å koma *den moderne bibliotekbrukaren* i møte. Trykking og utgjeving av bygdebøkene, *Sandeid* og *Vikedal*. Vaksenopplæringa arbeidar for å leggja godt til rette for at opplæring i norsk, samfunnskunnskap og grunnskule skal bidra til å kvalifisera deltakarane for eit ordinært skule- og arbeidstilbod, så raskt som mogeleg. Arbeida aktivt for å styrkja tilboden grunnleggjande dugleikar og grunnskuleopplæring i tråd med opplæringslova. Utvikla frivilligsentralen og samarbeidet med dei frivillige til det beste for innbyggjarane.

Bibliotek

Nøkkeltal/ prognose for planperioden	2017	2018	2019	2020	2021
Besøk folkebiblioteket	12305	13000	13000	13000	13000
Tal arrangement barn/vaksne	6/9	8/10	8/10	8/10	8/10
Biblioteket i Sandeid fengsel besøk/utlån	2100/2322	2100/4800	2100/4800	2100/4800	2100/4800

Kulturskulen

Nøkkeltal	2015	2016	2017	2018
Elevar/elevplassar (GSI) pr 1.10	229/264	232/261	220/257	216/227
Sal av timar, korps stillingsprosent	70	20	20	21
Barnehage, musikk (tal barn)	100	100	100	100
Sal av timar grunnskule	29	38	25	0

Vaksenopplæring

Nøkkeltal/ prognose for planperioden	2018	2019	2020	2021	2022
Vedtak om mottak av flyktninger	10	10	10 (*)	10 (*)	10 (*)
Deltakarar norsk/ samf. opplæring VO (45	35	35	35	35
Deltakarar grunnskule (§4A-1)	21	22	23	24	25
Deltakarar grunnskule (§4A- 2, spes ped)	12	8	8	8	8

*Usikre tal

Status og utfordringar:
Eininga flyttar inn i det nye Kultur- og læringssenteret i starten av 2019. Det ligg til grunn auka grad av sambruk og samarbeid mellom dei ulike tenestene, noko som krev god planlegging, organisering og felles målsetjing.
I biblioteket er besøkstal stabilt, medan utlån har hatt ein svak nedgang som elles i landet. Med

nytt bibliotek i nytt bygg, med betre tilgjenge for befolkninga, vil besøkstal og utlån truleg stiga. Me vil ha fokus på kven *den moderne bibliotekbrukar* er i det foreståande arbeidet. Ulike nye digitale løysingar må satsast på i perioden framover. Etter endringar i biblioteklova, blir det i dag og i framtida brukt mykje tid og ressursar på å utvikla biblioteket som møteplass. Vindafjord er og ein desentralisert kommune med ni bygder. Det gjer at det er ei utfordring å gje bibliotektilbod til alle.

Vindafjord er eit fleirkulturelt samfunn der omlag 10% av innbyggjarane kjem frå eit anna land. Vaksenopplæringa legg til rette for at mange av desse får opplæring i norsk og samfunnskunnskap. Utfordringa ligg i store variablar av tidlegare utdanning hjå deltakarane og høge nivåkrav på norsk for å koma vidare. Målet er å leggja til rette for gode individuelle opplæringsløp som fører til vidare ordinær utdanning eller arbeid. Me arbeidar ut frå ei to års målsetjing, men ser at mange treng lenger tid.

Det er stor etterspurnad etter kulturskulen sine tenester, og det kan vera utfordrande å gje likt tilbod til alle bygdene. Kulturskulen skal halda fram med desentralisert undervisning. Det er såleis viktig at det alltid er høvelege lokale disponibele på skulane slik at dette kan halda fram. Nasjonal rammeplan med tilhøyrande fagplanar skal forankrast i organisasjonen og vera utgangspunkt for arbeidet med lokale planar. Dette krev både ressursar, engasjement og samarbeid i den kommunale organisasjonen.

Frivilligcentralen er finansiert gjennom eit øyremerka tilskot frå staten på kr 414 000. Dette er ikkje tilstrekkeleg finansiering til ei full stilling, og siste del av stillinga må difor finansierast innanfor rammeområdet sine midlar.

Strategiar og tiltak i planperioden		2019	2020	2021	2022
6.2.6.1	Følgja opp kulturminneplanen	x	x	x	x
6.2.6.2	Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og kulturbrygg	x	x	x	
6.2.6.3	Prosjekt bygdebøker	x			
6.2.6.4	Etablera den nye eininga i Kultur- og læringssenteret	x	x		
6.2.6.5	Norsktiltak i introprogram fem dagar 1. år, delvis 2. år	x			
6.2.6.6	Styrkja/ modernisera til digitale løysingar og verktøy	x	x	x	x
6.2.6.7	Koma <i>den moderne bibliotekbrukaren</i> i møte	x	x	x	x
6.2.6.8	Frivilligcentralen vert oppretthalden	x	x	x	x
6.2.6.9	Utarbeida verksemndsplan Kultur og læring	x	x		

Kommentar til tiltak
6.2.6.1 Følgja opp tiltak i kulturminneplanen.
6.2.6.2 Prioritert handlingsprogram, rullerast kvart år.
6.2.6.3 Trykking og sal av bygdebøkene Vikedal og Sandeid, kommunal garanti 2019.
6.2.6.4 Prosess både med sambruk, samarbeid og innflytting i nye lokale.
6.2.6.5 Prosjektet vart evaluert i 2018, går også ut skuleåret 2018/2019.
6.2.6.6 Krav og forventningar krev at eininga moderniserer med ulike digitale løysingar.
6.2.6.7 Digitale løysingar for meirope bibliotek på plass i 2019.
6.2.6.8 Frivilligcentralen finn si kommunale driftsform i nye lokale.
6.2.6.9 Viktig med ein heilskapleg plan for verksemda. Visjon, strategi, mål og samarbeid.

6.2.7 SLT (Samordning av Lokale kriminalførebyggjande Tiltak)

	Rekneskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Sum utgifter	511 927	591 656	610 856
Sum inntekter			
Netto utgifter	511 927	591 656	610 856

Status og utfordringar:

Vindafjord betalar om lag 70% av stillinga. SLT arbeidet blir gjennomført etter ein handlingsplan der SLT koordinator mellom anna har ansvar for:

Gjennomføring og oppfølging av undersøkinga «Ung data» og «Ung i Vindafjord».

SLT koordinator er også koordinator for AV-OG-TIL. Bodskapen er at nokre gonger passar det med alkohol, andre gonger ikkje, med fokus på sju situasjonar der ein utset seg sjølv og/eller andre for risiko ved å nyta alkohol.

Samarbeidsarenaer er t.d. SLT arbeidsutval og politiråd.

I samsvar med Kommunestyrevedtak (089/17) skal ordninga med SLT avviklast etter 2019.

Strategiar og tiltak i planperioden		2019	2020	2021	2022
6.2.7.1	Gjennomføra tiltaka i SLT handlingsplanen	x			
6.2.7.2	Gjennomføra «Ung data» undersøkinga	x			
6.2.7.3	SLT koordinator – avvikla ordninga	x			

Kommentar til tiltak

6.2.7.1: Handlingsplanen blir kvart år vedteken i Politiråd, og er SLT-koordinator sin arbeidsplan for året. Handlingsplanen ligg på Vindafjord kommune si heimeside.

6.2.7.2: Denne undersøkinga skulle gjennomførast hausten 2018, men grunna ressursutfordringar i tenesta blir den utsett til 2019.

6.2.7.3: I samsvar med Kommunestyrevedtak (089/17) skal ordninga med SLT avviklast etter 2019. Det skal i denne samanheng leggjast fram ei politisk sak om korleis ein skal oppretthalda funksjonane etter avvikling av ordninga. Ha fokus på vaksne som gode rollemodellar i det rusførebyggjande arbeidet i samarbeid med skule, helse, friviljuge lag og organisasjonar og andre aktuelle instansar. Gå gjennom avtale med Etne kommune og vurdera ei styrking av koordinatorrolla inn mot nærliggjande tema som til dømes folkehelsearbeid.

6.3 Rammeområde Helse og omsorg

Rammeområdet omfattar:

Rammeområdet omfattar følgjande einingar: Barnevern, Helse og psykiatri, Tilrettelagde tenester, Vindafjordtunet, Ølen omsorgssenter og NAV. I tillegg omfattar området kommuneoverlege, smittevernoverlege og tenestekontoret.

6.3.1 Felles for rammeområde Helse og omsorg

Status og utfordringar:

Det er store utfordringar innan fagtenestene som ligg til rammeområdet. Fleire oppgåver vert overført kommunane, og i regelen er midlane til desse oppgåvene lagt til ramma som frie inntekter, som opptrappingsplan rus og førebyggjande tiltak barn, unge og familiær.

Det er mange uttalte mål for tenesteområde både i kommuneplan, i fagtenestene og i helse- og omsorgsplan, og ei av dei viktigaste målsetjingane er at innbyggjarane har eit aktivt liv og klarar seg best mogleg heime. Hovudstrategiar for å nå målet er helsefremjande og førebyggjande tiltak som kvardagsrehabilitering, kvardagsmeistring, velferdsteknologi og frisklivsarbeid.

Det er eit pågående arbeid med driftsgjennomgang og omstilling i pleie- og omsorgstenesta. Arbeidet vil sluttførast våren 2019. Hovudmålet med omstillinga i første omgang er endringa frå integrerte tenester til spesialiserte tenester.

Rammeområdet vert tilført midlar for å dekka behov for utvida tiltak i heimetenesta som syn- og høyrsekskontakt, hukommelsesteam, kvardagsrehabiliteringsteam og elles ei generell styrking av rammeområdet.

Rammeområde Helse og omsorg får tilført 0,8 mill. til varig styrking, pluss 2 mill. til ekstra styrking i 2019, redusert til 1 mill. ekstra i 2021. Det er ein føresetnad at ekstra styrking av rammeområdet skal brukast på tiltak for å få betre drift på sikt. Dette krev kompetansetiltak innan leiarskap på alle nivå, opplæring for alle tilsette, arbeidsmiljøtiltak og ny teknologi. Tiltak for å redusere sjukefråværet må prioriterast.

Helse- og omsorgsplan 2015 – 2020 skal reviderast i 2019 for å skissera nye langsiktige mål. Planen vil vera eit viktig styringsdokument for framtidig tenestetilbod innan området frå 2020 og frametter. Ut ifrå behov og tildelt økonomisk ramme er det naudsynt å vurdera nye løysingar i tenestetilboden, vurdera gjeldande tenestestandardar, reforma «Leve hele livet» ei kvalitetsreform for eldre, opptrappingsplan for rus, satsing på helsestasjon og skulehelseteneste, opptrappingsplan for habilitering og rehabilitering, psykolog i kommunen og lovpålagte dagtilbod til demente. Helse- og omsorgsplan må innehalda korleis kommunen vil sjå på tiltak i høve ovannemnde utfordringar.

Barnevernstenesta opplever framleis ustabilitet i personalgruppa. Tenesteproduksjonen har auka kraftig dei siste åra, og ein har sett stor auke i innkomne saker. Dette skuldast høgare bevisstheit i andre tenester og hos familiane sjølv på kva ein kan og bør få hjelp til. Det fører til at barnevernstenesta no er involvert i fleire familiær, noko som i seg sjølv er positivt, men ressurskrevjande. Ser ein på nasjonal statistikk kan ein med stor sikkerheit slå fast at aktiviteten ikkje vil synka, men at dette vil vera normalt framover.

Barnevernstenesta er krevjande og det er viktig å gje kompetanse og støtte til leiarar og tilsette for å få meir stabil arbeidskraft.

Det er og viktig å vere opne for å fornye arbeidsmåtar og det er viktig å lære av korleis det blir arbeidd i kommunar som har lukkast med å få kontroll på kostnadane og samstundes

levere ei god teneste.

Barnevernet må også innhenta kunnskap frå andre kommunar som gjennom førebyggjande tiltak i familien, har lukkast å redusera omsorgsovertaking og tiltak utanfor familien.

Budsjettendringar i planperioden

Rammeområde Helse og omsorg	2018	2019	2020	2021	2022
Sum inntekter	-62 853	-63 252	-63 252	-63 252	-63 252
Opprinnelege utgifter	276 489	283 896	287 276	286 176	283 146
Tiltak frå 2018:					
Psykiatri - samordn Hauatun/Seljebakken - heilårsverknad	-200				
Prosjektstilling - omstilling i pleie- og omsorg	400		-400		
Tiltak i planperioden:					
Styrking rammeområde		2 800	-1 000	-1 000	
Barnevern - saksbehandlar		680		-680	
Vaktmesterteam, arbeidsleiar		400	450		
Prisauke matombringning		-500			
Psykologstilling (samarbeid med Etne)			700		
Nye løysingar pga nedtrapping av inndelingstilskot			-850	-1 350	-1 100
Sum utgifter	276 689	287 276	286 176	283 146	282 046
Netto driftsramme	213 836	224 024	222 924	219 894	218 794

Tabellen viser netto driftsramme for rammeområdet. Nye tiltak er synleggjort og kommentert under det aktuelle tenesteområde.

Strategiar og tiltak i planperioden		2019	2020	2021	2022
6.3.1.1	Driftsgjennomgang innan rammeområdet	x			
6.3.1.2	Styrkja rammeområdet generelt og fellesområdet spesielt				
6.3.1.3	Revidera helse- og omsorgsplan 2015 - 2020	x	x	x	x
6.3.1.4	Revidera bustadsosial handlingsplan		x		
6.3.1.5	Leggja til rette for omsorgsbustader og bustader som er tilrettelagt for å bli gamal i, nær butikk og andre tenester. Ha trygge rammer for desse som opnar for turar i nærområdet og gangavstand til daglege tenester og aktivitetar.	x	x		
6.3.1.6	Nye løysingar grunna nedtrapping av inndelingstilskot		x	x	x

Kommentar til tiltak i planperioden

6.3.1.1 Driftsgjennomgang innan rammeområdet. Arbeidet vil halda fram. I 2019 gjennomfører ein ny organisering i pleie og omsorg.

6.3.1.2 Rammeområdet vert tilført midlar for å dekka behov for utvida tiltak i heimetenesta som syn- og høyrselkontakt, hukommelsesteam, kvardagsrehabiliteringsteam og elles ein generell styrking av rammeområdet.

6.3.1.3 Helse og omsorgsplan 2015 – 2020 skal reviderast i 2019. I planen må ein implementera nye nasjonale satsingsområde og vurdera nye løysingar innan

rammeområdet.

6.3.1.4 Bustadsosial handlingsplan skal reviderast i 2020.

6.3.1.5 Tiltaket vert sett i samanheng med revisjon av helse- og omsorgsplan og revisjon av bustadsosial handlingsplan.

6.3.1.6 Det er behov for nye løysingar for å tilpassa den kommunale drifta til eit framtidig lågare inntektsnivå. Inndelingstilskotet blir trappa ned frå og med 2021, med om lag 2 mill kroner årleg i ein femårsperiode. Nytt inntektssystem frå og med 2017 gir også lågare inntekter, særleg no når overgangsperioden med inntektsgaranti har gått ut.

Fellesområdet

	Rekneskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Tenestekontor	2 139 546	2 461 580	2 553 994
"Øyeblikkeleg hjelp"-senger	2 093 000	2 093 000	2 093 000
Utskrivingsklare pasientar	489 000	489 000	489 000
Refusjon for ressurskrevande tenester	-25 942 000	-20 066 000	-20 066 000
Miljøretta helsevern	825 446	825 031	833 508
Krisesenter Vest	470 600	465 000	465 000

6.3.2 Helse- og psykiatritenester

Tenesta omfattar:

Fastlegeordninga, Interkommunal legevakt for Etne og Vindafjord, Fysio- og ergoterapitenesta, Helsestasjon, skulehelsetenesta og familieteamet, psykisk helseteneste, fengselshelsetenesta og omsorgsbustader med heildøgnstenester for personar med psykiske lidingar.

Mål for økonomiplanperioden 2019-2022:

- Bidra til meir openheit og forståing rundt psykisk helse
- Personar med psykiske lidingar og rusavhengigheit skal ha eigna og meiningsfylt tilbod med fokus på meistring, aktivitet, arbeid og bustad
- Arbeida tverrfagleg for å sikra eit heilskapleg og fagleg godt tilbod til innbyggjarar i kommunen

	Rekneskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Sum utgifter	61 469 394	51 923 497	53 957 927
Sum inntekter	-18 541 716	-12 469 740	-12 599 304
Netto utgifter	42 927 678	39 453 757	41 358 623

Nøkkeltal/ Prognose for planperioden	* 2018	2019	2020	2021	2022
Fødslar	65	100	100	100	100
Helsestasjon- samtaletid grunnskule	1272	1700	1700	1700	1700
Helsestasjon – samtaletid vg. skule	322	350	350	350	350
Konsultasjonar Vaksinekontor/ smittevern	233	500	500	500	500
Familieteam	60	80	80	80	80
Psykisk helseteneste	108	130	140	140	140
Rusteneste	27	30	30	30	30
Kvardagsrehabilitering	1	10	10	10	10

*Pr.01.10.18

Status og utfordringar:

Innanfor helsestasjon og skulehelsetenesta har det vore ein stor auke i tilbodet til barn og unge, grunna tilskotsmidlar frå Helsedirektoratet. Tilgjengelegheit på helsesøsterenesta har på mange skular auka tilgjengelegheita med 100%, noko som, ut ifrå eit førebyggingsperspektiv, viser seg som positivt på individnivå ved at barn/unge får tidleg hjelp og bistand.

Helsestasjon og skulehelsetenesta i Vindafjord ligg lågt på normtal samanlikna med andre kommunar. Skulehelse- og helsestasjonstenesta har frå og med 2017 hatt tilført midlar via tilskottsordning («belønnningsordninga») for å styrkja verksamheten. Kommunen har nytta midlane til å byggja opp helsestasjon for ungdom, auka samtaletid i vidaregåande skule og auka tilgang på helsesøster i alle grunnskulane. Tilskottsmidlane er tidsavgrensa og kommunen har restmidlar til å driva vidare på dette nivået ut februar 2019. Signalar frå helsedirektoratet er at tilsvarende midlar vert på ny lyst ut før januar 2019. Kommunar som tidlegare har fått tildelt midlar, og kan syna gode resultat når det gjeld bruken av desse midlane, vil og kan vera aktuelle å få tildelt nye midlar for å kunna oppretthalda nivået på tenesta. Vindafjord kommune vil søkja om desse midlane for å kunna oppretthalda tilbodet som no. Utan slike midlar er det ikkje rom for å vidareføra dette tilbodet.

Ergo- og fysioterapiavdelinga har eit eige team som jobbar med kvardagsrehabilitering. Teamet samarbeider tett med heimetenestene i pleie og omsorg. Etter samhandlingsreforma har ein merka ein større etterspurnad etter dette tilbodet, både når det gjeld hjelpeformidling og fysikalsk behandling og oppfølging. Mellom anna med bakgrunn i at pasientane kjem tidlegare heim frå sjukehus og treng meir avansert oppfølging og rehabilitering i kommunen og ønskje. Vindafjord kommune ligg lågt på normtal på denne tenesta, samanlikna med andre kommunar i same KOSTRA gruppe.

Psykisk helse og rus har fleire brukarar med samansette behov. Dei har tenester frå forskjellige etatar, der tverrfagleg innsats er naudsynt for å kunna gje eit godt samla tenestetilbod ut i frå behov og rettar.

Opptrappingsplan på rusfeltet er eit nasjonalt satsningsområde der kommunane har ansvar for tilrettelegging av tilbod til einskildbrukarar som t.d. bustad, aktivitetstilbod mm. Kommunane har fått særskilde midlar til denne satsinga i overført ramme. Utfordringa til kommunen er å tilretteleggja for gode nok tilbod til målgruppa ut i frå kompetanse og ressursar. I kommunen i dag er det 1,2 årsverk som jobbar spesifikt med rusavhengige. Kommunen har i dag aktivitetstilbodet med «Inn på tunet» og «Vaktmeisterteam».

Det er behov for å styrkja kommunen sitt tilbod til personar med psykiske lidningar, for å leggja til rette for tilbod til brukarar som treng bustad med tett oppfølging, meir bistand i

heimen og tilbod etter avslutta behandling i sjukehus. Det er innført betalingsplikt for utskrivningsklare pasientar innan psykisk helsevern og spesialisert rusbehandling frå 01.01.19.

Eining helse og psykiatri er no organisert i eining Psykisk helse og eining Helse. Ny einingsleiar helse startar opp i januar 2019.

Vindafjord kommune etablerte i 2018 eit Smittevernkontor. Smittevernkontoret vidareførast og er tillagt ansvar for smittevernrutinar. Kontoret er også tillagt ansvar for reisevaksiner mm.

Frå og med 01.01.2020 er det lovpålagt å ha psykolog i kommunane. Vindafjord har i lag med Etne søkt om tilskott til delfinansiering av psykolog stilling tilknytt rammeområdet helse og omsorg.

Prioriterte strategiar og tiltak i planperioden		2019	2020	2021	2022
6.3.2.1	Auka tilgjengeleight i helsestasjon- og skulehelsetenesta	x	x	x	x
6.3.2.2	Vidareføra ungdommens helsestasjon	x	x	x	x
6.3.2.3	Styrkja fysioterapitilbodet i kommunen		x	X	x
6.3.2.4	Stilling som psykolog innan helse og sosial	x	x	x	x

Kommentar til strategiar og tiltak

6.3.2.1. Helsestasjon og skulehelsetenesta ligg lågt på normalt samanlikna med andre kommunar. I 2017 og 2018 fekk Helsestasjonen tilskottsmidlar tilsvarande 3,2 stilling. Desse midlane har ført til ein stor auke i det førebyggjande tilbodet til barn og unge i kommunen. Kommunen søker tilskottsmidlar for 2019 og vidare. Utan slike tilskottsmidlar vil ordninga bli trappa ned.

6.3.2.2 Med tilskottsmidlar har Vindafjord kommune etablert helsestasjon for ungdom. Besøk på helsestasjon for ungdom har auka jamt. Opningstida er no ein ettermiddag i veka.

6.3.2.3 Vindafjord kommune ligg lågt samanlikna med normalt for fysioterapi og ergoterapiressursar. Det er behov for å styrkja tilbodet frametter.

6.3.2.4 Frå 2020 er det lovpålagt at alle kommunar skal ha psykologkompetanse tilgjengeleg i kommunen.

6.3.3 Pleie- og omsorgstenester

Tenesta omfattar:

To omsorgssenter – Ølen omsorgssenter og Vindafjordtunet. Frå begge omsorgssentra vert det gitt tenester til brukarar i institusjon og i eigen bustad. Det er 81 heildøgnsplassar i institusjon – korttid, langtid, avlastning. Dagtilbod for eldre, kjøkkendrift som inkluderer utkøyring av middag til heimebuande, praktisk bistand, kvardagsrehabilitering, kreftsjukepleiar, hukommelsesteam, syn- og høyrelseskонтakt, brukarstyrt personleg assistanse (BPA) og ansvar for tryggleiksalarmer.

Mål for økonomiplanperioden 2019-2022:

- Pleie- og omsorgtenesta skal tilby tenester som er tilpassa den einskilde sitt behov for naudsynt helsehjelp og naudsynt hjelp i heimen.
- Gje tenester på ein slik måte at ressursane vert nytta saman med brukarar og pårørande i eit forpliktande samarbeid.
- Utvikling og innføring av velferdsteknologi, kvardagsrehabilitering og tiltak for fornying, bygging og utvikling av sjukeheimar og omsorgsbustader for framtida.
- Etablera heildøgnsbemannana omsorgsbustader for eldre som eit reelt alternativ til varig plass i institusjon.

	Rekneskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Sum utgifter	135 938 212	114 904 187	118 475 812
Sum inntekter	-24 884 685	-17 947 446	-18 582 446
Netto utgifter	111 053 527	96 956 741	98 993 366

Nøkkeltal/ Prognose for planperioden	2018	2020	2022	2024	2030
Befolkningsutvikling – 80 år og eldre	463	447	454	452	550
Befolkningsutvikling – 67 til 79 år	868	942	1013	1085	1212

- Tal frå kommuneplan 2017-2029

Status og utfordringar:

Det er store utfordringar i rammeområdet når det gjeld å drifta innanfor tildelt ramme, og det må gjerast større grep for å handtera utfordringane. Heile tenesta har endra seg, og har gjort det over fleire år. Det er mange faktorar som spelar inn, m.a. er det fleire og meir krevjande brukarar, meir smitteproblematikk og rekrutteringsutfordringar for å nemna noko.

Arbeidet med driftsgjennomgang og omstilling av pleie- og omsorgtenesta pågår, og planen er å iverksetja ny organisasjon i februar 2019. Ein vil i første omgang dela heimeteneste og institusjon. Heimetenevesta vil no verta felles for heile kommunen under ei leiing.

Vindafjordtunet vil gje institusjonstilbod innan demensomsorg og langtidsplassar, og ved Ølen omsorgssenter vil ein gje institusjonstilbod inn langtids- og korttidsplassar.

Når det gjeld folketalet blant dei eldre, med utgangspunkt i tal frå 2016, er det ein nedgang i gruppa 80-89 år og ein auke i befolkninga i gruppa 67-79 år. Framskrivning av folketalsutviklinga viser først ein auke i befolkninga 80+ frå 2026. Dette kan ha betydning for bruk av institusjonstilboden innan pleie- og omsorgstenestene. Det er ein auke i folketalet i aldersgruppa 67–79 år. Dette kan ha betydning for bruk av heimetenester innan pleie- og omsorgstenestene.

Melding Storting 15 (2017-2018) «Leve hele livet», er ei kvalitetsreform for eldre. Reforma skal bidra til fleire gode leveår der eldre beheld god helse lenger, opplever god livskvalitet, og at dei i større grad meistrar eige liv, samtidig som dei får den helsehjelpa dei treng ved behov.

- Målgruppa for reforma er eldre over 65 år, både dei som bur heime og dei som bur på institusjon.
- Reforma er særleg retta mot helse- og omsorgstenesta, men alle tenester må bidra for eit meir aldersvennleg samfunn.
- «Leve hele livet» samlast i hovudtema som saman vil bidra til å gje eldre og deira pårørande auka glede, livskvalitet og tryggleik i kvardagen.

Innsatsområda i reforma er:

1. Eit aldersvennleg samfunn
2. Aktivitet og fellesskap
3. Mat og måltider
4. Helsehjelp
5. Samanheng i tenestene

Reformperioden er fem år med start 1. januar 2019 med ulike fasar for kartlegging, planlegging, gjennomføring og evaluering.

Vindafjord kommune vil i tenesteytinga innføra førebyggjande heimebesøk som eit praktisk og konkret verktøy i vårt førebyggjande arbeid med eldre. Tenesta startar med førebyggande heimebesøk våren 2019. Målet er at innbyggjarar frå 75 år skal få tilbod om dette. Målet med dette er at fleire kan leva lenger i eigen bustad, oppleva større meistring i eigen kvardag og ha fokus på forventningsavklaringar i samarbeidet mellom brukar og tenestene.

Kvardagsrehabilitering er innført som fagmetode i tenesta, og det er etablert eit fast utvida tilbod til innbyggjarane når det gjeld kvardagsrehabilitering.

For å legge til rette for eit aldersvennleg samfunn må vi fremja inkluderande design og løysingar ved nybygging, oppgraderingar og ved utvikling av nye tenester.

For at eldre kan bu lenge heime må vi planleggje både hus, omgjevnader og transportsystem som støttar opp om dette. Eit aldersvennleg samfunn vil vera bra både for unge og eldre når vi legg til rette for at det skal vera godt og trygt å ta seg fram i våre lokalmiljø. I tillegg vil det kunne styrke folkehelsa.

Vindafjord kommune er ein langstrakt kommune som gir heimeteneste i 9 bygder. Brukarane i heimetenesta får bistand utifrå behov og eigne ressursar. Alle tenester som vert tildelt, vert fortløpande evaluert.

Det er stort fokus på bruk av hjelpemidlar og velferdsteknologi i heimetenesta. Dette er eit satsingsområde som ein ynskjer å bruka meir enn det ein gjer per dags dato. Det er etablert ei gruppe med representant frå Rådet frå eldre og funksjonshemma og representantar på tvers av einingane innan kommunen, som vil sjå på måtar ein kan nytta velferdsteknologi i framtida. Hovudsatsinga frametter er å inngå ny interkommunal avtale med ny leverandør av tryggleiksalarmer, innkjøp av medisindispenserar, vurdera e-lås som erstatning for nøkkelsokser og kartlegging av institusjonsbygg med fokus på bruk av velferdsteknologiske løysingar.

Det vert vurdert å etablera omsorgsbustader med heildøgnsteneste for eldre. Tiltaket vert vurdert i revisjon av Helse- og omsorgsplanen og tatt opp i budsjett 2020. Ein manglar dette «tiltaket» i eksisterande tiltakskjede.

Tenestene merkar eit auka behov for tenester til brukarar som «fell mellom fleire stolar». Ein må i denne samanheng vurdera å etablera «skjerma plassar» for personar med utfordrande åferd, sjå på løysingar på tvers av einingar og evt. interkommunalt samarbeid for å løysa desse utfordringane.

Vindafjord kommune har inngått avtale om å etablera ØH plassar i Haugesund. For heile 2017 var det 29 liggedøgn, og til og med september 2018 er det 25 liggedøgn frå Vindafjord kommune. Vindafjord kommunen bør ikkje ta heim ØH senger nå, men forhandla med Haugesund og Tysvær med det som mål å få ein avtale som kan redusera kostnaden. Dette med bakgrunn i dagens rekrutteringsutfordringar når det gjeld sjukepleiarar. Ein har eit pågåande og tett samarbeid med Etne kommune om framtidig tilbod.

Aktivitetstilbod til personar med demens er eit viktig satsingsområde. Kommunen får tilskot for Aktivitetstilbod for personar med demens, og for å etablera nye Aktivitetsplassar. Tilskottet for Aktivitetsplassar for personar med demens og kognitive utfordringar er auka til 50% av kostnaden. Frå 2020 har kommunane plikt til å tilby Aktivitetstilbod til heimebuande med demens. Vindafjord kommune har i dag tilbod til målgruppa i eit «Inn på Tunet» tiltak og ved Vindafjordtunet. Det er behov for å auka tal plassar som eit førebyggande tiltak.

Ein vil i 2019 arbeida med tenestestandardar og vedtak i heimetenestene for å sjå på praksis, bruk av ressursar, fordeling av ressursar innan tenesta, praksis for avslutning og evaluering av vedtak, samarbeid m.m. Dette må også sjåast i samanheng med revidering av helse- og omsorgsplan .

I samband med omorganiseringa av pleie- og omsorgstenesta vert flytting av tid for middagsmåltidet ved omsorgssentra vurdert. Og i denne samanheng vil ein i 2019 kartleggja og gjennomgå dagens kjøkkendrift og matproduksjon og vurdera framtidig kjøkkendrift og ei evt. omlegging til alternative produksjonsmetodar. I 2019 vert prisen på sal av mat og matombringning auka med utgangspunkt i «sjølvkost» prinsippet. God og nok mat er viktig for ei god helse, ikkje minst for dei som treng ei teneste som matombringning. Prisen må ikkje vere til hinder for at tenesta blir nytta.

Pleie- og omsorgstenesta har hatt store utfordringar med å rekruttera sjukepleiar kompetanse og kompetanse generelt. For å kunna gi eit fagleg og godt nok fagleg tilbod har dette medført stor bruk av eksterne vikarbyrå. Leiinga har stort fokus på denne utfordringa og jobbar fortløpende med tettare oppfølging av tilsette (nærvarer og sjukefråvær), vurderer tilsetjing i større stillingar (jfr. Nytt Blikk arbeidet), leiartettleik, motivasjonsarbeid og gjennomføring av omorganiseringa av tenesta.

Det har vore eit stort arbeidspress over lang tid for tilsette og leiarar. Brukarane både i heimetenesta og institusjon har større og meir komplekst bistandsbehov, noko som påverkar behov for høgare kompetanse og ressursar. Tenesta har vidare eit høgt sjukefråver, som igjen set press på dei tilsette som er på arbeid. Dette til saman gjev lite rom for å jobba strategisk i kvardagen og utvikla organisasjonen vidare.

Prioriterte strategiar og tiltak i planperioden		2019	2020	2021	2022
6.3.3.1	«Leve hele livet», ei kvalitetsreform for eldre	x	x	x	x
6.3.3.2	Gjennomføra omstillinga innan pleie og omsorg	x	x		
6.3.3.3	Etablera fleire aktivitetsplassar for personar med demens og kognitive utfordringar	x	x		
6.3.3.4	Vurdera etablering av ØH senger i Vindafjord kommune			x	
6.3.3.5	Gjennomgang av tenestestandardar og vedtak i tenesta	x	x		
6.3.3.6	Ta i bruk førebyggande heimebesøk som eit praktisk og	x			

	konkret verktøy for å tilretteleggja for at eldre kan bu lengre heime				
6.3.3.7	Rekruttering av sjukepleiekompetanse og kompetanse generelt i tenesta	x	x	x	x
6.3.3.8	Styrkja det førebyggjande arbeidet med aktivitetstilbod som aukar evna til å klara seg meir sjølv. Engasjera bebruarane i kvarlagsaktivitetar og vurdera tettare samarbeid med frivillige, flyktingar og skular der det er mogeleg.	x	x	x	x
6.3.3.9	Prisauke mat og matombringning	x			

Kommentar til strategiar og tiltak
6.3.3.1 «Leve hele livet», ei kvalitetsreform for eldre med ein tidsperiode på 5 år – 2019 -2023. Med førebuing og start i 2019, kartlegging og planlegging med forventning om at tiltak vert lagt inn i budsjett og økonomiplan før reforma vert iverksett, implementering og gjennomføring, og i 2023 ei evaluering av reforma.
6.3.3.2 Iverksetje omstillinga i pleie- og omsorgtenesta våren 2019.
6.3.3.4 Vurdera etablering av ØH senger i Vindafjord kommune frå 2021. Kommunen kjøper i dag tenester i Haugesund kommune.
6.3.3.5 Ein gjennomgang av tenestestandardar og vedtak i heimetenestene for å vurdera praksis, bruk av ressursar, fordeling av ressursar innan tenesta, praksis for avslutning og evaluering av vedtak, samarbeid m.m.
6.3.3.6 Ta i bruk førebyggjande heimebesøk for å tilretteleggja for at eldre kan bu lengre heime.
6.3.3.7 Tenesta har store rekrutteringsutfordringar. Dette gjeld spesielt sjukepleiarar, men også kompetanse generelt. Her må ein vurdera lønstiltak, større stillingar og andre rekrutteringstiltak.
6.3.3.9 Matombringning til heimebuande i kommunen skal finansierast i samsvar med sjølvkostprinsippet. Prisen er difor justert opp til kr 150 pr. middag, inkludert ombringning.

6.3.4 Tilrettelagde tenester

Tenesta omfattar:

Omsorgsbustader med heildøgnsbemannning, Gnisten (Vindafjord arbeids- og aktivitetssenter), støttekontakt og avlastningstenester, miljørarbeid i heim, samt organisering av brukarstyrt personleg assistent (BPA).

Målsetjing:

At menneske med trond for tilrettelagde tenester skal sikrast moglegheita til utvikling på eigne premissar og ha eit aktivt liv i fellesskap med andre.

Mål for økonomiplanperioden 2019-2022:

Etablira nytt heildøgnsbemanna bufellesskap med inntil 10 einingar, samt ta i bruk 4 «nye» omsorgsbustader som ligg i tilknyting til nybygg.

	Rekneskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Sum utgifter	43 194 117	43 057 294	43 952 605

Sum inntekter	-5 082 762	-1 977 640	-1 840 140
Netto utgifter	38 111 355	41 079 654	42 112 465

Nøkkeltal/ Prognose for planperioden	2018	2019	2020	2021	2022
Tal brukarar totalt	61	61	62	62	62
Tal personar med utviklingshemming over 16 år	27	27	27	27	27
Avlastning	11	11	13	13	13
Miljøarbeid - utetenesta	13	13	15	15	15
Støttekontakt	31	31	33	33	33
Heildøgstenester i bufellesskap	13	15	19	19	19
Brukarstyrt personleg assistent	3	3	3	3	3

Status og utfordringar:
Kommunen har heildøgnsbemanna omsorgsbustader i tre bufellesskap for menneske med psykisk utviklingshemming. Tilrettelagde tenester gir tenester til fleire brukarar som har trond for bustad med bemanning. Som oppfølging av Bustadsosial handlingsplan vil ein byggja 10 nye bustader til denne brukargruppa, dette inkludert 2 bustader til avlastningsføremål, og ta i bruk 4 omsorgsbustader, som i dag er tilknytt Ølen omsorgssenter til denne målgruppa. Ein vil på denne måten kunna samla tenester og kompetanse, som truleg vil gje ei meir effektiv drift. Dagens omsorgsbustader ved Seljebakken vil nyttast av psykisk helse.
Det vert utført miljøarbeid i heim til personar som treng ulik bistand for å klara kvardagen på ein best mogleg måte. Utetenesta er organisert i tilknyting til eit bufellesskap i Sandeid.
Gnisten, Vindafjord arbeids- og aktivitetssenter, blei tatt i bruk i starten på januar 2017. Dette er eit aktivitetstilbod til fleire brukargrupper med behov for tilrettelagt aktivitet. Den største avdelinga er for menneske med psykisk utviklingshemming. Vaktmeisterteamet gir eit tilbod til utsette grupper som fell utanom den ordinære arbeidsmarknaden og andre aktivitetstilbod. Kommunen driftar i dag dette tilbodet med prosjektsmidlar frå Fylkesmannen. Tilskottet dekkar delar av lønsutgifter på dei to årsverka tilknytt vaktmeisterteamet. Det er i budsjettet for 2019 lagt inn ein kommunal del til driftsutgiftene og lagt inn midlar frå 2020 til å dekka heile drifta av «Vaktmeisterteamet».
Kommunen mottek refusjon for ein del av utgiftene knytt til ressurskrevjande tenester. Dei fleste av desse gjeld tenester frå eining Tilrettelagde tenester. Innslagspunktet aukar med 50.000 utover lønsvekst. Kommunane får kompensert 80 prosent av netto lønsutgifter til helse- og omsorgstenester til einskildbrukarar ut over eit innslagspunkt på 1.320.000 kr. Ordninga gjeld fortsatt kun for tenestemottakarar til og med det året dei fyller 67 år.
Det har vore aukande ressursbehov hjå fleire av dei eininga yt ressurskrevjande tenester til løpet av 2016/17. Dette behovet vil fortsetja framover. Noko av dette er av varig karakter, medan andre tiltak vil bli fasa ned/ut etter kvart.
Eininga har fleire brukarar med utagerande åtferd, der ein ser seg nøydd til å fatta tvangsvedtak. Til ein av brukarane har ein kjøpt heildøgstenester av privat tenesteleverandør.
I dei bemanna bustadene er det eit krav om høgskulekompetanse rundt brukarar med tvangsvedtak. Ei stor utfordring i dette arbeidet er i tida framover å ha høgt fokus på å jobba for å skaffa kvalifisert personell som skal gje tenester til brukarane våre.

Prioriterte strategiar og tiltak i planperioden		2019	2020	2021	2022
6.3.4.1	Oppfølging av bustadsosial handlingsplan – Byggja inntil 10 nye bustader som erstatning for Seljebakken. – og ta i bruk 4 «nye» omsorgsbustader.	x	x	x	
6.3.4.2	Tilskot Vaktmeisterteam.	x	x		

Kommentar til strategiar og tiltak
6.3.4.1 Tilrettelagde tenester gir tenester til fleire brukarar som har trond for bustad med bemanning. Som oppfølging av Bustadsosial handlingsplan og dei behova ein ser i kommunen vil ein byggja inntil 10 nye bustader, inkludert 2 avlastningseiningar til denne brukargruppa. Ein vil også ta i bruk 4 omsorgsbustader, som i dag er tilknytt Ølen omsorgssenter til denne målgruppa. Ein vil på denne måten kunna samla tenester og kompetanse, som truleg vil gje ei meir effektiv drift. Dagens omsorgsbustader ved Seljebakken vil nyttast av psykisk helse.
6.3.4.2 Kommunal andel til drift av vaktmeisterteamet som har tilhald på «Gnisten». Ved bygging av «Gnisten» vart det gjeve tilskot frå Husbanken til bygging, og Vaktmeisterteamet utgjer delar av vektaka som er føresetnad for dette tilskotet. Rådmannen legg fram ei sak for OPOM om framtidig drift av vaktmeisterteamet og arbeidsførebuande trening.

6.3.5 Barnevernstenesta

Tenesta omfattar:

Vindafjord er vertskommune for Etne Vindafjord barnevernsteneste.

Oppgåver er heimla i Lov om barnevernstenester. Målgruppa er barn og unge opp til 23 år og deira familiar, ved å sikra at barn og unge som lever under forhold som kan vera skadeleg for helse eller utvikling får nødvendig hjelp og omsorg i rett tid. Vidare skal ein avdekka omsorgssvikt, åferds-, sosiale og emosjonelle problem så tidleg at varige problem kan førebyggjast og setja inn tiltak i forhold til dette. Tenesta skal medverka til at born sine interesser vert ivaretakne, også av andre offentlege organ.

Barnevernstenesta er ansvarleg for sakshandsaming, gje hjelpe tiltak og leggja fram forslag til tvangsvedtak til Fylkesnemnda for barnevern og sosiale saker.

Tenesta omfattar også heildøgns akuttberedskap saman med Sveio kommune, Tysvær kommune og Etne kommune. Tysvær er vertskommune for VEST barnevernvakt.

Overordna målsetjingar

Bidra til at barn og unge får trygge oppvekstvilkår med å

- Sikra at barn og unge som lever under forhold som kan vera skadeleg for helse eller utvikling, får nødvendig hjelp og omsorg i rett tid.
- Avdekka omsorgssvikt, åferds-, sosiale og emosjonelle problem så tidleg at varige problem kan førebyggjast og setja inn tiltak i forhold til dette.
- Medverka til at born sine interesser vert ivaretakne, også av andre offentlege organ.

Mål for økonomiplanperioden 2019-2022:

- Tenesta skal ha tilstrekkeleg kompetanse til å ta imot og handtera krevjande saker.

- Tenesta skal ha tilstrekkeleg bemanning til å sikra at born og unge får rett hjelp til rett tid.
- Tenesta skal bidra til at alle tilsette som arbeider med born og unge skal ha god kjennskap til barnevernstenesta.

	Rekneskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Sum utgifter	34 063 080	27 196 301	28 104 277
Sum inntekter	-12 517 052	-9 703 973	-9 919 213
Netto utgifter	21 546 028	17 492 328	18 185 064

Nøkkeltal/ Prognose for planperioden	2019	2020	2021	2022
Tal på meldingar	190	190	190	190
Tal på ferdigstilte undersøkingar	140	150	150	150
Tal på barn med hjelpetiltak	75	80	85	90
Tal på barn med tvangstiltak i og utanfor heimen	55	55	55	55

Status og utfordringar:
Barnevernstenesta opplever framleis ustabilitet i personalgruppa. Dei omfattande tiltaka for å sikra stabilitet har vore verknadsfulle, men har enno ikkje gitt full ønska effekt. Samstundes har tenesteproduksjonen auka kraftig, og overforbruket er på veg ned på ein skilte område.
På nasjonalt plan står ein overfor store endringar på dette feltet. Ein har mykje ny kunnskap om kva som kan vera gode tenester i heimen. Det er varsle ny lov og ei anna fordeling av oppgåver mellom kommune og stat.
I eit menneskeleg-, juridisk-, fagleg- og økonomisk perspektiv er det viktig å syta for at familiene som kan få til endring for rette tiltak og dermed sikra forsvarlege oppvekstvilkår for det einskilte barn. I ei middels stor teneste er det vanskeleg å sjå for seg at ein kan klara å utvikla spesialiserte tenester åleine utan å auka budsjettet betydeleg. Alternativet vil vera utstrekkt samarbeid med andre kommunar på tenesteområdet. Døme på slike område er hjelp til familiarer der foreldra har kognitiv svikt og/eller lærevanskar, familiarer der foreldra har større psykiske vanskar, familiarer der det er vald i nære relasjoner, minoritetsfamiliarer med behov for hjelp og familiarer der det er samansette vanskar.
Tenesta har sett ein stor auke i innkomne saker. Så langt tenesta kan sjå er grunnen at det har blitt ein høgare bevisstheit i andre tenester og familiene sjølv på kva ein kan og bør få hjelp til, og ikkje at oppvekstvilkåra generelt har blitt dårlegare i Vindafjord.
Dermed kan ein sjå det som positivt at barnevernstenesta no er involvert i fleire familiarer, sjølv om det gir eit stort press på å fortsatt levera forsvarlege tenester.
Når ein samanliknar tala med nasjonal statistikk kan ein med stor sikkerheit slå fast at aktiviteten ikkje vil synka. Dagens situasjon vil vera normalsituasjonen dei neste åra.

Prioriterte strategiar og tiltak i planperioden	2019	2020	2021	2022
6.3.5.1 Tiltaksutvikling i samarbeid med andre kommunale tenester og andre kommunar	x	x	x	x
6.3.5.2 Fullelektronisk sakshandsaming og arkiv	x			
6.3.5.3 Auka kapasitet på sakshandsaming	x			

Kommentar til strategiar og tiltak

6.3.5.1 Tiltaksutvikling

Barnevernstenesta starta i 2017 samarbeid med andre kommunale tenester om å gje og utvikla endringstiltak i heimen gjennom Familieteamet.

Det skjer mykje utviklingsarbeid nasjonalt og i andre regionar på dette området. For å kunna gje god hjelp i heimen så tidleg og så effektivt som mogeleg, og innanfor budsjetttramma, ser barnevernstenesta det som naudsynt å inngå i eit omfattande og forpliktande samarbeid med andre tenester i kommunen og andre kommunar.

Dette er særleg sparande når me ser at behovet for desse tenestene aukar og at Lov om barnevernstenester er blitt ei rettighetslov. Familiene har no rett på tilpassa hjelp. Samstundes er det varsle at staten gjennom Buf-etat byggjer ned sine tenester gjeldande frå 2020 og kommunane får fleire oppgåver.

6.3.5.2. Fullelektronisk sakshandsaming og arkiv

Etne Vindafjord barnevernsteneste har i 2018 vore pilotkommune for vidareutvikling av fagprogrammet ACOS Barnevern. Å samtidig leggja om til fullelektronisk sakshandsaming og arkiv vil effektivisera sakshandsaming og gje økonomi gevinst. Service- og fellestenestene overtok merkantil funksjon april 2018. Digitaliseringa vil skje i samarbeid med dei.

6.3.5.3. Auka kapasitet på sakshandsaming

Tenesta har i dag 8,5 årsverk knytt til sakshandsaming. Talet har vore stabilt over mange år. I tillegg har staten sidan 2013 gitt ei støtte tilsvarende 1,5 årsverk.

Tenesta erfarer ein sterk auke i saksmengde. Døme er område som bekymringsmelding og undersøking, kor det dei siste åra har vore ei dobling.

Barnevernstenesta har evna å gje betre og meir effektive tenester. Barnevernslova har blitt ei lov om rettighet der sakshandsamingskrava har auka. For å sikra forsvarlege tenester, vidare utvikling og effektivisering av tenesta vil det vera nødvendig med auka sakshandsamarressursar tilsvarende 100% stilling. Ein foreslår at desse vert gitt gjennom å auka stillingsheimlar og som auka ramme i Vindafjord. Minner om at kostnadane skal delast 70/30 mellom Vindafjord og Etne.

6.3.6 NAV - kommunal del

Tenesta omfattar:

Økonomisk sosialhjelp, flyktningtenesta, FRAM og kvalifiseringsprogrammet.

Mål for økonomiplanperioden 2019-2022:

- Redusera unge vaksne under 30 år med økonomisk sosialhjelp som hovudinntekt
- Redusera tal personar som «går frå» introduksjonsordninga til økonomisk sosialhjelp
- Samordna tverrfagleg samarbeid i kommunen rundt deltakarar i kvalifiseringsprogrammet.

	Rekneskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Sum utgifter	26 368 596	23 790 659	23 996 467
Sum inntekter	-2 287 895	-640 000	-795 700
Netto utgifter	24 080 701	23 150 659	23 200 767

Status og utfordringar:

Det har dei siste 3 åra vore meirforbruk når det gjeld økonomisk sosialhjelp.

Ein del av auken i økonomisk sosialhjelp er grunna endring i arbeidsmarknaden og auke i levekårsutfordringane blant dei mest utsette gruppene. Situasjonen tyder på at andelen med låg inntekt blant barn, ungdom og unge vaksne samt innvandrarar vil auka. Her er det krav til og behov for at ein set inn ekstra tiltak, mellom anna i form av tett oppfølging, tilretteleggja for ein strukturert og meiningsfull kvardag og motiveringsarbeid med mål om vidare skulegong/fagbrev.

Det er og gjort endringar på den statlege ordninga arbeidsavklaringspengar (AAP), som kan medføra auke i utbetaling av økonomisk sosialhjelp.

Flyktningtenesta har over mange år vore lågt bemanna. Tenesta har kompensert for dette med ei 100% engasjementstilling i forhold til arbeid og økonomi, og ei 60% engasjementstilling som familieksulent. Stillingane vert dekka av integreringstilskotet og er engasjement ut 2019. Frå og med 2019 vert desse stillingane faste og vert finansiert av integreringstilskottet. Det er i 2019 vedteke å ta imot 10 nye flyktningar, og i tillegg kjem familiegjenforening.

Nav Vindafjord etablerte FRAM (Forståing, Respektere, Anerkjenne og Motivere) hausten 2016, som eit tiltak for unge under 30 år som mottar økonomisk sosialhjelp. Det er no opna for at alle aldersgrupper og som mottek andre ytingar kan nytta seg av FRAM. FRAM har hatt sine lokale i 2. etasje på den «gamle» brannstasjonen i Ølen. Det er behov for nye lokale til FRAM tiltaket frå våren 2019. Ein har vurdert alternative lokale og vil jobba vidare med eigna lokale i nærleiken til rådhuset.

Nøkkeltal/ Prognose for planperioden	2018	2019	2020	2021	2021
Disponeringsavtale økonomi	29	40	45	45	45
Sosialhjelpsmottakarar under 30 år	75	50	45	40	35
Deltakarar i kvalifiseringsprogrammet	0	5	9	9	9

Prioriterte strategiar og tiltak i planperioden		2019	2020	2021	2022
6.3.6.1	Arbeida for å etablera fleire praksisplassar i bedrifter i kommunen	x	x	x	x
6.3.6.2	Bidra til gjennomføring av arrangementet mitt fargerike nabolag	x	x	x	x
6.3.6.3	Rullering av tiltaksliste for busetjing, kvalifisering og integrering	x		x	
6.3.6.4	Rullering av handlingsplan mot radikalisering og valdeleg ekstremisme		x		x

Kommentar til strategiar og tiltak

6.3.6.1, 6.3.6.2 Oppfølgingstiltak frå strategi «Busetjing av flyktingar og integrering»

6.3.6.3 I rulleringa er det viktig å tydeleggjera:

- 1) kommunen sine målsetjingar med flyktingarbeidet,
 - 2) korleis tenesta er organisert, og
 - 3) korleis få til heilskapleg og tverrfagleg helsetilbod (sjå s. 68).
- Utgangspunktet er at flest mogeleg skal bli verande og busetja seg i kommunen (OPOM sak 24/17).

6.4 Rammeområde Forvaltning, drift og utvikling

Rammeområdet omfattar

Rammeområde omfattar einingane Areal og forvaltning, Kommunaltekniske tenester og Reinhald.

6.4.1 Felles rammeområde for Forvaltning, drift og utvikling

Status og utfordringar:

Innan fleire av tenesteområda vil det vera tiltak og mål som er viktige i forhold til positiv samfunnsutvikling i Vindafjord. I dette avsnittet har ein samla sentrale og overordna mål og strategiar. Kommunen har fått utarbeidd eit folkehelsedokument. Det vil danna grunnlag for vidare arbeid med fokuset på folkehelsearbeid i kommunen. Det er etablert ei tverrfagleg gruppe som skal ha ansvar for organisering og framdrift på folkehelsearbeidet, deriblant følgja opp og revidera årlege tiltaksplanar.

I 2018 blei det arbeidd med bustadsanalyse for heile kommunen og sentrumsanalyse for Skjold starta opp. Arbeidet skal vera ferdig i februar-mars 2019. Desse skal vera grunnlag for kommuneplanrevisjonen som skal starta opp i etterkant av levert analyse.

BustadanalySEN skal også vera grunnlaget for utarbeiding av ein bustadstrategi for kormmunen.

Kommunen har vedtatt å jobba for å bli godkjent som trafikksikker kommune. Det er naturleg at ansvaret for arbeidet med den godkjenninga ligg til rammeområdet, og vil også vera ei utfordring og satsing i åra som kjem. I 2018 starta arbeidet med å revidera den kommunale trafikksikringsplanen, der eit av måla er å bli ein trafikksikker kommune.

Kommunaltekniske tenester legg opp til å få planen vedtatt tidleg på våren 2019. I etterkant av vedtak startar arbeidet om å oppnå status som trafikksikker kommune.

Kommunen skal vera god på verdiskaping og næringsutvikling og på å oppretthalda og vidareutvikla landbruket.

Kommunen skal vera ein målstyrt og utviklingsorientert organisasjon, og som møter innbyggjarane lyttande og løysingsorientert. I perioden vil det vera særleg fokus på samhandling gjennom det 3 årige attraktivitetsprosjektet. Dette er eit spanande, men og krevjande arbeid. Prosjektgruppa er komen godt i gong og målet er å setja i gong mange gode tiltak som kan skaffa nye innbyggjarar på sikt.

Kommunen skal jobba for at Ølen skal vera eit sterkt og samlande kommunesenter. Ølen er med i fylkeskommunen sitt tettstadsprosjekt, og eit av måla for vårt lokale prosjekt handlar om auka aktivitet og handel i Ølen sentrum. Prosjektet går inn i ein veldig viktig fase med god moglegheit for å gi ein meirverdi i heile sentrum gjennom god samordning av pågående byggeprosjekt .

Haugaland Brann og Redning IKS vart oppretta frå 1. juli 2018. I tråd med signal frå styret i Haugaland Brann og Redning IKS budsjetterer vi med ein auke i kostnadane for Vindafjord kommune på 1,5 mill kroner i 2019.

Budsjettendringar i planperioden

Rammeområde forvaltning, drift og utvikling	2018	2019	2020	2021	2022
Sum inntekter	-46 373	-47 710	-47 710	-47 710	-47 710
Opprinnelege utgifter	91 184	95 277	97 827	99 777	96 527
Tiltak frå 2018:					
Vidare driftsgjennomgang og effektivisering	-600				
Auka satsing på vedlikehald	300	500			
Brann - opplæring/kompetansekrav	400	-400			
<i>Sum andre tiltak med verknad frå 2018</i>					
Tiltak i planperioden:					
Ytterlegare auke til vedlikehald		500			
Prosjekt Egedomsskatt – retaksering		800	2 200	-3 000	
Gebyrinntekter – Areal og forvaltning		-500			
Brann og redning – tilskot til HBR IKS		1 500			
Frivillige tiltak i landbruket		150			
Strategisk samfunnsplanlegging		0			
Nye løysingar pga nedtrapping av inndelingstilskot			-250	-250	-250
Sum utgifter	91 284	97 827	99 777	96 527	96 277
Netto driftsramme	44 911	50 117	52 067	48 817	48 567

Tabellen viser netto driftsramme for rammeområdet. Nye tiltak er synleggjort og kommentert under det aktuelle tenesteområde.

Prioriterte fellestiltak innan rammeområdet		2019	2020	2021	2022
6.4.1.1	Gjennomføra tettstadsprosjektet Ølen sentrum	x			
6.4.1.2	Bustadsanalyse i heile kommunen, inkludert sentrumsanalyse for Skjold	x			
6.4.1.3	Sertifisera kommunen som Trafikksikker kommune	x			
6.4.1.4	Gjennomføra arbeidet med attraktivitetsprosjektet	x			
6.4.1.5	Utarbeida strategi for folkehelsearbeidet	x			
6.4.1.6	Nye løysingar grunna nedtrapping av inndelingstilskot		x	x	x
6.4.1.7	Årleg miljøfyrårn-sertifisering av kommunale bygg	x	x	x	x

Kommentar til strategiar og tiltak

- 6.4.1.1 Ølen blei plukka ut som ein av stadene i pilotprosjektet for utvikling av attraktive tettstader i Rogaland. Prosjektet er godt i gang og vil i første omgang vara fram til sommaren 2019. I februar vil det bli avgjort om prosjektperioden utvidast.
- 6.4.1.2 Gjennom kommuneplanprosessen kom det fram behov for ein bustadanalyse for heile kommunen. Til liks med ein sentrumsanalyse for Skjold. Analysen skal leverast i februar- mars 2019.
- 6.4.1.3 DUK fatta vedtak i sak 039/17 om at kommunen skal arbeida for å bli ein Trafikksikker kommune. Måletjing gjennom trafikksikringsplan som blir vedtatt i 2019. Herunder også halda trykk på lyssetting av E134 og samanhengande gang- og sykkelstiar gjennom kommunen.
- 6.4.1.4 I 2018 starta eit 3 årig prosjekt for å auka attraktiviteten i heile kommunen med særleg fokus på dei minste bygdene.
- 6.4.1.5 Oppfølging av strategiområde folkehelse i kap 4.
- 6.4.1.6 Det er behov for nye løysingar for å tilpassa den kommunale drifta til eit framtidig lågare inntektsnivå. Inndelingstilskotet blir trappa ned frå og med 2021, med om lag 2 mill kroner årleg i ein femårsperiode. Nytt inntektssystem frå og med 2017 gir også lågare inntekter, særleg no når overgangsperioden med inntektsgaranti har gått ut.
- 6.4.1.7 Det er eit mål at alle kommunale bygg på sikt vert miljøfyrtårn-sertifiserte. Dette er eit leiaransvar, administrert av FDU.

Fellesområdet: Brann og redning

Etter at Haugaland brann og redning IKS overtok ansvaret for brann og redning frå 1. juli 2018, vil Vindafjord kommune sine utgifter til dette bli ytt gjennom tilskot til IKS-et. Av praktiske omsyn har eigarkommunane hatt lønns- og materialkostnadane ut 2018, slik at 2019 er første år der HBRIKS har budsjett for heile si verksemd.

Haugesund kommune, ein av dei 9 opprinnelige kommunane, valde å seia opp avtalen, og tilførte ikkje HBRIKS mannskap og utstyr ved oppstart. Rådmannen forutset at Haugesund i oppseiingsperioden på 2 år tar sin del av dei økonomiske pliktene i selskapet.

Styret i Haugaland Brann og Redning gjorde i møte 22. oktober si tilråding om budsjettvedtak. Det endelige budsjettet vert vedteke av representantskapen 23. november. Styret sitt forslag til budsjett inneber ein vesentleg kostnadsauke for eigarkommunane, samanlikna med 2018. For Vindafjord sin del er det foreslalte driftsbudsjettet på 9,6 millionar, ein auke på ca 2 millionar samanlikna med kommunen sitt budsjett for 2018. I etableringsfasen av eit nytt IKS vil det koma ekstra kostnader som må dekkast inn, mellom anna leiande stillingar, styre mv. Det er likevel stor differanse mellom dagens driftsnivå, og det HBRIKS ber om frå eigarkommunane. I budsjettforslaget for 2019 blir det lagt inn ei lågare ramme enn HBRIKS sitt styrevedtak legg opp til. Det er vidare ei forventning om at det framover vil kunna realiserast ein del gevinstar knytt til stordrift, slik at dei auka kostnadane blir dekka over tid.

Det blir lagt til grunn at denne auken i 2019 på dette tidspunktet er eit førebels anslag, og det er viktig med felles forståing mellom selskapet og kommunane om bakgrunnen for dagens budsjett. I ei krevjande oppstartstid har det vore lite tid til å få avklart alle høve knytt til økonomi. Det er dfior naudsynt med ein vidare dialog mellom selskapet og eigarkommunane for å få til eit betre bilet av dei økonomiske føresetnadane. Slik dialog kan medføra ei endring av budsjettet, både i positiv og negativ retning,

	Rekneskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Sum utgifter	11 896 075	11 174 622	8 965 310
Sum inntekter	-4 296 299	-3 524 312	
Netto utgifter	7 599 776	7 650 310	8 965 310

6.4.2 Areal og forvaltning

Tenesta omfattar:

Resultateininga dekkar tenesteområda: landbruk, skog, fiske- og viltforvaltning, plan- og byggjesak, adressering, kart, oppmåling og deling, eigedomsskatt, avlaup og miljø (landbruk og hushaldning).

Mål for økonomiplanperioden 2019-2022:

- Arbeida for at fleire skal busetja seg i Vindafjord og betre kartleggja bustadbehovet for å sikra eit variert butilbod, både ved fortetting og gjennom tilbod om spreidd busetnad og husklynger. Tilbod om fleire buformer.
- Ha ei strategisk satsing på næringsareal både til sjø og veg og leggja desse til rette i ei prioritert rekkefølgje med Nerheim næringsområde som første priorititet.
- Vera god på verdiskaping og næringsutvikling og å oppretthalda og vidareutvikla landbruket. Jordbruksareal som står i fare for å forsvinna vil krevja tett oppfølgjing.
- Vera trygg på fagleg styrke og god i møte med kunder. Sjå etter løysingar gjennom gode prosessar.
- Arbeida for gode tekniske løysingar, standardiserte rutinar og retningsliner og styrkja samarbeidet på tvers av fagområda og sektorar i eigen organisasjon.
- Følgja opp utfordringar rundt klima og miljø med særleg vekt på vassdirektivet, klimaskog og kartlegging av naturressursar.
- Byggja opp og oppretthalda god kompetanse innan kvart fagområde samt ha ei målretta tilnærming til kompetanseutvikling.
- Ha fokus på forureining i fjordbassenga, avdekka og reparera utslepp som har vore, samt hindra nye. (Prinsipp: Forureinar betaler)

	Rekneskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Sum utgifter	15 707 262	15 338 587	16 597 467
Sum inntekter	-6 585 944	-7 004 334	-7 592 273
Netto utgifter	9 121 318	8 334 253	9 490 194

Nøkkeltal/ Prognose for planperioden	2018	2019	2020	2021	2022
Planar under arbeid	14	18	14	12	12
Byggjesøknad med ansvar	110	130	140	130	130
Delingssøknader	60	70	60	50	50

Kommentar til prognose: Ein prognose for nøkkeltal er heilt avhengig av aktivitet og generell utvikling i samfunnet og alle tal er svært usikre. Kommuneplanen har mål om 1% auke i befolkninga per år. For å oppnå dette må det bli ein auke i tal saker. Aktiviteten er og venta å flata ut under arbeid med ny kommuneplan opp mot 2022.

Vindafjord kommune har eit politisk mål om å ha ni levande bygder. Det betyr at ein må ta omsyn til bygdestrukturen ved tilrettelegging for buseting og etablering av handel og næring. Utarbeiding av ein grundig bustadanalyse blir viktig. Bustadanalsen er under utarbeiding og vil vera klar tidleg 2019. Heile kommuneplanen skal gjennom ny revisjon.

Eininga har både kommunale og private planar til handsaming, men hovudvekt er private

(totalt 10 aktive private reguleringsplanar er under arbeid). Dei kommunale og regionale planoppgåvane i 2018 er vist i oversiktene under:

Status for kommunale og offentlege planar som har vore under arbeid i 2018	Ansvar	Status
Kystsoneplanen for Sunnhordland og Ytre Hardanger	FKH	I departementet
Næringsområde Nerheim	VK	Forprosjekt teknisk plan under arbeid
Endring av bustadområde Søndenå	VK	Grendeutvalet har utarbeidd nytt planforslag. Forslaget skal vurderast.
Ølensvåg	VK/Ølensvåg utvikling	Høyring gjennomført

Vindafjord kommune har eit sterkt næringsliv, og vidareutvikling og arbeid med å oppretthalda og styrkja næringslivet er svært viktig. Eininga jobbar med å utarbeida ein reguleringsplan for Nerheim næringsområde. Denne planen er viktig for å få på plass gode og strategiske næringsareal i tilknyting til kommunenesenteret. Offentleg ettersyn hausten 2017 resulterte i fleire motsegner. Våren 2018 har ein arbeidd med løysing av motsegner og arbeidet har vore særskilt konsentrert rundt undersøking av berggrunnskvaliteten på grunn av overskotsmassar. Rapport om berggrunnskvalitet vart ferdigstilt juni 2018, og no er forprosjekt til teknisk plan starta slik at reguleringsplanen blir gjennomførleg med omsyn til handtering av overskotmassane.

Det er eit høgt arbeidspress på byggjesak. I løpet av 2018 har det vore stor pågang på tiltak i sjøsona (både reguleringssaker og byggesaker). Det er ikkje ressursar til å syta for lovpålagt tilsyn.

Primærnæringane er nest største næringsgruppe i Vindafjord kommune. Dei endra føresetnadane i form av strukturendringar og rasjonalisering har ført til nedgong i sysselsetjinga innan næringa i kommunen, men ikkje til nedgong i produksjonen. Strukturendringane vil gi kommunen store utfordringar for å oppretthalda produksjonen og å hindra nedbygging av jordbruksjord.

Vindafjord kommune har heile 15% av det produktive skogarealet i Rogaland fylke. Ny NMSK-strategi (nærings- og miljøtiltak i skogbruket) for perioden 2018-2021 var godkjent hausten 2017.

Eininga har over fleire år arbeidd for å finna rett nivå på gebyrinntekter for å oppnå sjølvkost på byggjesak, oppmåling og delar av plansak. Kommunen sitt takstheftet oppdaterast årleg, og ein samanliknar takstane med andre kommunar. Det er og gjort ei justering av takstane på desse områda for 2019. Delar av takstane har auka med 10%.

Eininga har eit godt arbeidsmiljø med stor arbeidskapasitet. Det er likevel slik at det er behov for å arbeida meir med prosessforbetringar og rutinar. I tillegg kom det fram i medarbeidarundersøkinga at område det er viktigast å arbeida vidare med er kompetanse og relevant kompetanseutvikling.

Prioriterte strategiar og tiltak i planperioden		2019	2020	2021	2022
6.4.2.1	Starta/vidareføra og/eller sluttføra pågåande kommunale planoppgåver i samsvar med oversikta under som og viser fordeling av planar i heile perioden.	X	X	X	X

6.4.2.2	Revisjon av kommuneplanen	x	x	x	x
6.4.2.3	Utarbeida bustadanalyse med sentrumsanalyse Skjold	x			
6.4.2.4	Oppfølging av vassdirektivet gjennom prosjekt Vatsvassdraget, arbeid i heile kommunen for reduksjon av forureining frå husdyrgjødsel og effektuering av handlingsdelen til hovudplan vatn og avlaup	x	x	x	x
6.4.2.5	Oppfølgjing av manglande 10-årige jordleigeavtalar og fokus på driveplikta, jf. jordlova og politisk vedtak i DUK av 20.06.2011	x	x	x	x
6.4.2.6	Oppretta samarbeidsgrupper på tvers av fag for å få fram standardiserte rutinar og føresegner	x			
6.4.2.7	Forbetring av byggjesaksprosess	x			
6.4.2.8	Tilsyn og handsaming av private avløpsanlegg	x	x	x	
6.4.2.9	Kartlegging og verdsetjing av friluftlivområde	x			
6.4.2.10	Omtaksering av eigedomsskatt	x	x		
6.4.2.11	Interkommunal stilling – prosjekt frivillige tiltak i vassområde	x	x	x	
6.4.2.12	Utarbeida ny Risiko- og Sårbarheitsanalyse	x			
6.4.2.13	Prisauke gebyrinntekter	x			
6.4.2.14	For alle nye parkeringsplassar skal det vurderast tilrettelegging for ladepunkt for elbil.	x	x	x	x

6.2.4.1 Kommunale og offentlege planoppgåver i 2018 og utover i økonomiplanperioden:
(Blåfarge viser årstal for forventa planvedtak. Usikkerheita aukar utover i perioden.)

	2019	2020	2021	2022
Kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger				
Ølensvåg				
Revisjon av kommuneplan				
Utarbeiding av bustadanalyse med sentrumsanalyse Skjold				
Campingplassar, Vikedal (2) og Ølmedal + kommunale retningsliner for campingplassar				
Næringsområde Nerheim				
Endring av bustadområde Søndenå				
Ny veg mellom byggefelt i Isvik				
Endring av plan for tilkomst Ølen Idrettsanlegg				
Mogleg oppstart interkommunal havbruksplan				
G/s-veg Knapphus – Kårhushus				

Kommentar til strategiar og tiltak

- 6.4.2.2 Kommuneplanen skal reviderast. Ansvaret for revisjon av kommuneplanen vil liggja til kommunalsjef for Samfunnsutvikling Eining Areal. Arbeidet med revisjon av kommuneplanen skal ta omsyn til klima- og miljøutfordringane.
- 6.4.2.3 Bustadanalyse for heile kommunen med utvida sentrumsanalyse for Skjold er under utarbeiding. Analysen skal vera eit grunnlag for ein bustadstrategi. Arbeidet blir utført av konsulent og analysen vil liggja føre første kvartal 2019.
- 6.4.2.4 Vassdirektivet til EU har som mål at alle vassførekomstar skal ha «god økologisk og kjemisk tilstand». Det blir viktig for Vindafjord kommune å ha tett oppfølging på dei prioriteringane som er sette opp i samband med vedtekne regionalplanar.
- 6.4.2.5 Stortinget har vedteke varig driveplikt for alle som eig jordbruksareal. Dei som ikkje ynskjer å driva jorda sjølv, kan oppfylla driveplikta gjennom bortleige som tilleggsjord til andre bønder. Vilkåret for bortleige er å inngå 10-årige, skriftlege leigeavtalar, som fører til driftsmessig gode løysingar. Eininga ynskjer å ha ei oppfølging av manglande 10-årige jordleigeavtalar og fokus på driveplikt.
- 6.4.2.8 Vindafjord kommune har oppretta ei ny stilling som skal føra tilsyn med private avløpsanlegg, og handsama søknader om utsleppsløyve av sanitært avløpsvatn frå hus og hytter. Dette er ei prosjektstilling som starta opp 1. mai 2018 og som i første omgang skal vara ut 2020. Stillinga skal finansierast etter «sjølvkostprinsippet». Det vil seia at kommunen kan ta gebyr for tenesta, men gebyret skal ikkje vera høgare enn utgiftene kommunen har med å føra tilsyn. Det er HIM som har avtale med kommunen om tømming av slam. HIM sender avviksmeldingar om feil og manglar med slamavskiljarar som dei oppdagar når dei kører tømerundar. I første omgang vil avviksmeldingane frå HIM bli prioriterte som tilsynsobjekt.
- 6.4.2.9 Miljødirektoratet har initiert eit nasjonalt prosjekt kor målet er å kartleggja og verdsetja friluftslivområde i alle kommunane i landet. Vindafjord kommune ynskjer å bidra i dette prosjektet. Kartlegginga og verdsetjinga inneber ikkje noko form for vern eller restriksjonar når det gjeld bruken av områda som blir identifisert, men betraktast som eit kunnskapsgrunnlag.
- 6.4.2.10 Kommunen må gjennomføra ei omtaksering for eigedomsskatteformål innan 2020. Prosjektet vil ha ein kostnad på ca. 3 millionar kroner. Finansiering av prosjektet gjennom forventa auke i inntekter ved gjennomført omtaksering.
- 6.4.2.11 Oppretta Interkommunal prosjektstilling – frivillige tiltak i vassområde i samsvar med FS vedtak i sak 70/18. Vindafjord kommune skal vere arbeidsgivar for stillinga. Kommunen sin del av finansiering av stillinga blir dekka innanfor ramma av tiltaket strategisk samfunnsplanlegging i 2019.
- 6.4.2.12 Utarbeida ny overordna ROS-analyse for Vindafjord kommune, for å svara opp avvik etter tilsyn frå Fylkesmannen. Vidare skal ny ROS-analyse nyttast som grunnlagsdokument for arbeidet med ny kommuneplan.
- 6.4.2.13 Gebyrinntektene innanfor Areal og forvaltning (byggesak, oppmåling og reguleringsplanar) skal som utgangspunkt følgja sjølvkostprinsippet. For å nå dette ser ein det som naudsynt å auka gebyra på området med 10 %.

6.4.3 Kommunaltekniske tenester

Tenesta omfattar:

Kommunale bygg og eigedomar, anlegg, vregar, idrett- og grøntområde, sal og utleige av næringsareal, samt dei gebyrbelagde tenestene vatn og avløp.

Mål for økonomiplanperioden 2019-2022:

- Kompetanseheving i eininga.
- Forbetra system for forvaltning, drift og vedlikehald av kommunale bygg og anlegg.
- Styrkja sårbare punkt og redusera lekkasjar i vassleidningsnettet.
- Arbeida med sanering av kloakk for å redusere tal på utslepp.
- Arbeida for ein meir trafikksikker kommune, særleg innanfor ein avstand på 4 km frå skule.

	Rekneskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Sum utgifter	61 458 774	48 897 212	52 847 876
Sum inntekter	-46 839 966	-35 117 434	-36 364 576
Netto utgifter	14 618 808	13 779 778	16 483 300

*Tilskot til Vindafjordhallen er flytta frå rammeområdet Oppvekst og kultur til rammeområdet Forvaltning, drift og utvikling

Nøkkeltal/ Prognose for planperioden	2018	2019	2020	2021	2022
Areal kommunal byggmasse eks. VA [m ²]	67 232	66 602	67 802	67 802	67 802
Vassabonnentar [stk]	2 450	2 460	2 470	2 480	2 490
Lengd kommunale vregar [m]	105 000	107 000	107 000	109 000	109 000

Status og utfordringar:
<u>Vatn og avløp</u> I økonomiplanperioden har Statens vegvesen store utbyggingsplanar i Vindafjord kommune. Fleire av desse utbyggingane fell saman med område der ein anten manglar VA-anlegg, eller at eksisterande anlegg er modent for fornying. Eininga ser difor for seg å delta i fleire fellesprosjekt med SVV, og ev. andre kabeletatar, i perioden. Dette kan føra med seg at andre prosjekt må utsetjast. Vedtekne hovudplanar for vatn og avløp viser at det er naudsint med store investeringar i åra framover for å sikra god kapasitet og trygg levering av desse tenestene i framtida. Ein av hovudkonklusjonane i hovudplan for vatn, er at det må setjast større fokus på å redusera tal på og omfang av lekkasjar på vassleidningsnettet. Dette vil vera eit viktig satsingsområde for drifta framover.
<u>Bygg og eigedomsforvaltning</u> Vedlikehaldsplan for bygg vart vedtatt i 2014. Grunna manglande midlar har ein i liten grad kunna følgje opp tiltaka som vart skildra i planen. Det er stort etterslep i vedlikehald av kommunal byggmasse, og vedlikehaldsbudsjettet ligg lågt samanlikna med både normtal for vedlikehald og samanliknbare kommunar. Auka areal, stadig aukande driftskrav, og det at budsjettet ikkje vert kompensert for prisvekst gjer at handlingsrommet stadig vert meir avgrensa. Vedlikehaldsetterslepet har økonomiske konsekvensar. Bygga får kortare levetid, eller det krev meir ressursar ved istandsetjing/rehabilitering. Mangel på vedlikehald får også verknad på arbeidsmiljø i form av dårlegare inneklima og trivsel. Nedslitne og lite føremålstenelege lokale kan også gi dårlegare tenestetilbod til brukarane. Kommunen arbeider difor for ei

langsiktig styrking av drifts- og vedlikehaldsbudsjettet. I 2019 er det lagt inn auka budsjett til drift og vedlikehald med til saman 1 mill kroner.

For å betra system for forvaltning, drift og vedlikehald av kommunale bygg og anlegg har ein starta arbeidet med å ta i bruk eit digitalt FDV-system. Systemet er tatt i bruk på alle kommunale bygg, men arbeidet med registrering av dokumentasjon vert først konsentrert rundt bygg med døgndrift og andre bygg knytt til helse. På sikt ser ein for seg at dette vil gi grunnlag for eit meir strategisk vedlikehald, betre og meir tilgjengeleg dokumentasjon og ein meir oversiktleg arbeidskvardag for fagarbeidarane.

Kommunen er i gong med fleire store utbyggingsprosjekt som på sikt vil gi store endringar i areal og driftsoppgåver for eininga. Nye bygg krev mindre vedlikehald, men er driftsmessig meir krevjande enn eldre bygg. Eldre bygg, som lenge har stått på liste for avvikling, har hatt minimalt med vedlikehald i lengre tid, så det meste av innsparingspotensialet ved avvikling er allereie tatt ut. Det er viktig å sikra god forvaltning av nybygga ved å følgja opp vedtak om bygging med vedtak om tilstrekkeleg ressursar til drift og vedlikehald.

Ved kommunale nybygg og rehabiliteringar, er vurdering av energi- og miljøtiltak ein del av saksutgreiinga, t.d. bruk av solcellepanel.

Veg

Det er utfordrande å ha eit godt nok førebyggjande vedlikehald på dei kommunale vegane. Lengda communal veg som skal haldest ved like aukar årleg t.d. grunna overtaking av bustadfelt. Auken i veglengd er ikkje fylgt opp med tilsvarande auke i vedlikehaldsmidlar og midlar til veglys og vintervedlikehald. Dei midlane ein sparer på å ha eit utilstrekkeleg vedlikehald, går fort tapt i reparasjonskostnadene etter flaumskader.

Eininga ser behov for å få utarbeida ein tilstandsrapport og vedlikehaldsplan for det kommunale vegnettet, bruar og kaiar for å betre kunna utføra strategisk vedlikehald..

Endringar av areal – kommunale bygg

Følgjande oversikt viser i grove trekk endringane i bygningsmassen (m²).

Kjøp og sal av kommunale bustadar er ikkje tatt med.

Endring i areal m²	2018	2019	2020	2021	2022
Avvikla gamle kommunehuset Ølen		-630			
Vaskehall v/Gnisten		70			
Avvikling av gamle teknisk bygg inklusiv tilstøytande industribygg	-950				
Kultur- og læringssenter, Ølen	2063				
Brann/ambulanse/lege, Ølen	2205				
Barnehageutbygging - Skjold	663				
Fjellstøl, riving av eksisterande bygg	-100				
Fjellstøl, nytt bygg	348				
10 nye omsorgsbustadar i Ølen				1200	
Sum endra areal eigne bygg	4 229	-630	0	1200	0
Endring i anna driftsareal					
Avvikla leige Helsehuset	-265				

Sum avvikla leige / bruk av areal	-265	0	0	0	
--	------	---	---	---	--

Prioriterte strategiar og tiltak i planperioden	2019	2020	2021	2022
6.4.3.1 Få ned lekkasjeprosent på vassleidningsnettet	x	x	x	x
6.4.3.2 Alle helsebygg i FDV-program	x			
6.4.3.3 Resterande kommunale bygg i FDV-program		x		
6.4.3.4 Oppnå status som Trafikksikker kommune	x			
6.4.3.5 Revidera hovudplan for vassforsyning		x		
6.4.3.6 Revidera hovudplan for avløp			x	

Kommentar til strategiar og tiltak
6.4.3.1 Lekkasjeprosenten på vassleidningsnettet er altfor høg og det må arbeidast kontinuerleg med å få redusert denne.
6.4.3.2 og 6.4.3.3 Årshjulsaktivitetar og andre arbeidsoppgåver og avvik tilhøyrande alle kommunale bygg vil gjennom perioden bli lagt inn i FDV programmet (Forvaltning Drift og Vedlikehald). Dette vil gjera det enklare å følgja opp rutinemessige oppgåver, avvik fra tilsynsmynde og vedlikehald knytt til bygga.
6.4.3.4 Etter revisjon av trafikksikringsplan startar arbeidet med å oppnå status som Trafikksikker kommune.
6.4.3.5- Hovudplan for vassforsyning» sist revidert i 2016 er det sentrale dokumentet i arbeidet med å sikra tilgang på nok vatn av god kvalitet. For å sikra dette og i samsvar med planstrategien må planen reviderast. Det er utsett frå 2019 til 2020.
6.4.3.6 Gjeldande hovudplan for avløp blei vedtatt i 2016 og gjeld frå 2016- 2019. Oppstart av revisjon i etterkant av at hovudplan for vassforsyning blir revidert i 2020.

6.4.4 Reinhalde

Tenesta omfattar:

Reinhald av alle kommunale bygg, med unntak av kommunale omsorgsbustader.

Eininga sel reinhald til nokre eksterne byggeigarar, og tek utvask av kommunale bustader dersom bebuar / pårørande ynskjer å kjøpa hjå oss.

Vaskeriet vaskar privattøy til bebuarane på begge sjukeheimane i kommunen. Eininga vaskar kjøkkenfiller, gardiner og dukar mv, samt sørger for håndsåpe, tørkepapir og toalettpapir til alle bygg, unntatt Vindafjordtunet.

Mål for økonomiplanperioden 2019-2022:

- Oppretthalda og vidareutvikla eit godt arbeidsmiljø fagleg og sosialt
- Tilpassa endringar i drifta
- Til ei kvar tid førebyggja sjukefråvær

	Rekneskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Sum utgifter	14 439 362	14 283 487	14 699 719
Sum inntekter	-1 129 314	-727 000	-729 100
Netto utgifter	13 310 048	13 556 487	13 970 619

Nøkkeltal/ Prognose	2018	2019	2020	2021	2022
Brutto reinhaldsareal	50 131	53 000	53 000	53 000	53 000

Status og utfordringar:

Reinhaldsarealet vil auka etter kvart som nybygga blir tatt i bruk i tida framover. Det er likevel slik at mange av dei nye bygga samlar tenestene i færre bygg og omorganisering av personalet bør kunna effektivisera drifta noko.

Vaskeriet treng nokre nye maskinar, og det er skaffa oversikt over behov og naudsynte byggtekniske løysingar. Innkjøp og ombygging må gjennomførast våren 2019. Reknar med å løysa dette med eigne midlar.

Prioriterte strategiar og tiltak i planperioden		2019	2020	2021	2022
6.4.4.1	Omorganisering av personalet i Ølen	x			
6.4.4.2	Fullføra oppgradering av vaskeriet med naudsynte maskinar	x			
6.4.4.3	Ha fokus på og informere om val av materialval som har enkelt vedlikehald, og låge vedlikehaldskostnader i ettertid	x	x	x	

Kommentar til strategiar og tiltak

6.4.4.1 I samband med at nybygg blir tatt i bruk, vil reinhaldsarealet auka. I samband med dette vil ein reorganisere drifta, slik at auken blir dekka innanfor dagens rammer.

6.4.4.2 Fullføra arbeidet med å få på plass ein maskin for desinfisering av tøy på vaskeriet og ny tørketrommel.

6.4.4.3 Prøva å påverka val av materiale og inventar i bygg med tanke på vidare vedlikehald.

Vedlegg:

Budsjettskjema 1A - Driftsbudsjettet

Jf Forskrift om årsbudsjett §6, vedlegg 1	2018	2019	2020	2021	2022
Skatt på inntekt og formue	-254 041	-268 617	-268 617	-268 617	-268 617
Ordinært rammetilskot	-254 410	-253 301	-252 601	-249 901	-247 201
inkl inndelingstilskot	-10 119	-10 403	-10 403	-8 403	-6 403
inkl skjanstilskot	-7 500	-6 700	-6 000	-5 300	-4 600
Skatt på eidegod - næring, verk og bruk	-9 100	-9 100	-10 100	-10 100	-10 100
Skatt på eidegod - hus og hytter	-14 000	-18 000	-20 000	-20 000	-20 000
Andre direkte eller indir skattar					
Andre generelle statstilskot	-20 940	-20 156	-28 156	-20 156	-28 156
Rentekomp eldremilliard og skulebygg	-4 400	-3 500	-3 500	-3 500	-3 500
Integreringstilskot flyktningar	-16 540	-16 656	-16 656	-16 656	-16 656
Havbruksfond			-8 000		-8 000
Sum frie disponible inntekter	-552 491	-569 174	-579 474	-568 774	-574 074
Renteinntekter og utbytte					
Renteinntekter drift	-4 779	-5 550	-5 550	-5 550	-5 550
Renteinntekter husbank	-300	-300	-300	-300	-300
Utbytte Haugaland Kraft	-6 500	-6 700	-6 700	-6 700	-6 700
Renter Haugaland Kraft	-940	-900	-900	-900	-900
Renteutgifter					
Gamle lån	5 277	3 434	5 321	7 849	7 640
Nye lån	1 088	1 344	1 609	1 284	583
Avdrag					
Avdrag på gamle lån	23 076	25 054	27 188	29 333	30 809
Avdrag på nye lån	1 978	2 134	2 145	1 476	670
Mottatte avdrag	-710				
Netto finans	18 189	18 517	22 813	26 493	26 252
Avsetning til driftsfond			8 000		8 000
Bruk av driftsfond, m.a. havbruksmidlar	-830	-1 237	-2 000	-2 000	-1 000
Netto avsetning	-830	-1 237	6 000	-2 000	7 000
Overføring til investering, KLP eigenkapitaltilskot	1 950	2 000	2 050	2 050	2 100
Overføring til investering, investering i anleggsmidlar	6 688	1 971	3 551	5 101	6 142
Overført til investeringsbudsjettet	8 638	3 971	5 601	7 151	8 242
TIL FORDELING DRIFT	-526 494	-547 923	-545 060	-537 130	-532 580
Rammer for einingane	526 494	547 923	545 060	537 130	532 580
Meirforbruk/mindreforbruk	0	0	0	0	0

Netto driftsresultat 1,01 % 0,19 % 1,41 % 0,53 % 1,92 %

Budsjettkjema 1B - Driftsbudsjettet

Jf Forskrift om årsbudsjett §6, vedlegg 1	2018	2019	2020	2021	2022
Rammeområde administrasjon og felles drift	2018	2019	2020	2021	2022
Sum inntekter	-3 619	-3 901	-3 901	-3 901	-3 901
Opprinnelege utgifter	58 066	59 129	58 582	57 389	57 489
Tiltak fra 2018:					
Val (Kommune og Fylkesting 2019, Storting 2021)	-480	650	-650	450	-450
Samarbeid med Etne om skatteoppkrevjafunksjon	-200	-60			
Rekruttering Rådmann	250	-250			
Interkommunalt IKT-prosjekt - Haugalandet	100	-100			
Delta i KS sin digitaliseringssstrategi	180	-180			
Attraktivitet og busetnad - marknadsføring	400	-200	-100	-100	
Sum andre tiltak med verknad fra 2018	-800				
Tiltak i planperioden:					
DigiRogaland - interkommunalt it-prosjekt		193	-193		
Reduksjon stilling Servicetorg		-300			
Leiar på staden (red reisekostn pga tekn hj midler - heile kom)		-200			
Velferdstiltak - heile kommunen		-100			
Nye løysingar pga nedtrapping av inndelingstilskot			-250	-250	-250
Sum utgifter	57 516	58 582	57 389	57 489	56 789
Netto driftsramme	53 897	54 681	53 488	53 588	52 888
Rammeområde oppvekst og kultur	2018	2019	2020	2021	2022
Sum inntekter	-30 451	-32 137	-32 137	-32 137	-32 137
Opprinnelege utgifter	245 511	251 538	251 238	248 718	246 968
Tiltak fra 2018:					
Haugalandsløftet - prosjektpериode ut 2017	-60				
Reduksjon stillingar i skule 2017-18 og 2018-19	-1 450	-400			
Barnehage ny avdeling (Skjold)	700	900			
Innsparing fellesområdet	-500				
SLT-koordinator - vurdere endring av ordninga			-520		
Vidareføring av frivilligsentralen	100				
Avslutning av bygdebokarbeidet		-500	-500		
Trykking og sal av bygdebøker - 3 band		500	-200	100	-400
Tiltak i planperioden:					
Reduksjon stillingar i rammeområdet 2019-20		-600	-250		
Prisjustering SFO - mot sjølvkost-finansiering fra aug		-200	-200		
Nye løysingar pga nedtrapping av inndelingstilskot			-850	-1 850	-2 100
Sum utgifter	244 301	251 238	248 718	246 968	244 468
Netto driftsramme	213 850	219 101	216 581	214 831	212 331

Rammeområde Helse og omsorg	2018	2019	2020	2021	2022
Sum inntekter	-62 853	-63 252	-63 252	-63 252	-63 252
Opprinnelege utgifter	276 489	283 896	287 276	286 176	283 146
Tiltak frå 2018:					
<i>Psykiatri - samordn Hauatun/Seljebakken - heilårsverkn</i>	-200				
<i>Prosjektstilling - omstilling i pleie- og omsorg</i>	400		-400		
Tiltak i planperioden:					
Styrking rammeområde		2 800	-1 000	-1 000	
Barnevern - saksbehandlar		680		-680	
Vaktmeisterteam		400	450		
Prisauke matombringning		-500			
Psykologstilling (samarbeid med Etne)			700		
Nye løysingar pga nedtrapping av inndelingstilskot			-850	-1 350	-1 100
Sum utgifter	276 689	287 276	286 176	283 146	282 046
Netto driftsramme	213 836	224 024	222 924	219 894	218 794
Rammeområde forvaltning, drift og utvikling	2018	2019	2020	2021	2022
Sum inntekter	-46 373	-47 710	-47 710	-47 710	-47 710
Opprinnelege utgifter	91 184	95 277	97 827	99 777	96 527
Tiltak frå 2018:					
Vidare driftsgjennomgang og effektivisering	-600				
Auka satsing på vedlikehald	300	500			
Brann - opplæring/kompetansekrav	400	-400			
Sum andre tiltak med verknad frå 2018					
Tiltak i planperioden:					
Ytterlegare auke til vedlikehald		500			
Prosjekt Eigedomsskatt – ny-taksering		800	2 200	-3 000	
Gebyrinntekter - Areal og forvaltning		-500			
Brann og redning - tilskot til HBR IKS		1 500			
Frivillige tiltak i landbruket		150			
Nye løysingar pga nedtrapping av inndelingstilskot			-250	-250	-250
Sum utgifter	91 284	97 827	99 777	96 527	96 277
Netto driftsramme	44 911	50 117	52 067	48 817	48 567
Sum drifts inntekter	-143 296	-147 000	-147 000	-147 000	-147 000
Sum drifts utgifter	669 790	694 923	692 060	684 130	679 580
Til fordeling drift (frå budsjettksjema 1A)	526 494	547 923	545 060	537 130	532 580

Budsjettkjema 2B - Investeringsbudsjettet

Jf Forskrift om årsbudsjett §6, vedlegg 2	Rest 31.12.17	2018	2019	2020	2021	2022	Sum
ADMINISTRASJON OG FELLESDRIFT							
Fornying av IT-utstyr	235	500	1 360	1360	1 120	960	0
Prosjektleiing/kostkontroll			480	960	960	960	4 800
Velferdsteknologi-løysingar		500					3 360
Sum adm og fellesdrift	235	1 000	1 840	2 320	2 080	1 920	8 160
OPPVEKST OG KULTUR							
Barnehage-utbygging	7 581	6 200	13 700	2 850	900	800	0
Skulebygg		1 000					18 250
Kultur- og læringssenter	39 524		2 460				2 460
Fjellstøl - Servicebygg	5 615						0
Uteanlegg skule-barnehage		500	480	480	480	480	1 920
Kultur- og aktivitetspark		10 000					0
It-plan skule			1 400	1 100	500	500	3 500
Sum Oppvekst	52 720	17 700	18 040	4 430	1 880	1 780	26 130
HELSE- OG OMSORG							
Bustader til til helse- og omsorgsføremål		2 000	7 800	33 800	3 800		45 400
Aktivitetshuset Gnisten - utviding med vaskehall		1 000					0
Vindafjordtunet	4 945	1 500	980	2 950			3 930
Kommunale bustader	153	2 700	480	480	480	460	1 900
Personheis Ølen omsorgssenter	303						0
Universell utforming	189						0
Sum Helse- og omsorg	5 590	7 200	9 260	37 230	4 280	460	51 230
FORVALTNING, DRIFT OG UTVIKLING							
Bygg og anlegg							
HMS-tiltak	276	400	380	380	380	380	1 520
Brann/ambulanse/legevakt	25 123	4 000					0
Kommunale bygg og anlegg		3 200	2 930	3 900	1 900	1 900	10 630
Gymbygg/basseng Ølen - nytt ventilasjonsanl				3 950			3 950
Leikeplassar i bustadfelt - KS 051/16 (riving)	275						0
Kommunale leikeplassar i bustadfelt	1 000			950	950	950	2 850
Infrastruktur							
Strategisk eigedomskjøp		4 500	23 250	1 950	1 950	1 900	29 050
Sandeid uteområde		1 000					0
Kommunale vegar/infrastruktur	5 121	14 150	4 390	8 360	8 850	1 950	23 550
Trafikksikring - kommunal del	1 188	500	480	480	480	480	1 920
Breiband-prosjekt	1 930	2 000	1 950	2 450	2 450		6 850
Nerheim - næringstromter (opparbeiding)		10 000	1 900	7 900			9 800
Vindafjordmuseet - parkering	261						0
Sjoargata		47					0
El-bil ladingsplass			480				480
Sum Forvaltning, drift og utvikling	36 221	38 750	35 760	30 320	16 960	7 560	90 600

Jf Forskrift om årsbudsjett §6, vedlegg 2	2018	2019	2020	2021	2022	Sum
KYRKJA						
Rehabilitering kyrkjer/kirkjegardar etter plan	536	700	700	700	500	2 400
Ølen kirkjegard parkering/veg	7 500					0
Sum Kyrkja	8 036	700	700	700	500	2 400
VA-OMRÅDET						
Kloakk	12 977	15 000	14 323	12 200	14 850	9 340
Vavn	-313	16 500	7 286	15 400	12 850	5 340
Sum VA-området	12 664	31 500	21 609	27 600	27 700	14 680
Til investeringar i anleggsmidlar	115 466	96 850	87 209	102 600	53 400	26 900
(frå budsjettkjema 2A)						

Budsjettkjema 2A - Investeringsbudsjettet

Jf Forskrift om årsbudsjett §6, vedlegg 2	2018	2019	2020	2021	2022	
Investeringar i anleggsmidlar	115 466	96 850	87 209	102 600	53 400	26 900
Utlån og forskotteringer	9 727	4 000		2 000	2 000	2 000
Avdrag på lån		740	740	740	740	740
Kjøp av aksjar og andelar (Klp - eigenkap innskot)	75	1 950	2 000	2 050	2 050	8 150
Avsetningar (sal av tomter)*				5 000	7 000	12 000
Finansieringsbehov	125 268	103 540	89 949	107 390	63 190	38 690
Finansiering:						
Bruk av lånemidlar	24 902	49 442	64 023	64 352	44 285	20 107
Inntekter frå sal av anleggsmidlar**	576	3 000	2 000	2 000	6 000	8 000
Tilskot til investeringar***	16 877	17 150		16 800		16 800
Mottatte avdrag på utlån og refusjonar		710	730	730	730	730
Andre inntekter (Mva-kompensasjon investering)	18 953	11 200	7 325	12 907	4 024	1 611
Sum ekstern finansiering	61 308	81 502	74 078	96 789	55 039	30 448
Overført frå driftsrekneskapen						
Overført frå driftsrekneskapen	836	8 638	3 971	5 601	7 151	8 242
Bruk av avsetningar (fondsmidlar)****	63 124	13 400	11 900	5 000	1 000	17 900
Sum finansiering	125 268	103 540	89 949	107 390	63 190	38 690
Udekka/udisponert	0	0	0	0	0	0

* Avsetning sal av næringstomter (5 mill) og tomt idrettshall ved Ølen idrettslag (7 mill)

** Sal av tomter/bygg/eigedom (6 mill), næringstomter Nerheim (5 mill) og tomt idrettshall ved Ølen IL (7 mill)

*** Tilskot til Kultur- og aktivitetspark 8,5 mill, Vossaplassvingen 8,65 mill og

husbanktilskot til bustader for helse- og omsorg-føremål 16,8 mill

**** Gjeld bruk av fond til breibandutbygging og bruk av Raunesfondet til Nerheimsfeltet

	2018	2019	2020	2021	2022
Lånegjeld per 1.1.	466 962	491 350	528 185	563 204	576 679
Avdrag på gamle lån	23 076	25 054	27 188	29 333	30 809
Avdrag på nye lån	1 978	2 134	2 145	1 476	670
Nye lån	49 442	64 023	64 352	44 285	20 107
Lånegjeld per 31.12.	491 350	528 185	563 204	576 679	565 307
Renter gamle lån	10 273	10 318	13 205	16 333	16 724
Ført som kap kostnad VAR	-4 996	-6 884	-7 884	-8 484	-9 084
Renter nye lån	1 088	1 344	1 609	1 284	583
Sum renter	6 365	4 779	6 929	9 133	8 223
Renter totalt	11 361	11 663	14 813	17 617	17 307

Alle kommunale lån er serielån.

Budsjettert rentesats: 2,2 % 2,1 % 2,5 % 2,9 % 2,9 %

Gjennomsnittleg nedbetalingstid på nye lån: 25 år.

30

*Når alle tenker likt
er det ingen som tenker*

-Walter Lippman-

VITAL OG SENTRAL

Vindafjord kommune

Telefon : 53 65 65 65

Rådhuset, Rådhusplassen 1

Faks : 53 65 65 66

5580 Ølen

E-post: postmottak@vindafjord.kommune.no